



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 29.11.2016
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 23.11.2016

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 256/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 257/16	Protokoll frå førre møte
PS 258/16	Delegerte saker
PS 259/16	Referatsaker
PS 260/16	Økonomisk avslutning av prosjektnr. 51925 - RA2 Klubben
PS 261/16	Økonomisk avslutning. Kjøp av brannbil, tankbil og laust utstyr til Herøy Brann og redning.
PS 262/16	Økonomisk avslutning av prosjekt: "51320 Leidningsanlegg Berge."
PS 263/16	Økonomisk avslutning av prosjekt 51150 - Mjølstadneset industriområde etappevis utbygging
PS 264/16	Heid tursti - sluttrekneskap
PS 265/16	Sak om fullkostpris i heildøgnsbemanna omsorgsbustadar
PS 266/16	Kommunal ordning for husmorvikar
PS 267/16	Detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde gnr. 62/2 m.fl - Offentleg ettersyn
PS 268/16	Tenestestruktur i Politiet - høyringsuttale.
PS 269/16	Beredskapsplan
PS 270/16	Etiske prinsipp for politikarar og tilsette i Herøy kommune - revidert 2016 Delegerte saker frå avdelingane
DS 54/16	Tømrer Prosjekt AS - Kjøp av gnr. 26 bnr. 237 i Herøy
DS 55/16	Søknad om serveringsløyve - KR Catering
DS 56/16	Tildeling av prikkar - Fosnavåg Rock
DS 57/16	Skifte av stedfortredar ved Thon hotel Fosnavåg
DS 58/16	Søknad om serveringsløyve - Marianne og Hallbjørn AS Referatsaker

RS 95/16

Hurtigrutealliansen

RS 96/16

Faste samband og statens rolle.
Lesarinnlegg.

Prenta skriv til orientering/drøfting:

PS 256/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 257/16 Protokoll frå førre møte

PS 258/16 Delegerte saker

PS 259/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2012/1180
		Arkiv:	M41

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
260/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKTNR. 51925 - RA2 KLUBBEN

Tilråding:

1. Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjektnr. 51925 med eit totalforbruk på kr 20 501 939.
2. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til kloakkrammeplanprosjekt

Særutskrift:
Økonomi, her

Vedlegg:

Vedlegg

1 Oversikts-teikning og fasadeteikning

Saksopplysningar:

Det har vore arbeida med prosjektet sidan 2011 og det har soleis våre ein del av tertialrapporteringa til kommunestyret. Detaljprosjektering, anbodskonkurransar og utbygging skjedde fyrst i 2012-2015. Prosjektet var ein del av førre kloakkrammeplan, samt politiske prioritering i F-sak 215/11.

Om det nye anlegget:

- Prosjektet omfattar leidningstrase på land, ny sjøleidning, bygg med installasjonar, parkeringsplass og omlegging av eksisterande veg.
- Anlegget som no er satt i drift reinsar avlaupet for sørsida av Bergsøya: Frå kyrkja til Bergshaugen/Berge til Myklebust. Tidlegare gjekk dette avlaupet ureinsa ut i Herøyfjorden. Dette er det største utsleppet vi har i kommunen.
- Anlegget stettar krav frå Arbeidstilsynet om å ha rein/urein garderobesluser for personell som arbeidar på avlaupsanlegg, pumpestasjonar og liknande. Dette gjer at driftsoperatør på avlaup no ikkje treng å nytte garderobe på verkstad/brannstasjon på Eggesbøneset som tidlegare, noko som betrar HMS for alle på uteseksjonen.
- Anlegget inneheld også garasje og verkstad, slik at alt av arbeid på avlaupsanlegg/pumpestasjonar kan føregå med utgangspunkt i RA2 og ein slepp samanblanding av avlaupsrelatert arbeid og anna driftsarbeid på avdelinga.
- Prøver viser at anlegget har tilfredsstillande reinsegrad. For å optimalisere drifta og unngå unødig overløp, bør ein få separert ut meir av overvatnet som går i avlaupssystemet på Bergsøya. Det er tiltak som ligg inne i handlingsdelen på ny avlaupsplan for utføring i 2018.
- Anlegget er dimensjonert med meir kapasitet enn dagens avlaupsmengd og vil då kunne ta imot auka mengder ved vidare utbygging. Det er også areal til å kunne møte eventuelle strengare reinsekrav i framtida.
- For å få løyve til å føre opp anlegget i det statleg sikra friområdet Klubben, har kommunen utført kompensierende tiltak. Det er opparbeidd parkeringsplass ved badeplassen og eit universelt utforma toalett som er allment tilgjengelig. Då vegen vart lagt om, vart også tilkomsten til badeområdet utbetra. Det er også stilt krav til estetikk og at bygget ikkje skal stikke seg ut i terrenget. Dette meiner vi er utført ved å nytte gode material, samt la bygget ligge inn i terrenget.

Proessen:

Sjølv om hovudtyngda av arbeidet vart gjort i 2012-2014, har det vore utført noko grunnarbeid i etterkant. Det gjeld særskilt tilstelling og oppfølging av dyrka mark hjå grunneigar der kommunen har både pumpestasjon og leidningsanlegg. Vidare har vi no også heva den gamle sjøleidninga og rydda i fjøra.

I prosjektet er det utført fleire konkurransar som var lyst ut på Doffin, dei utførande har vore:

Grunnarbeid: Frantzen Maskinstasjon as

Bygg: Kvardratbygg as

Silmaskiner med tilhøyrande installasjonar: Salsnes Filter as

Asfaltering og ymse tilstillingsarbeid er gjort på rammeavtale med Veidekke as og Aurvoll og Furesund as.

Det er også utført mindre konkurransar på konsulentarbeid, innreiing, kontormøblar og garderoarbemøblar.

Det har vore utfordringar knytta til framdrift og sluttoppgjer hjå grunnentreprenør, samt tilstelling av dyrka areal.

Prosjektkostandar

Det er ikkje praksis med politisk sak før oppstart av prosjekt utført etter kloakkrammeplanen då løyvingane alt er gjort i økonomiplanprosessen, det var heller ikkje gjort i dette prosjektet. Sidan 2011 har prosjektet sin status og kostnad vore rapportert politisk gjennom tertialrapporten.

Tidlegare estimat var 10 mill kr, men sidan førre kloakkrammeplan har prosjektet endra seg. Estimatet var basert på gamle tal og prosjekt som ikkje lenger er samanliknbare. Det har vore ei utvikling av denne type anlegg og krav til HMS (rein/urein garderobe) som har ført til større bygg, samt at vi her har fått inn areal som gjer at kommunen har ein base for arbeid på avlaupsanlegg.

Prosjektet sitt omfang har auka til å inkludere ny sjøleidning og sanering av den gamle, omlegging av veg, lenger leidningsanlegg på land og større areal på bygget for å romme naudsynte installasjonar.

Det er eit kostbart prosjekt, men skal dekkast gjennom sjølvkostprinsippet, dvs at prosjektkostnaden ikkje påverkar den øvrige drifta. Ei så stor utbygging, sjølv om den er fordelt over fleire år, vil ha innverknad på gebyrstorleiken for avlaupsgebyr. Status for utbygging av avlaupsanlegg er imidlertid slik at det i år og dei komande åra kun vil vere snakk om mindre investeringar. Auken i gebyra vil såleis vere begrensa.

Prosjektrekneskap

Forbruk 2011	kr	20 000,00
Forbruk 2012	kr	824 780,00
Forbruk 2013	kr	7 528 607,00
Forbruk 2014	kr	10 513 625,00
Forbruk 2015	kr	874 622,00
Forbruk 2016	kr	740 305,00
Sum		kr 20 501 939,00

Vurdering og konklusjon:

Arbeida er utført og heile anlegget er tatt i bruk. Rådmann rår til at prosjektrekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

Konsekvensar for folkehelse:

Prosjektet er positivt i folkehelseperspektiv: Prosjektet har betra tilkomsten til eit mykje nytta friområde/badeplass, samt bygd eit universelt utforma toalett. Ved det gamle, ureinsa utsleppet var det problem med lekkasje i fjøra, men dette er no sanert.

Konsekvensar for beredskap:

Betre tilkomst til naustområde lenger vest.

Konsekvensar for drift:


Det gamle utsleppet er sanert og vekke frå drift. Det nye leidningsanlegget og bygget med tilhøyrande installasjonar gir auka driftsutgifter. Desse skal dekkast inn gjennom sjølvkostprinsippet. Vegen har om lag same lengda, men er no asfaltert og soleis enklare og vedlikehalde enn før.


Fosnavåg, 10.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal






Nord
1 : 50



Vest
1 : 50



Sør
1 : 50



Øst
1 : 50

Tegningsnummer		Revisjon	
AF 00 001		01-A	
Rev.	Tekst	Rev. dato	Tegn. Kont.
01 - A	Tilbudstegning	22.11.2012	EH OB
-			
-			
-			
-			
-			
-			

Målestokk A1, 1:50 A3, 1:100

Tilbudstegning



Prosjekt:
RA2 Grønhaugen

Oppdragsgiver:
Herøy Kommune

Fasader

Oppdragsleder: OL	Tegn: EH	Målestokk 1 : 50 (A1)
Oppdragsnr.: 530184	Kontroll: OB	Dato: 22.11.12

Tegn. nr. AF 00 001	Rev. 01-A
Fag Type Bg. Løpnr.	



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Brannvernet

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TL	Arkivsaknr:	2016/1588
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
261/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING. KJØP AV BRANNBIL, TANKBIL OG LAUST UTSTYR TIL HERØY BRANN OG REDNING.

Tilråding:

1. Rekneskapen for følgjande prosjekt: 51206 Branntankbil, 51308 Hovudbrannbil og 50157 Laust utstyr vert avslutta med eit samla forbruk på kr. 6.925.211. eksklusive meirverdiavgift.
2. Mindreforbruket på kr. 104.789, eksklusive meirverdiavgift, vert nytta til kjøp av utstyr til Herøy Brann og redning. Herøy Brann og redning treng m.a. hurtigkoplingar på meiser/luftflasker for å gjere rask innsats på skadestaden.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Brannsjef, her

Bakgrunn for saka:

I budsjettet for 2013, område 50 (Brann) vart det gjort fylgjande løyving til kjøp av: Hovudbrannbil – Fosnavåg stasjon kr 3.800.000. Branntankbil Myrvåg kr 2.100.000 + 600.000 frå 2012 budsjettet totalt kr 2.700.000. I budsjettet for 2015 vart det løyvt kr 530.000 til kjøp av laust utstyr.

Saksopplysningar/vurderingar:

Saka gjeld økonomisk avslutning av prosjekt:

50157 – Laust utstyr – løyving	kr 530.000
51206 – Tankbil til brannvernet – løyving	kr 2.700.000
51308 - Ny brannbil til brannvernet – løyving	kr 3.800.000
<u>Totalt løyvd</u>	<u>kr 7.030.000</u>

Totalt forbruk på prosjektet, i fylgje kommunerekneskapen, er på kr 6.925.211,-

Det gir eit slikt prosjektrekneskap:

Totalt budsjett	kr	7.030.000
- totalt forbruk	kr	6.925.211
= Mindreforbruk på	kr	104.789

For å gjennomføre kjøp av nye brannbilar har ein følgd lovverket om «offentlige anskaffelser». Herøy kommune sin innkjøpskonsulent har vore nytta i prosessen med utlysing, vekting og val av leverandør av dei leverandørane som gav inn tilbod.

Herøy Brann og redning har hatt ei bilgruppe beståande av: Leiar beredskap Tore Langvatn, uttrykkingsleiar Trond Vikene, tankbilsjåfør Arild Moldskred, brannbilsjåfør Trond Håkonsholm.

Etter ei totalvurdering av alle innkomne tilbod, totalt 3 tilbod, vart Egenes brannteknikk AS valt som leverandør av begge brannbilane.

Vurdering og konklusjon:

Som prosjektrekneskapen viser har prosjektet hatt eit mindreforbruk på Kr 104.982. Årsaka til mindreforbruket skuldast i hovudsak at ein har vore forsiktig med pengebruken til ein har hatt full oversikt over kva kostnaden vart til slutt. Det er ynskjelig at resterande midlar kan nyttast til kjøp av utstyr som vi enno ikkje har fått gjennomført på prosjektet.

Konsekvensar for folkehelse:

Brann i bustad får store konsekvensar for dei som vert råka og deira nærmaste. Godt og pålitelig utstyr er naudsyndt for å unngå store skadar ved bustadbrannar og ved andre aksjonar.

Konsekvensar for beredskap:

Ved kjøp av nytt utstyr har ein auka beredskapen/sikkerheita til kommunens innbyggjarar. Ein har no sikra at brannbilane kjem fram når alarmen går. Kjøp av nytt utstyr er eit viktig beredskapsmessig brannførebyggande tiltak.

Konsekvensar for drift:

Nye bilar vil normalt ha noko lavare driftskostnader enn dei som er bytta ut.

Fosnavåg, 14.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jon Rune Våge
Brannsjef

Sakshandsamar: Tore Langvatn



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2013/97
		Arkiv:	M30

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
262/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT: "51320 LEIDNINGSANLEGG BERGE."

Tilråding:

1. Prosjektrekneskapen vert godkjent med eit totalforbruk på kr. 4.977.676,-
2. Prosjektet er finansiert med tidlegare løyvingar til kloakkrammeplanprosjekt.

Særutskrift:
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

F-sak 235/12

Kartutsnitt av leidningsanlegget med tilhøyrande pumpestasjon.

BAKGRUNN FOR SAKA

Saka gjeld økonomisk avslutning av leidningsanlegg Berge. Leidningsanlegget er ein del av Herøy kommune sin "kloakkrammeplan", no kommunedelplan for avløp. Leidningsanlegget er bygd ut etter politiske prioriteringar F-sak 235/12 og har vore rapportert til Herøy kommunestyre gjennom tertialrapportane på anleggsprosjekt sidan prosjektet vart oppstarta i februar 2014.

SAKSOPPLYSNINGAR

Prosjektet omfattar bygging av nytt kommunalt avlaupsanlegg frå fylkesveg 654 og ned til nedre Berge. Det ferdige utbygde anlegget består av m.a. ein pumpestasjon, samt ferdig utbygd ca.1000 meter med nye avlaupsleidningar. Denne utbygginga har gjort det mogleg å knyte til eksisterande bustadar som tidlegare hadde utslepp til Straumane.

Det har vore eit prosjekt med krevjande grunneigarar og arbeid på og langs private eigedommar.

Prosjektet starta opp i 2014 og vert økonomisk avslutta i 2016.

Utførande grunnentreprenør har vore:

- Aurvoll og Furesund AS.

Underentreprenører:

- Xylem (Pumpestasjon)
- Veidekke (Asfaltarbeid)
- Brødrene Dahl (Rør og deler)

Det er ikkje gjort eigne løyvingar til dette prosjektet, då løyvingane til prosjektet har vore gjennom løyvingane til kloakkrammeplanen.

Kostnadsforbruket for anlegget har vore slik:

Forbruk 2013	kr	115.875,-
Forbruk 2014	kr	4.826.620,-
Forbruk 2015	kr	35.181,-
Totalt Forbruk	kr	4.977.676,-

VURDERINGAR

Leidningsanlegget er ferdigstilt og kan avsluttast økonomisk.

Konsekvensar for folkehelse:

Reinsing av avlaup vil fremme folkehelsa, ved at ein får samla opp ureinsa avlaupsvatn som kan vere helseskadeleg.

Konsekvens for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

1 ny pumpestasjon og ca. 1000 meter med leidningsnett som skal driftast.

Fosnavåg, 14.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Fred Arnesen



HERØY KOMMUNE

Fellessekretariatet

Paul Berge

Hjelmesethvegen 23
6092 FOSNAVÅG

Saksnr
2011/121

Arkiv
29/88

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
FEL / LME

Dato
04.07.2012

**F-SAK 235/12: GNR. 29/88 PÅ BERGE - EIGAR: PAUL BERGE -
KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE**

Vedlagt følger:

- F-sak 235/12.

Herøy formannskap har den 03.07.2012 gjort slikt samrøystes vedtak i saka:


1. Klagen frå eigar av gnr.29 bnr.88 i Herøy Kommune vert delvis imøtekomen.
2. Kommunen sørger for utbygging av kommunalt avlaupsanlegg på Nedre Berge som gnr. 29 bnr. 88 skal knyte seg til seinast ved innflytting i ny bustad.
3. Dersom kommunalt leidningsnett ikkje er ferdig på innflyttingstidspunktet får Paul Berge høve til å nytte eksisterande leidningsnett fram til nytt kommunalt nett er klart.

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:
Anlegg- og driftsavdelinga





HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	FA	Arkivsaknr:	2011/121
		Arkiv:	29/88

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
235/12	Formannskapet	03.07.2012

GNR.29 BNR.88 PÅ BERGE - EIGAR: PAUL BERGE - KLAGE PÅ AVSLAG PÅ SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE

Tilråding:

1. Klagen frå eigar av gnr.29 bnr.88 i Herøy Kommune vert ikkje imøtekomen.
2. Klagen vert oversendt fylket for endeleg handsaming.

Møtebehandling:

Leiar anlegg- og driftsavdelinga Jon-Rune Våge møtte.

Det kom fram slikt framlegg til vedtak:

1. Klagen frå eigar av gnr.29 bnr.88 i Herøy Kommune vert delvis imøtekomen.
2. Kommunen sørger for utbygging av kommunalt avlaupsanlegg på Nedre Berge som gnr. 29 bnr. 88 skal knyte seg til seinast ved innflytting i ny bustad.
3. Dersom kommunalt leidningsnett ikkje er ferdig på innflyttingstidspunktet får Paul Berge høve til å nytte eksisterande leidningsnett fram til nytt kommunalt nett er klart.

Det vart røysta punktvis.

Pkt. 1 i framlegget ovanfor vart samrøystes vedteke.
Pkt. 2 i framlegget ovanfor vart samrøystes vedteke.
Pkt. 3 i framlegget ovanfor vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 03.07.2012

4. Klagen frå eigar av gnr.29 bnr.88 i Herøy Kommune vert delvis imøtekomen.
5. Kommunen sørger for utbygging av kommunalt avlaupsanlegg på Nedre Berge som gnr. 29 bnr. 88 skal knyte seg til seinast ved innflytting i ny bustad.
6. Dersom kommunalt leidningsnett ikkje er ferdig på innflyttingstidspunktet får Paul Berge høve til å nytte eksisterande leidningsnett fram til nytt kommunalt nett er klart.

Særutskrift:

Paul Berge, Hjelmesethvegen 23, 6092 Fosnavåg
Anleggs- og driftsavdelinga,her

VEDLEGG:

- Vedlegg.1 Kartutsnitt over Berge datert den 20.06.2012
- Vedlegg.2 Søknad om utslepp frå eigar av gnr.29 bnr.88 datert den 16.04.2012
- Vedlegg.3 Forurensningsforskriften kapittel.12
- Vedlegg.4 Brev datert den 27.04.2012 frå Herøy kommune
- Vedlegg.5 Brev datert den 18.05.2012 frå eigar av gnr.29 bnr.88

BAKGRUNN:

Bustaden til eigar av gnr.29 bnr.88 vart råka av brann den 19.12.2010 og brann ned til grunnen. Eigaren har no søkt om utsleppsløyve for ny bustad på same tomt nedanfor bustaden som brann. Anleggs- og driftsavdelinga avslo søknad om utsleppsløyve i delegert vedtak datert den 27.04.2012. Kommunen mottok klage på vedtaket i brev datert den 18.05.2012 frå eigaren av gnr.29 bnr.88. Denne saka gjeld handsaming av klagen.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Kommunen har mynde etter Plan- og bygningslova og Forureiningslova med tilhøyrande forskrifter i saker vedkomande utsleppsløyve for sanitært avlaupsvatn(kloakk). Ein har nedanfor sitert eit utdrag av overordna lovverk.

I Plan- og bygningslova § 27-2 Avløp framgår det. Sitat:

"Før opprettelse eller endring av eiendom til bebyggelse eller oppføring av bygning blir godkjent, skal bortledning av avløpsvann være sikret i samsvar med forurensningsloven. Rettighet til å føre avløpsledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende. Når offentlig avløpsledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen, knyttes til avløpsledningen. Vil dette etter kommunenes skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.

Kommunen kan i andre tilfeller enn nevnt i andre ledd, kreve at bygningen skal knyttes til avløpsledning når særlige hensyn tilsier det.

Reglene i andre og tredje ledd gjelder også for eksisterende byggverk.

Før oppføring av bygning blir satt i gang, skal avledning av grunn- og overvann være sikret. Tilsvarende gjelder ved vedlikehold av drenering for eksisterende byggverk."

I Plan- og bygningslova § 27-3 Tilknytning til eksisterende private anlegg framgår det. Sitat:

"Plan- og bygningsmyndigheten kan tillate tilknytning til private vann- og avløpsanlegg. Eieren av anlegget kan i så fall kreve at den som blir tilknyttet anlegget foretar eller betaler de utvidelser og forandringer av anlegg som tilknytningen gjør nødvendig, eller at det blir stilt sikkerhet for dette. Eieren kan i tillegg kreve refusjon for de opprinnelige anleggsutgiftene og senere oppgraderinger. Kostnadene og refusjonen fastsettes ved skjønn. Utgiftene til skjønnnet bæres av den som blir tilknyttet anlegget."

I Forureiningslova § 23 (rett og plikt til tilknytning til eksisterende avløpsanlegg) står det:

"Forurensningsmyndigheten kan bestemme at avløpsvann kan ledes inn i en annens avløpsanlegg.

Om plikt til tilknytning til eksisterende avløpsledning gjelder reglene i plan- og bygningsloven. Vedtak etter plan- og bygningsloven kan likevel treffes av forurensningsmyndigheten.

Skjer tilknytning til kommunal avløpsledning, betales tilknytningsavgift etter lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter. Skjer tilknytning til privat avløpsanlegg, kan eieren av anlegget kreve at vedkommende foretar eller betaler de utvidelser og forandringer av avløpsanlegget som tilknytningen gjør nødvendig, eller at det blir stilt sikkerhet for dette. Eieren kan også kreve refusjon for anleggsutgiftene i samsvar med plan- og bygningsloven. Kostnadene ved underskjønnet skal bæres av den som blir tilknyttet anlegget."

"Fourensningforskriften" kapittel 12. er lagt ved saka.

Den 19.12.2010. brann bustaden til eigar av gnr.29 bnr.88 ned til grunnen. Eigar har i samband med ny byggesøknad søkt om utsleppsløyve av sigevatn til Eggesbøstraumen/Straumane frå ein 3 kammers slamavskiljar på 4m³. Dette er ei godkjent reinseløysing i ein god sjøresipient.

Det har vore gjennomført fleire undersøkingar/registreringar av miljøtilstanden i Straumane. Siste utført av Runde miljøsender i Eggesbøstraumen i oktober 2010. Denne undersøkinga vart sett saman i ein rapport som kom ut 25. februar 2011. Miljøundersøkinga vart gjennomført på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som ønskte den som grunnlag for karakterisering av området etter EU's vassdirektiv. Det vert i rapporten vist til at det i området som det no vert søkt om utslepp til, har liten eller ingen gjennomstrøyming. Botndyrforholda i straumsystemet er i dårleg tilstand. Fleire prøver var utan makrofauna i det heile. Svart sediment med sulfidlukkt i dei fleste prøvene antyda oksygenmangel i sedimentet.

Etter vassdirektivets klassifiseringssystem vert omsøkt område klassifisert som i verste fall "meget dårleg". Samanlikna med to tidlegare undersøkingar viste nesten alle undersøkingsparameterane ein forverring av miljøtilstanden, både i forhold til undersøkinga i 2000 og i 1990.

Sitat frå rapporten til Runde miljøsender: ***"Miljømålet i direktivet er at en skal beskytte og om nødvendig forbedre tilstanden til vassforekomstene slik at man sikrer bærekraftig bruk, det vil si at avviket frå naturtilstanden ikke skal være større enn at økosystemet fremdeles fungerer."*** Sitat slutt.

Anleggs- og driftsavdelinga opplyste i delegert vedtak datert den 27.04.2012 at den omsøkte reinseløysinga ikkje er i tråd med reinsekrava i forurensningsforskriften for utslepp til følsomt/normalt område (reinsegrad jf. §12-8). Vidare opplyste ein at kravet som kommunen har sett til avlaupsløysingar i dette området dei siste 12 åra, har vore tilknytning til kommunalt avlaupsanlegg. Ein opplyste vidare at ein ikkje ser at der skal vere noko grunnlag for at dette kravet ikkje skal gjelde for denne eigedomen når den no vert nyoppført.

Det vert i brev frå eigar av gnr.29 bnr.88 datert den 18.05.2012 klaga på avslaget om å nytte slamavskiljar som einaste reinseløysing for eigedomen. Eigar av eigedomen synest at det er urimeleg at han skal bere store kostnadar med å kople seg til kommunalt separatsystem for spillvatn. Kostnaden har han fått stipulert til

over 200.000 kroner. Han viser også til at den opphavlege ordninga han hadde, ville vore lovleg om ikkje huset hadde brent ned. Jfr. forurensningsforskrifta §12-16 som seiar m.a. at eks. løysing er lovleg til kommunen gjer vedtak om at løysinga ikkje lenger er lovleg. I tillegg til gravekostnadane kjem kostnadane og arbeidet med grunnavtalar for å framføre leidningen over andre grunneigarar. Eigar meiner vidare at det må vere kommunen som må ta kostnadane med grunnavtalar og framføring av leidningar over naboeigedomane.

Det har ikkje vore gitt utsleppsløyve til Straumane, mellom Stridestraumen og Buholmlinja, dei siste 12 åra. Alle som har bygd i dette området i denne perioden har knytt seg til kommunalt avlaupsnett i FV654 via pumpestasjonar.

Vurderingar / konklusjon:

Sjølv om det dei siste åra har vore gjennomført ei rekke større utbyggingar av kommunale avlaupsanlegg står det enno att ein god del før ein kan seie seg nøgd med avlaupssituasjonen i kommunen.

Svært mange av dei private avlaupsanlegga (om lag 1500 abonnentar) kan ein dokumentere er for små og har alt for dårleg reinsegrad i forhold til dagens krav. Ein vil, for å få noko betring av situasjonen for desse anlegga på sikt, måtte ha ein strengare praksis med omsyn til nye utsleppsløyve. Også i samband med m.a. renovering, tilbygg, oppattbygging etter brann og annan skade på eigedom. Enkelte abonnentar vil ein også måtte gi pålegg om utbetring/utskifting av avlaupsanlegg pga. for dårleg reinsegrad.

Utsleppssøknaden er handsama utifrå opplysningar som kommunen har om tilstanden til resipienten i forhold til krava i forurensningsforskrifta. I det aktuelle området som det no vert søkt om utslepp til, så har ein gode undersøkingar, seinast frå Runde Miljøseier 2010 med rapport 25. februar, 2011. Rapporten konkluderer med at resipienten er i dårleg forfatning og at det er fare for at ein ikkje greier å nå miljømålet innan 2015 for denne resipienten.

Stipulert kostnad med tilknytting til kommunalt avlaupsnett vert ikkje vurdert som urimeleg høg i forhold til det andre abonnentar har kosta eller må pårekne å koste for ei godkjent avlaupsløysing.

Eit evt. utsleppsløyve vil skape presedens for liknande og tidlegare saker. Det vil også føre til at handsaming av framtidige utsleppssøknadar vil verte kompliserte, dersom ein ikkje skal ta omsyn til tilstanden til resipienten.


Slik rådmannen ser det bør kommunen framstå som ei miljøkommune. Rådmannen finn det såleis vanskeleg å gå inn for eit løyve til utslepp som så klart er i konflikt med sentralt lov- og forskriftsverk innan forureiningsområdet. Eit slikt evt. løyve vil også vere klart i strid med reinsekrava i Forurensningsforskrifta §12.8 for ein så sårbar resipient. Med bakgrunn i gjeldande lov- og forskriftsverk, saksutgreinga ovanfor, praksis i liknande saker og ikkje minst målet om å framstå som ei miljøkommunen vil rådmann tilrå at klagen ikkje vert imøtekomen.

Fosnavåg, 21.06.2012

Erlend Krumsvik

Jon Rune Våge

Fred Arnesen
sakshandsamar





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2015/1381
		Arkiv:	L82

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
263/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING AV PROSJEKT 51150 - MJØLSTADNESET INDUSTRIOMRÅDE ETAPPEVIS UTBYGGING

Tilråding:

1. Herøy kommune godkjenner prosjektrekneskapen for prosjekt 51150 med eit totalforbruk på kr. 9.231.211.
2. Overforbruk på kr 281.211 vert å finansiere med låneopptak.

Særutskrift:
Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

Ingen

Bakgrunn:

Prosjekt 51150 er ei etappevis utbygging av infrastruktur på Mjølstadneset industriområde. Arbeida for 2015 og 2016 er avslutta og denne saka gjeld økonomisk avslutning.

Saksopplysningar:

Det har vore løyvd midlar over fleire år, sjå tabell nedanfor. Desse midlane vart nytta i 2015 og 2016.

Løyving i budsjett 2014, overført til 2015	1.900.000kr
Løyving i budsjett 2015	2.550.000kr
Løyving budsjett 2016	4.500.000kr
Sum	8.950.000kr

Prosjektet har omfatta:

- Prosjektleiing
- Prosjektering
- Komplette infrastruktur (veg, vatn-, avlaups- og elrør, lysanlegg) frå Bygg og System til sjø (areal markert med blå stipla kant nedanfor).
- Vatn- og avlaupsgrøft, inkl. klargjering til nedsetjing av pumpestasjon, samt utfylling av veglinje langs sjø heilt aust på området (markert med grøn stipla linje nedanfor)
- Vekkøyring av masser som var lagra på området
- Nytt gjerde mot nabo
- Grovplanering av solgt tomteareal
- Opprydding av ymse avfall lagra i vegtrasé



Prosjektering er utført av AG Plan og arkitektur, entreprenørarbeid er utført etter rammeavtale med Aurvoll og Furesund as og asfaltering er utført etter rammeavtale med NCC as.

Mørenett og Herøy Vasslag har vore involvert og kosta delar av sine anlegg etter avtale. Begge etatar har signalisert at dei for framtida ikkje vil bidra i område der kommunen skal selje tomter, men dei tek over driftsansvaret for leidningane. I denne etappa som er bygd ut bidreg Mørenett med ein andel som dekkjer utgiftene for trekkerør for el, medan Herøy Vasslag dekkjer om lag 25% av utgiftene på vatn. Dette betyr at kommunen i framtida må pårekne dyrare utbyggingar av infrastruktur i bustad- og industriområde.

Arbeida har gått som planlagt og avtalte framdrifter har haldt seg oppe.

Prosjektrekneskap:

Forbruk 2015	2.594.997kr
+Forbruk 2016	6.636.214kr
=Totalt forbruk	9.231.211kr
-Løyving	8.950.000kr
=Overforbruk	281.211kr

Overforbruk på kr. 280.871 kr skyldast i hovudsak tidlegare feilførte faktura på andre prosjekt som ikkje var tatt med i opphavleg budsjett på prosjektet 51150, men har kome til i prosjektrekneskapen i etterkant.

Vurdering og konklusjon:

Arbeida er avslutta og rådmannen tilrår at prosjektet vert økonomisk avslutta.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen særskilte konsekvensar for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Utbygd veg kan nyttast av utrykkingskjøretøy, det er også lagt til rette for brannvatn.

Konsekvensar for drift:

Om lag 460m veg er komplett utbygd og opna for bruk, noko som gir kr 62.300 i auka driftsutgifter pr. år (basert på KOSTRA-tal frå 2015).

Det er lagt om lag 1300m avlaupsleidningar som må driftast og vedlikehaldast Vi har ikkje erfaringstal på driftskostnadar pr. m. leidning.

Fosnavåg, 07.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 21.11.2016

1. Sluttregneskapen for Heid tursti vert godkjent med ein totalkostnad på kr. 3 853 063
2. Mindreforbruket på kr. 211 014 vert overført til «Heida Vel» og øyremarka til nye folkehelseiltak langs Heid tursti



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/1438
		Arkiv:	216

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
68/16	Komite for næring, kultur og idrett	21.11.2016
264/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

HEID TURSTI - SLUTTREKNESKAP

Tilråding:

1. Sluttrekneskapen for Heid tursti vert godkjent med ein totalkostnad på kr. 3 853 063
2. Mindreforbruket på kr. 211 014 vert overført til «Heida Vel» og øyremarka til nye folkehelseiltak langs Heid tursti

Særutskrift:
Heida Vel v/ Anlaug Varhaugvik
Økonomileiar
Kulturleiar

Vedlegg:

[Rekneskapssamandrag 1515000401, 1515000402, 1515000403](#)
[Referat frå Heidmøte tysdag 1.09.2015 \(uprenta\)](#)

Saksopplysningar:

Saka gjeld økonomisk avslutning av Heid turløype, samt disponering av mindreforbruk. Prosjektet starta opp i 2013 og vert økonomisk avslutta i 2016.

Byggjearbeidet vart gjennomført som tre byggetrinn, og turløypa (rundløypa) er ca 2500 m inkludert gåveg på Lisjebø.

Prosjektet har vore rapportert til kommunestyret gjennom fleire saker.

I forbindelse med byggjinga av Heid turløype vart det etablert ei arbeidsgruppe for prosjektet. I tillegg til sjølve etableringa av turløypa, har gruppa saman med Heida Vel og Bergsøy IL Trimgruppa bidrege til skilting av løypa, miljø og folkehelsetiltak (benker, trimapparat) og etablering av gapahuk.

Arbeidsgruppa har i referat frå sitt møte 1.9.15 føreslått at mindreforbruket skal overførast til Heida Vel og nyttast til vidare arbeid med turløypa.

Økonomi:

Prosjektet er finansiert med eit samla tilskot frå spelemiddelordninga med kr.1 852 000, samt tilskot frå RDA-ordninga, Gjensidigestiftelsen og lokalt næringsliv. I tillegg kjem dugnadsinnsatsen.

Kommunen har ikkje bidrege med tilskot til prosjektet.

Rekneskapsavslutningane for dei tre byggjestega viser eit samla mindreforbruk på kr. 211 014. Mindreforbruket eit resultat av at tilskot til dugnad ikkje vert utbetalt og billigare varer og tenester enn budsjettert.

	Kostnad	Mindreforbruk
Byggjesteg 1	1 156 882	
Byggjesteg 2	1 309 455	
Byggjesteg 3	1 386 726	
SUM	3 853 063	211 014

Vurderingar:

Heid turløype er ferdigstilt og kan avsluttast økonomisk.

Konsekvensar for folkehelse:

Heid turløype vert nytta flittig av bebuarar i nærområdet, besøkjande til kommunen elles, samt av born i barnehage og skule. Løypa er tilrettelagt med gode gangstiar, dekke og lys like i nærleiken av der innbyggjarar bur og folk ferdes, og er eit viktig bidrag i Herøy kommune sitt folkehelsearbeid. I fyrste del av løypa er det etablert miljø- og folkehelsetiltak der rørslehemma, svaksynte og eldre kan bevege seg oppover løypa og nytte benkene som er sett ut til mål eller kvile, samt nytte trimapparata som er sett ut.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Ca. 2,5 km turløype som skal driftast.

For 2016 vert kostnadane for drifta belasta kulturavdelinga sitt budsjett. I fylgje politiske vedtak skal kostnadane overførast til avsnittet for anlegg og drift.

Fosnavåg, 17.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde



HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Møre og Romsdal Fylke, Kulturavdelinga

Fylkeshuset
6404 MOLDE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	
Ansaksnr. 14/970	Dok.nr.
26 NOV 2015	
Ark.kode F	SM
Ark.kode S	
Avdeling	Saksbehandler

Saksnr
2012/62

Arkiv
C20

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
KUL / AK

Dato
24.11.2015

UTBETALING AV TILSKOT TIL ANLEGGSSNR.1515000401/-402 HEID TURLØYPE

Viser til tildelingsbrev datert 30.06.2011, tildelingsbrev datert 14.06.2013 og tildelingsbrev datert 16.06.2014.

Det første tilskotet ein fekk utbetalt, vart betalt attende då det gjekk litt tregt med utbygginga, og ein valgte å justere prosjektet.

Det er gitt tilskot på kr. 451.000 i 2013, og kr. 108.000 i 2014. Tilsaman kr. 559.000.

Det er delutbetalt kr. 383.000.

Anlegget er no ferdigbygt og rekneskap er gjort. Sjå vedlagt.

Herøy kommune ber med dette om at restbeløpet på kr. 176.000 vert utbetalt til kntr. 8647.11.04800 og merkast Heid Turløype ansvar 4011, funksjon 380, prosjektnr. 40004.

Med helsing


Eileen Gjerde
Avdelingsleiar


Andreas Kvalsund
Sakshandsamar

Kopi:
Geir Egil Olsen

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Herøy kommune/Møre og Romsdal Fylke - kulturavdelinga

6090 FOSNAVÅG

REVISJONSERKLÆRING

Vi har revidert anleggsrekneskapen for Herøy kommune – anleggsnummer 1515000401 og 1515000402 Heid turløype 1.byggesteg, søknadnr 14/00534 tilsagn kr 108.000,- og søknadnr 13/00509 med tilsagn kr 451.000,-

Rekneskapen viser ein sluttkostnad på kr. 1.156.882,- inkl.mva.

Momskompensasjon utgjør kr 219.190,-



Beløpet er inkl dugnad med kr 59.000,- jfr søknad

Rekneskapen som består av oversikt over inntekter og utgifter jfr vedlagte rekneskapsoppsett.




Vår oppgave er å verifisere sluttrekneskapen for anlegget. Vi har utført revisjonen så langt det har vore muleg i.h.t. bestemmelsane for revisjon av anleggsrekneskap gitt av kulturdepartementet og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi utfører revisjonen for å oppnå nok sikkerheit for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisor godkjenner rekneskapen med ein samla sluttkostnad på kr 1.156.882,- inkl.mva.

Ulsteinvik/Fosnavåg 20. november 2015


Bodill Skjold
-reg. revisor-


Rekneskapssamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Heid Turøyve Byggesteg 1	Anleggsnr 1515000401 og 1515000402
Anleggseigar:	Herøy kommune	Kommune Herøy
Rekneskapen er	☐ Delregnskap ☒ Sluttregnskap	for perioder 24.08.2011 til 15.11.2015
Fosnavåg Stad	18.11.2015 Dato	 Underskrift anleggseigar HERØY KOMMUNE
Anlegget er fullført i samsvar med planen Fosnavåg Stad	19.11.2015 Dato	Anlegg: 02.01.15 Fosnavåg  Stempel og underskrift kommune HERØY KOMMUNE Kulturevdsak 6099 FOSNAVÅG
Rekneskapen er kontrollert og funnet i orden. Revisortest er vedlagt. Utkinck/Fosnavåg Stad	20.11.15 Dato	 Stempel og underskrift revisor SØRE SUMM KULTURDEPARTEMENTET

Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Rekneskap
Tilskot av spelemidlane (utbetalt)	498 760	383 000
Egenkapital	247 700	279 190
Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Fylkeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Private tilskot, kontantar	96 000	96 882
Andre tilskot	220 000	220 000
Lån		
Sum kontantinntektar	1 080 460	980 882
Gåver, rabattar		
Dugnad	59 000	
Sum samla finansiering i søknaden	1 119 460	
Ikkje utbetalte spelemidlar		178 000
Andre utestående fordringar		
Sum samla finansiering i rekneskapen		1 158 882

Kulturdepartement
Idrettsavdelingen
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
Telefon 22 24 80 64
Telefaks 22 24 95 52
postmottak@kud.dep.no



Namn på anlegget: _____
Anleggsnr. 1515000401

Utgifter

Hovudpostene i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjende budsjettet.
Tala fra kostnadsoverslaget først inn.

Hovudpost	Budsjett i søknaden				Kontantutgifter i rekneskapen					
	1) Sum kjøpte varer og tenester	2) Mva. på kjøpte varer og tenester	3) Verdi av dugnad, gåver og rabattar	Sum totalverdi 1+2+3	Kjøpte varer og tenester	Betalt mva.	Kompensa- sjons- berettig mva*	Sum betalte utgifter	Verdi av dugnad, gåver og rabattar	Sum totalverdi
Utgifter som gir rett til tilskot										
1 Grunnarbeid	600 000	150 000		750 000				0		0
2 Dugnad - grunnarbeid			30 000	30 000				0		0
3 Lys komplett	234 800	58 700		293 500				0		0
4 Dugnad lys			29 000	29 000				0		0
5 Uforutsette utgifter	18 000	4 000		20 000				0		0
6				0				0		0
7 Dyrkorn Maren				0	149	37		186		186
8 Mørøy kommune				0	1 931			1 931		1 931
9 Aurvoll og Furesund				0	170 000	42 500		212 500		212 500
10 Aurvoll og Furesund				0	200 000	50 000		250 000		250 000
11 Aurvoll og Furesund				0	127 500	31 875		159 375		159 375
12 Maren				0	221 112	55 278		276 390		276 390
13 Aurvoll og Furesund				0	100 000	25 000		125 000		125 000
14 Dugnad				0				0	59 000	59 000
15				0				0		0
16 Aurvoll og Furesund				0	58 000	14 500		72 500		72 500
17				0				0		0
18				0				0		0
19				0				0		0
20				0				0		0
21				0				0		0
22				0				0		0
23				0				0		0
24				0				0		0
25				0				0		0
26				0				0		0
27				0				0		0
28				0				0		0
29				0				0		0
30				0				0		0
Sum	850 800	212 700	59 000	1 122 500	878 632	219 190	0	1 097 862	59 000	1 156 862
Utgifter som ikkje gir rett til tilskot										
1				-				-		-
2				-				-		-
3				-				-		-
4				-				-		-
5				-				-		-
6				-				-		-
7				-				-		-
8				-				-		-
9				-				-		-
10				-				-		-
11				-				-		-
12				-				-		-
13				-				-		-
14				-				-		-
15				-				-		-
Sum	-	-	-	-	-	-		-	-	-
Samle utgifter				1 122 500				1 097 862		1 156 862

* Kompensasjonsberettig mva er betalt mva som ikkje har fått frådrag/refusjon i det ordnære avgiftsoppgjeret

V kontrollert med revisor
relusker
20/11-15
SCORE SUNNMØRE
REVISJON
Børre Steen



HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Møre og Romsdal Fylke, Kulturavdelinga

Fylkeshuset
6404 MOLDE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	
Ar/saksnr. 14/972	Dok.nr.
26 NOV 2015	
Ark.kode P	Jm
Ark.kode S	
Avdeling	Saksbeh.

Saksnr
2012/62

Arkiv
C20

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
KUL / AK

Dato
24.11.2015

UTBETALING AV TILSKOT TIL ANLEGGSSNR 1515000403 HEID TURLØYPE 3. BYGGESTEG

Viser til tildelingsbrev datert 16.06.2014.

Det er gitt tilskot på kr. 649.000 i 2014.

Det er ikkje gjort delutbetaling.

Anlegget er no ferdigbygt og rekneskap er gjort. Sjå vedlagt.

Herøy kommune ber med dette om at tilskotet på kr. 649.000 vert utbetalt til kntr. 8647.11.04800 og merkast Heid Turløype ansvar 4011, funksjon 380, prosjektnr. 40008.

Med helsing


Eileen Gjerde
Avdelingsleiar


Andreas Kvalsund
Sakshandsamar

Kopi:
Geir Egil Olsen

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Herøy kommune/Møre og Romsdal Fylke - kulturavdelinga

6090 FOSNAVÅG

REVISJONSERKLÆRING

Vi har revidert anleggsrekneskapen for Herøy kommune – anleggsnummer 1515000403, Heid turløype 3.byggesteg, søknadnr 14/00982 tilsagn kr 649.000,-
Rekneskapen viser ein sluttkostnad på kr. 1.386.726,- inkl.mva.
Momskompensasjon utgjer kr 260.936,-
Beløpet er inkl dugnad med kr 50.000,-

Rekneskapen som består av oversikt over inntekter og utgifter jfr vedlagte rekneskapsoppsett.




Vår oppgåve er å verifisere sluttrekneskapen for anlegget. Vi har utført revisjonen så langt det har vore muleg i.h.t. bestemmelsane for revisjon av anleggsrekneskap gitt av kulturdepartementet og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi utfører revisjonen for å oppnå nok sikkerheit for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisor godkjenner rekneskapen med ein samla sluttkostnad på kr 1.356.726,- inkl.mva.

Ulsteinvik/Fosnavåg 20. november 2015


Bodill Skeide
-reg. revisor-
SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON IKS

Rekneskapssamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Held Turløype, 3.byggesteig	Anleggsnr 1515000403
Anleggseigar:	Herøy kommune	Kommune Herøy
Rekneskapen er	☐ Delregnskap ☒ Sluttreknskap	for perioder 01.09.2014 til 30.10.2015
Fosnavåg Stad	19.11.2015 Dato	 Underskrift anleggseigar 6099 FOSNAVÅG
Anlegget er fullført i samsvar med planen Fosnavåg Stad	19.11.2015 Dato	 Stempel og underskrift kommune HERØY KOMMUNE Kulturavdelinga 6099 FOSNAVÅG
Rekneskapen er kontrollert og funnet i orden. Revisorattest er vedlagt. Ustink/Fosnavåg Stad	20.11.15 Dato	 Stempel og underskrift revisor SØRE STUMMØRE MONER

Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Rekneskap	
Tilskot av spelemidlane (utbetalt)	648 700		
Egenkapital	349 475	360 937	✓
Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)			
Fylkeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)			
Private tilskot, kontantar	120 000	76 789	✓
Andre tilskot	130 000	220 000	✓
Lån			
Sum kontantinntektar	1 248 175	657 728	✓
Gåver, rabattar			
Dugnad	60 000	60 000	✓
Sum samla finansiering i søknaden	1 298 175		
Ikkje utbetalte spelemidlar		649 000	✓
Andre utestående fordringar			
Sum samla finansiering i rekneskapen		1 356 728	✓

Kulturdepartement,
Idrettsavdelingen
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
Telefon 22 24 80 64
Telefaks 22 24 95 52
postmottak@kud.dep.no



Utgifter

Hovedpostene i rekneskapen skal vere del same som postane i det godkjende budsjettet.
Tala fra kostnadsoversteget først inn.

Hovedpost	Budsjett i seknsden			Kontantutgifter i rekneskapen						
	1) Sum kjøpte varer og tjenester	2) Mva. på kjøpte varer og tjenester	3) Verdi av dugnad, gaver og rabattar	Sum totalverdi 1+2+3	Kjøpte varer og tjenester	Betalt mva.	Kompensasjonsberettigede mva*	Sum betalte utgifter	Verdi av dugnad, gaver og rabattar	Sum totalverdi
Utgifter som gir rett til tilskot										
1 Grunnskol	748 000	187 000		935 000				0	0	0
2 Dugnad grunnskol			20 000	20 000				0	0	0
3 Lys komplett	223 800	58 478		282 278				0	0	0
4 Dugnad fruktbar nem			30 000	30 000				0	0	0
5 Uforsett	16 000	4 000		20 000				0	0	0
6				0				0	0	0
7 Skilted Gokasy				0	12 800	3 180		15 980		15 780
8 Bygg og System				0	122	30		152		152
9 Bygg og System				0	1 121	280		1 401		1 401
10 Aurvoll og Fureund				0	25 000	8 280		33 280		31 280
11 Aurvoll og Fureund				0	323 800	80 880		404 680		404 680
12 Aurvoll og Fureund				0	14 830	3 857		18 687		18 287
13 Aurvoll og Fureund				0	180 000	37 800		217 800		187 800
14 Per Iggesund				0	788	190		978		948
15 Bygg og System				0	220	56		276		276
16 Aurvoll og Fureund				0	28 884	8 874		37 758		35 758
17 Aurvoll og Fureund				0	120 000	30 000		150 000		140 000
18 Aurvoll og Fureund				0	37 864	9 414		47 278		47 078
19 Krefter AS				0	1 187	287		1 474		1 404
20 Bygg og System				0	1 920	480		2 400		2 400
21 Aurvoll og Fureund				0	28 200	7 300		35 500		35 500
22 Aurvoll og Fureund				0	25 200	6 300		31 500		31 500
23 Merenett				0	280 440	65 110		345 550		325 550
24 Herøy Kommune-bygges				0	2 043			2 043		2 043
25 Dugnad				0				0	80 000	80 000
26				0				0	0	0
27				0				0	0	0
28				0				0	0	0
29				0				0	0	0
30				0				0	0	0
Sum	987 800	248 478	88 000	1 287 378	1 848 780	280 937	✓	1 368 728	80 000	1 368 728
Utgifter som ikkje gir rett til tilskot										
1				-				-	-	-
2				-				-	-	-
3				-				-	-	-
4				-				-	-	-
5				-				-	-	-
6				-				-	-	-
7				-				-	-	-
8				-				-	-	-
9				-				-	-	-
10				-				-	-	-
11				-				-	-	-
12				-				-	-	-
13				-				-	-	-
14				-				-	-	-
15				-				-	-	-
Sum	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Samla utgifter				1 287 378				1 368 728		1 368 728

* Kompensasjonsberettigede mva er betalt mva som ikkje har fått fradrag/refusjon i det ordinære avgiftsoppgjeret

✓ Kontrollert mot
revidert rekneskap 27.11.15
KOMMUNEN
Johanne



HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

Møre og Romsdal Fylke,
Kulturavdelinga

Fylkeshuset
6404 MOLDE

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	
Ar/saksnr. 14/971	Dok.nr.
26 NOV 2015	
Ark.kode P	SM
Ark.kode S	
Avdeling	Saksbeh.

Saksnr
2012/62

Arkiv
C20

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
KUL / AK

Dato
24.11.2015

UTBETALING AV TILSKOT TIL ANLEGGSSNR. 1515000402 HEID TURLØYPE BYGGESTEG 2.

Viser til tildelingsbrev datert 14.06.2013, og tildelingsbrev datert 16.06.2014.

Det er gitt tilskot på kr. 420.000 i 2013, og kr. 224.000 i 2014. Tilsaman kr. 644.000.

Det er delutbetalt kr. 357.000.

Anlegget er no ferdigbygt og rekneskap er gjort. Sjå vedlagt.

Herøy kommune ber med dette om at restbeløpet på kr. 287.000 vert utbetalt til kntrnr. 8647.11.04800 og merkast Heid Turløype ansvar 4011.funksjon 380, prosjektnr. 40007.

Med helsing


Eileen Gjerde
Avdelingsleiar


Andreas Kvalsund
Sakshandsamar

Kopi:
Geir Egil Olsen

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Herøy kommune/Møre og Romsdal Fylke - kulturavdelinga

6090 FOSNAVÅG

REVISJONSERKLÆRING

Vi har revidert anleggsrekneskapen for Herøy kommune – anleggsnummer 1515000402, Heid turløype 2.byggesteg, søknadnr 14/00539 tilsagn kr 224.000,- og søknadnr 13/00314 med tilsagn kr 420.000,-

Rekneskapen viser ein sluttkostnad på kr. 1.309.455,- inkl.mva.

Momskompensasjon utgjør kr 251.127,-


Beløpet er inkl dugnad med kr 50.000,-

Rekneskapen som består av oversikt over inntekter og utgifter jfr vedlagte rekneskapsoppsett.

Vår oppgave er å verifisere sluttrekneskapen for anlegget. Vi har utført revisjonen så langt det har vore muleg i.h.t. bestemmelsane for revisjon av anleggsrekneskap gitt av kulturdepartementet og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at vi utfører revisjonen for å oppnå nok sikkerheit for at rekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.






Revisor godkjenner rekneskapen med ein samla sluttkostnad på kr 1.309.455,- inkl.mva.

Ulsteinvik/Fosnavåg 20. november 2015


Bodill Skeide
-reg. revisor-

SØRE SUNNMØRE
KOMMUNEREVISJON IKS

Rekneskapssamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Held Turøyve Byggesteg 2	Anleggsnr 1515000402
Anleggseigar:	Herøy kommune	Kommune Herøy
Rekneskapen er	☐ Delregnskap ☒ Sluttregnskap	for periode: 04.04.2013 til 16.10.2015
Fosnavåg Stad	19.11.2015 Dato	 Underskrift anleggseigar 6000 FOSNAVÅG
Anlegget er fullført i samsvar med planen  Stad	19.11.2015 Dato	 Stempel og underskrift kommune HERØY KOMMUNE 6000 FOSNAVÅG
Rekneskapen er kontrollert og funnet i orden. Revisorattest er vedlagt.  Stad	20.11.15 Dato	 Stempel og underskrift revisor

Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Rekneskap	
Tilskot av spelemidiane (utbetalt)	✓ 649 000	357 000	✓
Eigenkapital	✓ 307 180	311 127	✓
Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)			
Fylkeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)			
Private tilskot, kontantar	✓ 67 750	83 328	✓
Andre tilskot	✓ 220 000	220 000	✓
Lån			
Sum kontantinntektar	1 239 930	971 455	✓
Gåver, rabattar			
Dugnad	✓ 50 000	50 000	✓
Sum samla finansiering i søknaden	✓ 1 289 930		
Ikkje utbetalte spelemidlar		288 000	✓
Andre utestående fordringar			
Sum samla finansiering i rekneskapen		1 309 455	✓

Kulturdepartement
Idrettsavdelingen
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
Telefon 22 24 80 64
Telefaks 22 24 95 52
postmottak@kud.dep.no



Utgifter

Hovudpostene i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjende budsjettet.
Tala fra kostnadsoverslaget først inn.

Hovudpost	Budsjett i søknaden				Kontantutgifter i rekneskapen					
	1) Sum kjøpte varer og tenester	2) Mva. på kjøpte varer og tenester	3) Verdi av dugnad, gaver og rabattar	Sum totalverdi 1+2+3	Kjøpte varer og tenester	Betalt mva.	Kompensasjonsberettig mva*	Sum betalte utgifter	Verdi av dugnad, gaver og rabattar	Sum totalverdi
Utgifter som gir rett til tilskot										
1 Grunnarbeid	493 000	123 500		616 500				0		0
2 Dugnad grunnarbeid			20 000	20 000				0		0
3 Ekstraarb. Grunnarb fori	60 000	15 000		75 000				0		0
4 Lys komplett	391 800	97 850		489 650				0		0
5 Ekstraarb. Grøft kabel	28 980		6 730	35 710				0		0
6 Uforutsatte	16 000	4 000		20 000				0		0
7 Tinglysing	5 000			5 000				0		0
8 Dugnad sluttarb			30 000	30 000				0		0
9				0				0		0
10 Bygg og system				0	388	92		480		480
11 Herøy kommune				0	3 819			3 819		3 819
12 Bygg og system				0	202	50		252		252
13 Aurvoll og Furesund				0	200 000	50 000		250 000		250 000
14 Herøy Byggsenter				0	1 233	308		1 541		1 541
15 Bygg og system				0	281	73		354		354
16 Aurvoll og Furesund				0	200 000	50 000		250 000		250 000
17 Foanavåg la				0	78	19		95		95
18 Aurvoll og Furesund				0	100 000	25 000		125 000		125 000
19 Vestlandsnytt				0	294	74		368		368
20 Herøy Malerservice				0	127	32		159		159
21 Dugnad				0				0	50 000	50 000
22 Kraftex AS				0	5 874	1 419		7 293		7 293
23 Merenett				0	374 218	93 554		467 772		467 772
24 Aurvoll og Furesund				0	89 800	22 400		112 200		112 000
25 Bygg og System				0	2 426	806		3 232		3 032
26 Aurvoll og Furesund				0	30 000	7 500		37 500		37 500
27				0				0		0
28				0				0		0
29				0				0		0
30				0				0		0
Sum	992 750	249 450	56 730	1 298 930	1 008 328	251 127	0	1 259 455	80 000	1 339 455
Utgifter som ikkje gir rett til tilskot										
1				-				-		-
2				-				-		-
3				-				-		-
4				-				-		-
5				-				-		-
6				-				-		-
7				-				-		-
8				-				-		-
9				-				-		-
10				-				-		-
11				-				-		-
12				-				-		-
13				-				-		-
14				-				-		-
15				-				-		-
Sum	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Samla utgifter				1 289 930				1 259 455		1 339 455

* Kompensasjonsberettig mva er betalt mva som ikkje har fått frådrag/refusjon i det ordinære avgiftsoppgjeret

V kontrollert mot
tenderen rekneskap
29.11.15
SUNNMOSE
KOMMUNE



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2016/1621
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for helse og omsorg	01.12.2016
	Eldrerådet	12.12.2016
21/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	28.11.2016
265/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

SAK OM FULLKOSTPRIS I HEILDØGNSBEMANNA OMSORGSBUSTADAR

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek slike prisar ved «Eggesbøtun»:

Pris for fullkostpakke vert sett til kroner 4900,-
Stykkpris for middag vert sett til kroner 100,-
Stykkpris for frukost vert sett til kroner 50,-
Stykkpris for kveldsmat vert sett til kroner 50,-

Særutskrift:

- Pleie- og omsorg
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Ved den nye heildøgnsbemanna omsorgsbustaden for eldre, med ønska namn «Eggesbøtun», vil bebruarane få tilbod om å kjøpe «matpakke fullkost».

Dette inkluderer frukost, frukt og saft føremiddag, middag, kaffe og kaker ettermiddag, samt kveldsmat. Nokre av måltida kjem frå kjøkkenet på Herøy omsorgssenter medan brødmaten vert laga til ved omsorgsbustaden. Dette er ei ny teneste i Herøy kommune, medan nabokommunane har hatt ei slik teneste om levering av fullkost til sine heildøgnsbemanna omsorgsbustadar.

Herøy kommune har gjort ei vurdering av pris utifrå ei tilråding som sjustjernesamarbeidet innan helse og omsorg har kome med. Prisane er basert på pristakst i fem andre kommunar, med ein forventa auke i pris i kvar kommune i 2017. Hareid har til no hatt 4800, og Sande 4895. Ulstein har vore noko lavare med 3950,- og Volda/Ørsta har operert med døgnprisar på 150,- og 140,- (4500,-/4200,- per mnd). Forslaget frå sjustjerna helse og omsorg, er at prisen vert 4900,- i alle kommunane. Bakgrunn for dette er felles prosjekt om innføring av elektronisk fakturering i alle kommunane. Ei gevinstrealisering for eit slikt samarbeid, legg til grunn mest mogleg harmonisering av prisar for å unngå ekstra manuelt korrigeringsarbeid samt å gi likare tenester på tvers av kommunegrensene.

Forslaget til sjustjerna er at bebruarane i heildøgnsbustadar i Ulstein, Hareid, Sande, Volda og Ørsta kan velje om dei vil kjøpe:

Fullkost 4900,-
Middag 100,- (3000 pr. mnd)
Frukost 50,-
Kveldsmat 50,-

Summane er utifrå tilråding i Sjustjerna i forhold til harmonisering av priser for elektronisk fakturering.

Vurdering og konklusjon:

Fullkost er ei ny teneste i Herøy kommune, men er vanleg i fleire av våre nabokommunar. Fullkostprisen er rimeligare enn om ein skal velje frukost, middag og kveldsmat kvar for seg, og er også inkludert kaffimat. Det vil vere mogleg å velje stykkpris for enkelte måltid, om ein ikkje ønskjer fullkost.

Rådmannen rår til at Herøy kommune vel same pris som nabokommunane, for å gi likare teneste på tvers av kommunegrensene og samstundes få best mogleg effekt av elektronisk fakturering. Manuelle endringar aukar sjansen for faktureringsfeil.

Konsekvensar for folkehelse:

Tilbodet om fullkost, vil vere positivt for dei som treng eit slikt tilbod.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fullkostpakke er ei ny teneste i Herøy kommune.

Fosnavåg, 21.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Avd.leiar

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse/Avdeling Pleie og Omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2016/1602
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Komite for helse og omsorg	01.12.2016
266/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

KOMMUNAL ORDNING FOR HUSMORVIKAR

Tilråding:

Rådmannen viser til vurdering av ei kommunal ordning med «husmorvikar».
Tiltaket må vurderast i samband med dei innmeldte og prioriterte tiltaka i
budsjettarbeidet for 2017 og i budsjett og økonomiplan 2017-2020.

Særutskrift: Pleie og omsorgsavdelinga
Barn- familie- og helseavdelinga

Vedlegg: Ingen

Saksopplysningar:

Helse- og omsorgskomiteen ba i møte den 10.11.2016 administrasjonen om å legge fram ei sak med vurdering av ei kommunal ordning med «husmorvikar» snarast råd og før budsjettarbeidet for 2017 er slutthandsama politisk.

Husmorvikar er noko ikkje alle i dag er kjent med slik at det kan vere naudsynt å definere omgrepet. Iflg. Wikipedia er det:

*«En **Husmorvikar** var et yrke etablert for å avlaste småbarnsfamilier i de tilfellene der kona/husmora på grunn av fødsel, sjukdom eller av andre årsaker ikke lenger kunne utføre de daglige gjøremål. Arbeidet var særlig knyttet til stell og omsorg for barn, matlaging og rengjøring. Ordningen med kommunalt ansatte husmorvikarer ble igangsatt like etter andre verdenskrig.»*

«Fram til ca. 1970 var husmorvikarordningen en viktig del av kommunenes sosialtilbud. Særlig fra 1970-tallet ble vikarenes arbeidsområde utvidet til også å gjelde eldre mennesker og familier med sosiale problemer. Selv om ordningen nå er kraftig redusert, tilbyr fremdeles mange kommuner, omsorgsbistand rettet mot småbarnsfamilier.» Bergen kommune har til dømes ei slik ordning, omtala som familievikar.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen ser at det i enkelte høve kan vere eit behov for hjelp i heimen utover det kommunen yt i dag til småbarnsfamilier eller til familier med store omsorgsbehov. Det er likevel ikkje antatt at behovet er stort når det gjeld dei tenestene som er rita opp ovafor. Etter ei forsiktig vurdering vil ein anslå ei 25% stilling på årsbasis.

Kommunal teneste i form av «husmorvikar» eller familievikar kan i praksis opprettast innafor helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 pkt. 6, då med ei utvida forståing av plikta for praktisk bistand. Det må ved oppretting av ei slik teneste gjerast ei nærare vurdering av kva hendingar som skal utløyse eit vedtak om husmorvikar, og kor lenge vikaren som hovudregel skal vere inne i heimen. Dei kommunalt vedtekne serviceerklæringane innan praktisk bistand må i tilfelle revurderast og endrast med omsyn til utviding av ordninga.

Dersom ein familie er utsett for store påkjenningar over tid og eventuelt er i ein krisesituasjon, er det viktig at husmorvikaren ikkje vert sendt i staden for spesialutdanna fagfolk som kan handtere slike situasjonar.

Rådmannen viser til budsjettarbeidet for 2017 og dei behova avdelingane innan helse og omsorg har meldt inn. Det er behov for ei stor auke i ressursar for å løyse dei allereie lovpålagte oppgåvene innan pleie- og omsorg, utan av rådmannen har funne rom for å prioritere desse.

Presset på avdelingane for å handtere situasjonen er høg. Eit utvida kommunal tiltak, vil gjer ytterligare press på tenesteleveransen. I val mellom lovpålagt plikt og ei utvida kommunal ordning, vil kommunen fyrst måtte løyse det lovpålagte.

Konsekvensar for folkehelse: Tiltaket vil vere svært positivt, for dei som treng slik hjelp.

Konsekvensar for drift: Det er vanskeleg å seie omfanget av ei slik teneste. Presset på heimetenesta er høg. Ei utvida kommunal ordning vil auke presset.

Rådmannen har ikkje funne rom til å prioritere dei innmeldte lovpålagde oppgåvene i budsjettet for 2017.

Fosnavåg, 17.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen/Renathe Rossi-Kaldhol



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/910
		Arkiv:	L13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
267/16	Formannskapet	29.11.2016

DETALJREGULERINGSPLAN FOR TARBERG HYTTEOMRÅDE GNR. 62/2 M.FL - OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-10 å leggje vedlagt framlegg til detaljreguleringsplan for del av Tarberg, gnr. 62, bnr. 2 m. fl. ut til offentlig ettersyn i seks veker.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal Fylkeskommune
B. Tarberg AS, Tarbergsvegen 3, 6076 Moltustranda
Statens Vegvesen
Kystverket, Region midt.
Noregs Vassdrags og Energidirektorat (NVE)
Barnerepresentanten
Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Vedlegg:

1. Referat frå oppstartsmøte
2. Varslingsbrev - Varsel om oppstart
3. Plangrense
4. Innspel til varsel om oppstart
5. Støyfagleg utgreiing
6. ROS-analyse
7. Handsaming av innspel
8. Planomtale
9. Plankart
10. 3D illustrasjon av planforslaget
11. Føresegner

Saksopplysningar:


Planområdet ligg på Tarberg i Herøy kommune. Frå planområdet er det om lag 1,5 km til Moltu og om lag 17,5 km til Fosnavåg sentrum. Målet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av naust og hytter, samt hamneplass til småbåtar og eit fritidsområde med badeplass, parkering og tilkomstveg m.m.

Reguleringsforslaget er fremja som ein detaljplan iht. PBL 12-3. Området er ikkje tidlegare regulert med detaljreguleringsplan, men er omfatta i kommuneplanen sin arealdel (2015).

Tiltakshavar er Kjellmar Svein Tarberg, med Aleksander Zahl Tarberg frå B. Tarberg AS som utførande planleggar for planarbeidet.

Planområdet ligg på nordleg side av Fv 10 Moltuvegen ved Tarberg, og grensar i nord mot Herøyfjorden. Planområdet ligg plassert sør for eksisterande småbåthamn på Tarberg der det allereie er etablert steinmolo, båtplassar og naustrekker med tilkomstveg (figur 1). Nord for planområdet ligg ei rekkje skjær og holmar i Herøyfjorden som gir ei naturleg bryting av bølger frå fjorden. I sør grensar planområdet til Fv 10, Moltuvegen. Som skil planområdet frå dyrkamark og bustadar på Tarberg.

Delar av planområdet er allereie utbygt, med ei eksisterande hytte (gnr. 62, bnr. 49) i søraustleg del. Det eksisterer også tilkomstveg til småbåthamna og nausta nord for planområdet med avkøyrsløp frå Fv 10, samt ein grusveg som går til eksisterande hytte. Området er difor ikkje uforstyrta, men er relativt lite utbygd.



Figur 1: Dagens situasjon for planområdet og nærområdet. Plangrense er vist med svart stipla linje.

Oppsummering av kva detaljreguleringa vil omfatte

- Ei oppfølging av kommuneplanen sin arealdel med ei detaljregulering der føremålet er etablering av fritidsbustader (hytter), naust og småbåtplassar innanfor eksisterande molo.
- Oppretting/grensesetting av hytte- og nausttomter.
- Felles privat køyreveg (Hamnevegen, V1 og Sjøvegen V2).

Det vart halde oppstartsmøte mellom kommuna, tiltakshavar og konsulent på rådhuset 23.08.2016. Området er ikkje tidlegare regulert, men er omhandla i kommuneplanen sin arealdel. Det vart varsla oppstart med frist for innspel sett til 23.09.2016. Det kom inn totalt 8 brev med innspel til varsel om oppstart.

Planforslaget

Arealbruk

Planforslaget legg til rette for totalt 12 nye naust innanfor områda BK1-2, med tilhøyrande uteområde for nausta og parkering. Området er tenkt utfylt, som ei vidareføring av allereie utfylt/opparbeidd areal. Det er vidare tenkt 4 nye hyttetomter i tillegg til den som allereie er plasser der i dag. Desse tomtene er tenkt utfylt i sjø frå sør mot nord og vest, som ei vidareføring av allereie etablert fylling. For sjøområdet i nord er det tenkt hamneområdet med moglegheit for utlegging av flytebrygger med tilhøyrande landgang og landfeste. Eksisterande hamneveg inngår i planarbeidet og er ei stadefesting av allereie etablert arealbruk, der vegen følgjer dagens trase. Sjøvegen sør for hyttene er tenkt noko omlagt i høve dagens trase, dette for å gi betre arealutnytting og mogleg opprusting til dagens behov.

Lengst aust i planområdet blir dagens badeområde stadfesta gjennom plan med badeplass i sjø og tilhøyrande friområde rundt. Tilkomstveg gir moglegheiter for fleire brukargrupper å ta del i friluftsliv gjennom universell utforming. Mellom fylkesvegen er det i plan lagt til rette for at det kan etablerast ein jordvoll som vil kunne skjerme bebyggelsen frå trafikk og innsyn. Det er teke med omsynssoner til gul støysone og sone for utstrekning for etablering av jordvoll. Planforslaget følgjer i hovudtrekk opp overordna kommuneplan med vidareføring av arealbruken, men har nokre mindre justeringar kring formålsgrenser.

Byggjeareal

BUN1 og BUN2

I område merka BUN1 og BUN2 skal det byggjast naust i ein etasje med hems. Maksimalhøgda skal ikkje vere over 6,5 meter. Nausta skal plasserast som vist innanfor føremålsgrensa på plankartet med ei grunnflate på 6 m x 10 m. Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over NGO kote 0 avhengig av terrengtilhøva på staden. Alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonerast og

utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo. Nausta skal byggjast etter same estetisk utforming som etablerte naust i tilstøytande hamneområdet. Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også på lister og annan detaljering. Nausta kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar. Naust skal nyttast som uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. Hemsen/loftsromet skal ikkje ha målverdig areal. Nausta skal ikkje vere isolert. Det er forbode å legge til rette for overnatting og varig opphald i nausta.

Naustgruppene BUN1 og BUN2 er regulert med ein samla storleik på 360 m² pr gruppe og difor under brannkravet i føresegnene til kommuneplanen.

BFF1 – frittliggjande fritidsbustader

I området BFF kan det førast opp frittliggjande hytter i ein etasje med hems. Bygningane skal plasserast innanfor byggjegrensene som vist på plankartet. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 5,5 m og gesimshøgda til 4,0 m frå topp grunnmur /fundament. Det kan lagast til terrasse/platting på inntil 30 m². Utnyttingsgrad BYA% = 30. Det vert tillate med oppføring av carport på 20 m² med mønehøgd inntil 3.0 meter. Carport kan plasserast inntil 2,5 parallelt med regulert vegkant. Parkeringsplass pr tomt skal vere 1 biloppstillingsplass og 1 plass til gjesteparkering. Nye fritidsbustader skal plasserast med ferdig gulv på cote + 2.75 NN54. Framfor tomtene blir det tillate å etablere felles bryggefront framfor fritidsbustadane mot småbåthamna i nord. Endeleg utforming, dimensjon og materialval skal fastsetjast ved byggesak. Det skal leggjast vekt på å gje sjøfronten ei estetisk god utforming sett frå sjøsida.

Område G (Grønnstruktur)

Området er friområde på land for ope for ålment ferdsel. Innanfor området kan det førast opp mindre konstruksjonar som grillplass, benkar, gapahuk som naturleg høyrer heime i eit tilrettelagt friområde. Det vert tillate med opparbeiding av stiar med fast vegdekke for ferdselsårer for ivaretaking av kravet til universell utforming. Innanfor grønnstrukturområdet mot fylkesvegen i sør, vert det tillate med etablering av ein jordvoll i total maks.høgde på 2.5 meter over asfaltert vegbane. Jordvollen skal plasserast innanfor plangrensa. I avslutning mot felles privat køyreveg 2 og vendehammar, vert det tillate med bruk av natursteinsmur mellom vegareal og grønnstruktur.

Friluftsområde i sjø (FS)

Området er friområde i sjø, badeplass, som er ope for ålment ferdsel.

Hytteområdet

For hytteområdet vert det tillate med oppføring av carport på 20 m² med mønehøgd inntil 3.0 meter. Carport kan plasserast inntil 2,5 parallelt med regulert vegkant. Parkeringsplass pr. tomt skal vere 1 biloppstillingsplass og 1 plass til gjesteparkering.

Naust og småbåthamn


For naustområdet er det sett av 1 parkeringsplass pr. naust og 0,5 parkeringsplass pr. båtplass.

Vurdering og konklusjon:

Planmaterialet som ligg føre er godt gjennomarbeidd i forhold til kommunen sine krav. Planframlegget er ein detaljplan som utfyller, og samsvarer med gjeldande føringar i kommuneplanen sin arealdel (figur 2).

Tiltaket vart tidleg i planprosessen vurdert i høve «Forskrift om konsekvensutgreiing» etter plan- og bygningslova, og det vart konkludert med at tiltaket ikkje hadde vesentlege konsekvensar for miljø og samfunn, slik at ei konsekvensutgreiing ikkje var naudsynt.

Planomtalen som ligg ved saka skildrar planen med tilhøyrande problemstillingar på ein god måte. Plankonsulent har kommentert og gjort greie for dei innspel som har kome til planoppstart på ein tilfredstillande måte.



Figur 2: Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel.

Fosnavåg, 16.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE – PRIVAT REGULERINGSPLAN

Etter ny plan- og bygningslov (plandelen av 27. juni 2008 nr. 71) er det obligatorisk med oppstartsmøte ved utarbeiding av privatreguleringsplan (jf. § 12-8).

Målet med oppstartsmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlag for ein god planprosess. Kommunen vil kunne gi svar på ein del spørsmål i samband med oppstartsmøtet, under føresetnad av at kommunen på førehand har fått eit oversiktskart som viser aktuelt område og informasjon om målet med reguleringsplanen (intensjonar, formål og omfang).

Dette skjemaet skal difor fyllast ut så langt det let seg gjere og leverast til kommunen minst ei veke før oppstartsmøtet. Referatet skal godkjennast av partane med underskrift etter møtet..

Sak:	
Møtestad:	Møtedato:
Deltakarar:	
Frå forslagsstillar	Frå kommunen
Aleksander Zahl Tarberg	<i>Ole Magne Rotevatn</i>
Kjellmar Tarberg	<i>Erlend S. Vibestrand.</i>
Andre:	

1. Planføresetnader

Plantype

- ☐ Områderegulering
- ☒ Detaljregulering
- ☐ Endring av reguleringsplan

Området er omfatta av følgjande planar (informasjon finn ein her www.sunnmorskart.no)

Kommuneplanen sin arealdel Fritidsbustader, naust, småbåthamn, sjøareal (kombinert)

Kommunedelplan.....

Reguleringsplan.....

Bebyggelsesplan.....

Andre planar/vedtak (fylkesdelplan).....

☐ Planen vil erstatte følgjande planar i si heilheit:

☐ Planen vil erstatte delar av følgjande planar:

Avgrensing av planområdet (www.sunnmorskart.no)

Tiltakshavar kjem med framlegg til avgrensing av planområdet. Kommunen kjem med innspel til framlegget. Ev. forslag til justert avgrensing, blir tilsendt etter oppstartsmøtet.

Mål for planarbeidet:

Forslagsstillar skildrar mål med planarbeidet og kjem med framlegg til formål

Oppføring av nye fritidsbustader, naust, småbåthamn og utnytting av området i sjø med flytebrygger

Namn på planen:

Forslagsstillar sitt forslag til namn: "Detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde gnr 62 bnr 2 m.fl"

Kommunen kjem med tilbakemelding med omsyn til namn på planen.

☒ Planforslaget er i samsvar med overordna plan.

☐ Planforslaget er ikkje samsvar med overordna plan.

Merknad:

Pågåande planarbeid

☒ Det pågår ikkje anna planarbeid i området

☐ Det pågår følgjande planarbeid i området:

Merknad:

Planprogram

Utløyser planen krav om planprogram ?(jf. § 4-1 i planlova) ?

Merknad: *Nei*

Konsekvensutgreiing

Utløyser planen krav om konsekvensutgreiing (jf. § 4-2 i planlova)?

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal planomtalen gi ei særskilt vurdering og skildre planens verknader for miljø og samfunn (jf. FOR 2009-06-26 nr. 855: Forskrift om konsekvensutgreiingar, med vedlegg)

Merknad: *Nei*

Felles handsaming av reguleringsplanframlegg og byggjesak

Er det aktuelt med felles handsaming av plan- og byggjesak (jf. § 12-15 i planlova)

Merknad: *Nei*

2. Lokale forskrifter og retningslinjer som gjeld for planområdet:

☐ Kommunale vedtekter/forskrift

- parkeringsvedtekt
- forskrift om gebyrregulativ

☐ Kommunale retningslinjer

- kommuneplanen sine retningslinjer
- krav til leikeplassar

☐ Bestemmelsar i arealdel av k-plan

Merknad:

3. Viktige vurderingar

3.1 Planfaglege vurderingar (utnyttingsgrad, krav til stigning m.m.) 3.2. Strandsona til sjø og vassdrag 3.3 Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar 3.4 Miljøvern faglege vurderingar 3.5 Kulturlandskap og kulturminne 3.6 Samfunnssikkerhet og beredskap (ROS) 3.7 Barn, unge, ungdom, funksjonshemma og eldre sine interesser 3.8 Kommunikasjon, veg og vegtekniske forhold/ trafiksikkerheit, støy 3.9 Kommunaltekniske anlegg 3.10 Økonomiske konsekvensar for kommunen ☐ Anna:	Spesielle forhold – tilleggsopplysningar: <i>Vegplanen er i LNF-område</i> <i>- Stasjonsområdet i forhold til byggesaker</i> <i>- Følgende har fått seg trykkt</i> <i>forbuds</i> <i>- Vegi Anklaget er under bygg</i> <i>kotehøyden eller høydeplanen til</i> <i>arealplanen</i> <i>- VA: Vasslegg vassplanen</i>
---	---

4. Krav til utarbeiding av privat reguleringsplan:

Forslagsstillar skal følgje kommunen sine krav til utarbeiding av reguleringsplan Sjå Herøy kommune sine krav til utarbeiding av privat reguleringsplan med vedlegg	Merknad:
---	-----------------

5. Kommunalteknisk anlegg

Forslagsstillar er gjort kjent med kommunaltekniske anlegg for veg, vatn og avløp som har betydning for tiltaket.	Merknad:
--	-----------------

☐ Tiltaket forutset utbygging/utbetring av det kommunaltekniske anlegget	Nei
☐ Tiltaket utløyer krav om Utbyggingsavtale, jf. Herøy kommune si norm for Utbyggingsavtale	

6. Kommunen sine råd og vurderingar

Er planforslaget i samsvar med overordna plan? *Ja*

Er utnyttinga i samsvar med areal og terreng? *Delvis*

Vil kommunen kunne tilrå utarbeiding av plan? *Ja*

Skal forslaget leggjast fram for formannskapet? *Nei*

Vidare saksgang:

Konsulent varsler oppstart.

Anna:

7. Stadfesting

Informasjon frå kommunen er gitt så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengeleg informasjon under oppstartsmøtet. Verken oppstartsmøtet eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Protestar frå naboar og andre, krav frå offentlege mynde o.a. vil kunne føre til krav om endring av prosjektet.

Stad, dato *Førde, 23.08.2016*

Representantar frå kommunen: *Anders Vikebush - Ole Magnus Røed*

Referatet er godkjent og mottatt

For forslagsstillar *Kjellmar Tarberg*
Alvander Tarberg

Moltustranda 22.08.2016


Til

Grunneigarar, naboar offentleg mynde
lag og organisasjonar

Vår referanse: 201645

VARSEL OM OPPSTART AV PRIVAT PLANARBEID –

«Detaljreguleringsplan for gnr. 62 bnr. 2 m.fl Tarberg hytteområde»




Lokalisering av planområdet
DETALJREGULERINGSPLAN PBL § 12-3

Planarbeid

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) vert det med dette varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3. Denne varslinga rettar seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Planområdet

Varslinga gjeld utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit nærare avgrensa område for gnr. 62 bnr. 2 på Tarberg (Moltustranda) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa som vist med stipla linje på vedlagt kartutsnitt. Området omfattar eit areal på om lag 28 daa.



Formål med planarbeidet

Forslagstiller ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye fritidsbustader, naust og utlegging av flytebrygger samsvar med kommuneplanens arealdel.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA


TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no


Gjeldande planstatus for området

Reguleringsplan:



Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor aktuell plangrense. Planområdet er tilpassa Plan- id: «199701 VEG SANDE GRENSE – TARBERG» i sør, slik at plangrensa vert samanfallande med reguleringsplanen for fylkesvegen.

Kommuneplan:



Gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for fritidsbustader (FB14), naust AN12 og framtidig småbåthamn, LNFR-areal.

Det ligg eit plankrav (RP) i kommuneplanen som seier at det skal utarbeidast ein reguleringsplan før større byggje- og anleggstiltak innanfor den avgrensa stipla linja for området.

Forslag til privat detaljreguleringsplan vil følgje opp hovudtrekka i kommuneplanens arealdel, men det kan kome justeringar knytt til formålsgrenser slik desse er vist i overordna plan.

Planprogram og konsekvensutgreiing (KU)

Planområdet er ei detaljregulering som skal følgje opp hovudtrekka i kommuneplane. Det aktuelle tiltaket med tiltenkte formål er difor i tråd med overordna arealplan. Planarbeidet er også vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Det er konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen.

B. TARBERG AS – TARBERERGVEGEN 3 – 6076 MOLTUSTRANDA

TELEFON 91385798 | 46674461 – ORG.NR 944 082 026

b.tarberg@tussa.com

www.btarberg.no

Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem innanfor planområdet. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekkliste frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Aktuelle arealformål og hovudprinsipp for planarbeidet

- Fritidsbustader - frittliggjande (FB)
- Naust (BK)
- Friområde (FRI)
- Køyreveg (f_V)
- Annan veggrunn (AVG)
- Parkering (P)
- Grønstruktur (FRI)

I samband med planprosessen vil ein også vurdere om det aktuelt med relevante tilhøyrande formål og omsynssoner.

Forslagstillar har tidlegare fått dispensasjon og løyve til utfylling i sjø for oppføring av 1 fritidsbustad. I planforslaget er området for fritidsbustader tenkt vidareført i vestleg retning mot «Hamnevegen», der fritidsbustadane er betjent av ein «sjøveg» som går frå vest mot aust. Nye naust er tenkt plassert i retning sør-nord langs hamnevegen med tilhøyrande parkeringsplasser. For området i sjø er det tenkt at dette gjennom plan blir opna opp til å legge ut flytebrygger med tilhøyrande landfeste. Det er også tenkt at ny plan skal opne opp for etablering av byggekant mot hamneområde i sjø. Forslagstillar ynskjer moglegheiter for å bygge ein jordvoll mellom «sjøvegen» og fylkesvegen for skjerming av fritidsbustadane.

Medverknad, vidare planprosess og innspel til planarbeidet

Grunneigarar, offentleg mynde, lag og organisasjonar og dei som blir direkte råka av planarbeidet vil i løpet av prosessen få moglegheiter til å medverke i planarbeidet. Dette vil inneberer at dei som har innspel eller synspunkt til planarbeidet, må sende desse innspela skriftleg til oppsett adresse innanfor dei fristane som blir opplyst ved kunngjering.

Planprosessen skal følgje reglane i plan- og bygningslova. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL) § 12-3, og vil innehalde eit plankart, reguleringsføresegner og planomtale med tilhøyrande vedlegg.

Dersom du har innspel til planarbeidet skal desse vere skriftlege og sendast til:

B. Tarberg AS
Tarbergvegen 3
6076 Moltustranda


E-post aleksander@btarberg.no

Tlf: 46674461

Merk innspelet med tittelen; «**Detaljregulering for Tarberg hytteområde 62/2**»


Frist for innspel: **23.09.2016**

Med vennleg helsing


Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

Vedlegg:

1. Kart med planavgrensing ; 1:1500 i A3-format



Detaljreguleringsplan Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2				
Dato 21.06.2016	Konstr./tegnet AZT	Gedkjent	Målestokk 1:1500	
Plangrense				Erelatning for:
B. TARBERG AS				Erstatlet av: 901
Henvisning:		Beregning:		Kjellmar Tarberg

7

B. Tarberg AS
Tarbergvegen 3
6076 MOLTUSTRANDA

Vår dato: 26.08.2016
Vår ref.: 201604525-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 22.08.2016
Dykkar ref.: 201645 - aleksander@btarberg.no

Sakshandsamar:
Terje Systad

Innspel til oppstart av privat planarbeid - Detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde GBr 62/2 mfl - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 22.8.2016. Saka gjeld oppstart av reguleringsplan for Taberg
hytteområde.

NGU sine lausmassekart (www.ngu.no) syner at lausmassane i planområdet består av marine
strandavsetningar. Marine strandavsetningar kan ligge over leire, ein kan difor ikkje sjå vekk frå at det
kan finnes ustabile masser i planområdet. I ROS- analysen må det gjerst ei vurdering av om grunnen
kan bestå av ustabile massar. Dersom ein ikkje kan avkrefte skredfare frå ustabile massar, må det
gjerst ei grundigare geoteknisk undersøking for å eventuelt avdekke fare for utgliding/ setningsskadar.
Vi syner spesielt til prosedyre for utgreiing av aktsendsområde og faresoner i NVE sin
kvikkleirettleiar 7/2014 «Sikkerheit mot kvikkleireskred».

Dersom ein planlegg utfyllingar i sjø må ein gjere ei geoteknisk vurdering av områdestabiliteten og
grunnforholda i sjøen slik at tiltaket ikkje medfører risiko for utglidingar eller setningsskadar.

Framtidige klimaendringar kan medføre eit stigande havnivå. Rettleiaren frå Klimatilpassing Norge
«*Håndtering av havnivåstiging i kommunal planlegging*» gjev råd for korleis det kan takast omsyn til
forventa havnivåstiging og stormflo i arealplanlegginga. Rapporten «*Havnivåstiging, Estimater av
framtidige havnivåstiging i norske kystkommunar (reviurdert 2009)*» gjev eit anslag for høgda på
framtidig 100 års stormflo. For å få høgda til 200 års stormflo skal 10 cm leggst til 100 års stormflo.
Bølgepåverknad kjenn i tillegg og må takast med i vurderinga. Fareområde må innarbeidast i planen og
synast som omsynssone (jf PBL § 12-6), og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik
før utbygging kan finne stad.

Med helsing

Brigt Samdal
regionsjef

Terje Systad
overingeniør

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Nausidalen 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæn 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

2

Aleksander

Fra:
Sendt:
Til:
Emne:

Camilla Storøy <camilla.storoy@heroy.kommune.no>
30. august 2016 21:55
Aleksander
Re: 201645 - Varsel om oppstart av privat planarbeid -
Detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2 m.fl - 1515
Herøy kommune

Hei!

Som barnrepresentant vil eg berre forsikre meg om at de tek i vare barn og unge si interesse for fks leikeareal og tryggleiken for desse i det vidare planarbeidet.

MvhCamilla Storøy

Sendt fra min iPhone

Den 23. aug. 2016 kl. 12.17 skrev Aleksander <aleksander@btarberg.no>:

Vedlagt følger varsel om oppstart av privat planarbeid for detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2 med fleire. Varslinga gjeld oppstart av privat planarbeid med varslingsbrev og planavgrensing.

Dersom de har innspel til planarbeidet må sende desse skriftleg (helst på e-post) til undertekna innan oppgitt frist i vedlagt brev.

Med vennlig hilsen

Aleksander Zahl Tarberg
B.TARBERG AS
Tarbergsvegen 3
6076 Moltustranda
Mob: 46674461

<201645_Varslingsbrev_Detaljreguleringsplan_62_2_Tarberg hytteområde_2208....pdf>
<201645-Vedlegg_2_Kartutsnitt_planavgrensing_21062016.pdf>

No virus found in this message.

Checked by AVG - www.avg.com

Version: 2016.0.7752 / Virus Database: 4649/12915 - Release Date: 08/31/16



Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane Herøy - Ulstein - Hareid

3

B. Tarberg
Tarbergvegen 3
6076 MOLTUSTRANDA

Telefon: 70 08 46 70
Adresse: Dragsundvegen 6, 6080 Gurskøy
E-post: kontor@landbrukskontoret.no
Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:

Vår ref:
AKL

Dato:
31.08.25016

Oppstart av privat planarbeid for Tarberg hytteområde 62/2

Ut ifrå våre saksområde har vi ingen merknader til oppstart av planarbeidet.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef



Statens vegvesen



Møre og Romsdal
fylkeskommune

4

B. Tarberg AS
Tarbergsvegen 3
6076 MOLTUSTRANDA

Behandlande eining:	Sakshandsamar/telefon:	Vår referanse:	Dykkar referanse:	Vår dato:
Region midt	Halvard Sæverud / 93260501	16/129260-2	201645	05.09.2016

Fv 10 – Herøy kommune – Gnr. 62 bnr. 2 m.fl. – Varsel om oppstart av privat planarbeid – Detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde – Uttale

Viser til brev av 22.8.2016 frå B. Tarberg AS, med varsel om oppstart av utarbeiding av detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde under gnr. 62 bnr. 2 m.fl. i Herøy kommune.


Til varsla planarbeid har Statens vegvesen desse merknadane/innspeila:

→ Avkøyrslø/tilkomst

Vi føreset at avkøyrsla frå fylkesvegen vert lagt til eksisterande avkøyrslø vest i planområdet, i tråd med uttalen vi gav 8.1.2014 i det framlegget til arealdelen i kommuneplanen låg ute til offentleg ettersyn.

→ Støy

Etter det vi kan sjå fell deler av planområdet innanfor gule støysone på støyvarselkart utarbeidd av Statens vegvesen. Støyvarselkartet er basert på at det alltid skal gjerast meir nøyaktige utrekningar og vurderingar i samband med planlegging av arealbruk som tek sikte på etablering av støyfølsam utbygging/bygg



Utsnitt støyvarselkart utarbeidd av Vegvesenet

Vi føreset at det i tilknytning til varsla planarbeidd vert utarbeidd ei støyfagleg utgreiing. I retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga (T-1442/2012) er det sagt at ei støyfagleg utgreiing er: *“En utredning hvor det dokumenteres at støymessige forhold er ivarettatt i forhold til gjeldende retningslinjer og forskriftskrav. I utredningen skal behov for avbøtende tiltak og tilhørende kostnader synliggjøres.”*

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse Statens vegvesen Region midt Postboks 2525 6404 MOLDE	Telefon: 02030 firmapost-midt@vegvesen.no Org.nr: 971032081	Kontoradresse Vestre Olsvikveg 13 6019 ÅLESUND	Fakturaadresse Statens vegvesen Landsdekkende regnskap 9815 Vadso
---	---	--	--

Utover dette har vi i denne omgang ikke særlege merknader og innspel til varsla planarbeid.

Nærare detaljer vert å kome attende til når framlegg til reguleringsframlegg ligg føre etter regelverket i plan- og bygningslova.

Med helsing

Plan- og trafikkseksjonen

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Herøy kommune i Møre og Romsdal, Postboks 274, 6099 FOSNAVÅG
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE



KYSTVERKET

Midt-Norge

B TARBERG AS

6076 MOLTUSTRANDA

Dykker ref.:	Vår ref.:	Arkiv nr.:	Saksbehandler:	Dato:
	2016/4635-2		Børre Tennfjord	16.09.2016

Oppstart av privat planarbeid - Detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2 m.fl. - 1515 Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket har mottoke til uttale eit varsel om oppstart av privat planarbeid i samband med etablering av hytteområde på gnr.62, bnr.2 m.fl. i Herøy kommune.

Frist for tilbakemelding er sett til 23.september 2016.

Planfakta

I samsvar med §12-10 i plan- og bygningslova (PBL) vert det varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding av reguleringsplan etter PBL §12-3. Varslinga gjeld utarbeiding av plan for eit nærare avgrensa område for gnr.62, bnr.2 på Tarberg (Moltustranda) i Herøy kommune. Planområdet er avgrensa med stipla linje på eit varslingskart. Jf. dette kartet har området på ein storleik om lag 28 daa.

Ein ønskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye fritidsbustader, naust og utlagde flytebrygger i samsvar med kommuneplanen sin arealdel.

Arealplanstatusen for varsla område er gjeldande kommuneplan frå 2015. I denne er det innanfor planområdet avsett område til fritidsbustader, naust og småbåthamn, samt at det grensar til LNF-område og vegfremål. Det er ligg føre eit plankrav i kommuneplanen om plikttig regulering på deler av det varsla området.

Det er ikkje naudsynt med KU etter ei vurdering om påverknaden planen har på omgjevande miljø og samfunn.

Kort om Kystverkets ansvar

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning og sjøverts samferdsel. Staten er eit forvaltingsorgan underlagt Samferdselsdepartementet og har fagleg ansvar for sikring og framcome i norske farvatn og hamner. Kystverket skal gjennom sitt arbeide ivareta nasjonale interesser og føringar.

Region Kystverket Midt-Norge

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ALESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Kystverket arbeidar for å sikre god framcome, trygg ferdsel og forsvareleg bruk og forvaltning av farvatnet, samt effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

For å ivareta sjøsikringa i norske farvatn, har Kystverket etablert ein omfattande infrastruktur og maritime tenester. Den fysiske infrastrukturen er sammansett av fyr, sjømerke, skilt, etablering og utbeting av farleier og fiskerihamner.

Dei maritime tenestene omfattar mellom anna losteneste, utskrivning av farleisbevis, trafikk-overvaking og -kontroll, elektroniske navigasjonshjelpemiddel, meldings- og informasjons-tenester (is-, bølge-, straum- og vindvarslng, samt navigasjonsvarsel). Kystverket har også ansvaret for staten sin beredskap mot akutt forureining og harnnesikring i norske hamner med internasjonal trafikk (ISPS).

Vår vurdering

Kystverket sitt ansvarsområde er først og fremst kopla til sjøareala i planen og dei sjønære areala som kan seiest å ha ein verknad på ferdselstilhøva. Våre innleiande kommentatar til planarbeid er generelt knytt til relasjonar i desse parametrene.

Planverktøy

Kystverket vil foreslå at ein nyttar seg av Kystinfo, kystverket sitt planleggingsverktøy og kartteneste, som finns på www.kystverket.no. Her finn ein sjøkart og andre oppdaterte og sjørelaterte opplysingar.

Informasjon på rette sjøkartar vil vere ein tilvekst til planarbeidet saman med bind 4. av Den Norske Los. Der finn ein informasjon som er viktig for all ferdsel på sjøen, det vere om navigasjonsinstallasjonar (lykte, blink, merke, bøyer, stakar), farleier, moloar, ankringsområde, sjøkablar, sjøleidningar m.m..

Vedlagte varsel om planoppstart og framlegg til reguleringsområde, vil etter Kystverket sin oppfatning, ikkje ha nokon særleg verknad på statlege anlegg og installasjonar. Vi har så langt ingen innspel til varselet.

Med helsing

Harald Tronstad
regiondirektør

Børre Tennfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimotakrar:
Herøy kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fiskeridirektoratet Region Midt

Fylkeshuset
Postboks 185 Sentrum

8850 HERØY
6404 MOLDE
5804 BERGEN



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandler, innvalgstelefon
seniorrådgiver Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
22.09.2016
Dykkar dato
22.08.2016

Vår ref.
2016/4961/KABJ/421.4
Dykkar ref.

B. Tarberg AS
Tarbergsvegen 3
6076 MOLTUSTRANDA

**Herøy kommune
Detailregulering - reguleringsplan gnr62 bnr2 m.fl Tarberg hytteområde
Oppstart**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Forslagstiller ynskjer å legge til rette for nye fritidsbustader, naust og utlegging av flytebrygger. Tiltaket er langt på veg i samsvar med kommuneplanens arealdel, men strekkjer seg lenger aust både på land og i sjøen enn det som er avklåra i overordna kommuneplan. Fylkesmannen legg til grunn at planen vert utarbeidd i samsvar med vedtatt arealbruk i kommuneplanen.

Nord for planområdet er det eit større naustområde med småbåthamn. Vi rår til at ein tek med også dette arealet i planområdet, for å sikre ei breiast mogleg vurdering av tilhøva på staden og at alle omsyn blir vurderte.

Barn og unge

Planområdet går lenger aust enn det som er i tråd med kommuneplanen. Austlege del av planområdet omfattar ei bukt med fin sand som er eigna for bading. Området bør bevarast for bruk av både hyttefolket og andre som ynskjer å nytte stranda til bading. Dersom planområdet skal strekkje seg lenger mot aust enn det som er i tråd med kommuneplanen, må dette området setjast av til friområde med føresegn om at dette er ei badestrand. Dette gjeld både på land og i sjøen. Vi vil vurdere motsegn mot planen dersom dette kravet ikkje blir imøtekome.

Natur- og miljøvern

Oppstartsvaretset nemner naust som aktuelt arealføremål innanfor planområdet, men seier ikkje noko om småbåthamn eller båtopptrekk. Vi vil tru at det kan bli ønske og behov for ei eller anna løysing for dette. Vi minner difor om at ved eventuell mudring og/eller dumping i sjø ved etablering av småbåthamn, skal dette skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Skal det fyllast ut i sjø, må ein først undersøke om sjøbotn er forureina. Undersøkingane må gjerast i tråd med rettleiar «Håndtering av sedimenter». M-350/2015. Dersom sjøbotn er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11 før utfyllinga kan starte opp.

Dei grunne sjøområda her er viktige næringsområde for sjøfugl og ender. Dersom det planleggast utfylling i sjø, må ein gjennomføre tiltaket slik at ein tek omsyn til botnforholda og nyttar silduk for å hindre partikkelspreiing og nedslamming av sjøbotnen. Dette gjeld også for byggekant mot harnneområde i sjø, som oppstartsvareselet nemner. Ein slik byggekant må få ei estetisk god utforming og vere godt tilpassa området elles.

Støy

Sørilige del av planområdet, som i kommuneplanen ligg som område for fritidsbustader, ligg inntil Moltuvegen (fylkesveg), og ligg i vegvesenet sitt støysonekart i gul støysone. Det må difor gjerast ei støyfagleg vurdering. Denne skal leggjast til grunn for eventuelle nødvendige støyreduserande tiltak. Slike tiltak skal gå fram av plankart og føresegner, med krav til rekkjefølgje.

Samfunnstryggleik

Området som skal regulertast er ifølgje Gislink.no innanfor aktsemdsområde for flaum. Her må ein ta høgde for havnivåstigning i planlegging av naustplassering. Elles ser vi at det er planlagt å etablere ei ROS-analyse for området og ser fram til å sjå den.

Konklusjon

Vi ber om at det blir tatt omsyn til våre merknader i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf 712 58489

Kopi:

Herøy kommune
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

7

Aleksander

Fra:	Anders Smith-Øvland <Anders.Smith-Ovland@mrfylke.no>
Sendt:	23. september 2016 09:51
Til:	aleksander@btaberg.no
Emne:	Herøy kommune - detaljregulering - privat reguleringsplan Tarberg hytteområde gbhr 62/2 m fl - B. Tarberg AS - foreløpig svar

Hei!

Vi har ikkje fått sett gjennom saka. Det føreligg ingen særskilte merknader frå fagsaksbehandlarar (automatisk freda kulturminne). Sjå også uttale frå sjøfartsmuseet nedanfor. Vi vil samanfatta eit formelt brev over helga.

*Vetr. Herøy kommune - detaljregulering - privat reguleringsplan Tarberg hytteområde
gbhr 62/2 m fl - ber om marinarkeologisk uttale. Forholder til marine kulturminne.*

Me viser til e-post mottake 25.08. 2016.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Tarberg gbhr. 62/2 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at dei ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksom på at tilkashavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområdet finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotten kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vass straks stoppest. Verkemda må i så fall ikkje takast opp att for museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brøt på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne

*For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Eirik Søyland
Marinorkeolog
55 54 96 02
marinorkeolog@sjofartsmuseum.no*

Mvh

Anders Smith-Øvland
Overarkitekt/rådgivar

Møre og Romsdal fylkeskommune

E-post: anders.smith-ovland@mrfylke.no

Tlf: (+47) 71 25 82 91

Mob: (+47) 95 99 98 01

Nettside: www.mrfylke.no

8



Møre og Romsdal
fylkeskommune

B. Tarberg AS
Tarbeergsvegen 3
6076 MOLTUSTRANDA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandler:	Vår dato:
201645	22.08.2016	81907/2016/REGULERINGSPLAN/1515	Anders Smith-Øvland, tlf. 71 25 82 91	27.09.2016

Herøy kommune - detaljregulering - privat reguleringsplan Tarberg hytteområde gbnr 62/2 m fl - fråsegn til varsel om oppstart

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne i sjø

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Tarberg gbnr 62/2 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
overarkitekt

Kopi:
Herøy kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

B.Tarberg AS
v/ Aleksander Zahl Tarberg

Stavanger 05.10.2016

Vår ref: 10836500-0-B01

Dykkar ref:

Best.nr. -

VEDR.: Tarberg hytteområde, gnr/bnr 62/2, Herøy kommune. Trafikkstøyvurdering.

Generelt

På gnr/bnr 62/2, Tarberg, i Herøy kommune skal det leggst til rette for nye fritidsbustadar. Statens vegvesen sitt støyvarslingskart for Herøy kommune viser at tomte grensar til gul støysone frå FV 10 Moltuvegen. Trafikkmengda på vegen er opplyst å vera på kun 500 køyretøy i døgnet. Sinus AS har derfor gjort ei forenkla vurdering av støy frå Moltuvegen i denne saka.

Regelverk

Ved planlegging og handsaming av enkeltsaker etter plan- og bygningslova skal kommune og aktuelle statlige etatar nytta Miljøverndepartementet si retningslinje, T-1442: *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging*.

Etter krav i T-1442 bør anleggseigar utarbeida to støysoner rundt viktige støykjelder, ei raud og ei gul sone. I den raude sona er det ein hovudregel at bygningar med bruk som er sensitiv for støy ikkje skal byggjast, mens ein i den gule sona kan vurdera å tillata slike bygningar. I så fall må ein dokumentera at ein med avbøtande tiltak kan få ein tilfredsstillande støysituasjon. Grensene for gul og raud sone er vist i tabellen under.

Tabell 1: Støysoneinndeling frå T-1442, alle tal i dB.

Støykjelde	GUL SONE		RAUD SONE	
	Støynivå på uteplass og utanfor rom med støysensitiv bruk	Støynivå utanfor soverom, natt kl. 23 – 07	Støynivå på uteplass og utanfor rom med støysensitiv bruk	Støynivå utanfor soverom, natt kl. 23 – 07
Veg	55 L _{den}	70 L _{5AF}	65 L _{den}	80 L _{5AF}

Det vert nytta ein døgnmiddelverdi L_{den} (den = "day-evening-night").

Før støynivået, L_{den}, vert samanlikna med grensene, må ein vekta støynivået 5 dB strengare på kveld og 10 dB strengare på natt enn nivået på dagen. Eit støynivå på 45 dBA om natta, 50 dBA på kvelden og 55 dBA om dagen vil då gi L_{den} = 55 dB.

Dagperioden er mellom kl. 07- 19, Kveldsperioden er definert mellom kl. 19 – 23 og nattperioden mellom kl. 23 – 07.

For vegar med liten trafikk seier rettleiaren til T-1442, (M-128) i kapittel 7.1.1.:

Ved veger med trafikkvolum mindre enn noen få tusen biler i døgnet har støyen karakter av enkelthendelser: det er stille i lengre perioder – men tydelig støy hver gang et kjøretøy passerer. Ekvivalentnivået alene gir derfor ikke et godt bilde av støyen ved svært lav trafikkbelastning, dette bør tas hensyn til når ÅDT er under 1000.

Trafikkmengd og lydutbreiing

Vegvesenet sin trafikkdatabase NVDB viser at trafikkmengda på Moltuvegen var på 350 kjøretøy i døgnet i 2015. For ein situasjon 10 år fram i tid frå no er det lagt til grunn at trafikken aukar med 2,5 % kvart år. Under vert føresetnadane for våre vurderingar og utrekningar lista opp:

- Trafikkmengde på **ÅDT = 500** kjøretøy/døgn.
- Andelen tungtrafikk er opplyst å vera 0 %.
- Fartsgrense 80 km/t.
- Fordeling av trafikk over døgnet som gruppe 2 i M-128 (vegleiir til T-1442). Det vil sei: 84 % dag, 12 % kveld, 4 % natt,
- Tomtehøgde for nye hytter: kote +3
- Hyttene vert bygd nord for Hamnevegen som vist i vedlegg

Med dette grunnlaget, og digitalt kart over området, har vi gjort utrekningar av støy frå Moltuvegen. Utrekningane er gjort med programmet CadnaA versjon 4.6 og etter Nordisk Metode for Vegtrafikkstøy. Resultatet er vist i vedlegg 1.

Vurdering

Utrekningane viser at planlagte hytter vil få støynivå under grensa for gul støysone. Det betyr at det ikkje er naudsynt med tiltak for å komma under krava til trafikkstøy. Sjølv om støynivået hadde vore over grensa på $L_{den} = 55$ dB, ville vi ikkje ha tilrådd tiltak. Dette kjem av den låge trafikkmengda på Moltuvegen.


Kommentar

Utbyggjar planlegg ein voll mellom Hamnevegen og Moltuvegen. Dette vil gjere at støynivået ved hyttene kan verta endå lågare enn vist i utrekningane.

Helsing
SINUS AS

Erling J. Andreassen

Anders Torsteinbø



ROS- ANALYSE FOR REGULERINGSPLAN


«Detaljreguleringsplan for Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2» (PLAN-ID: 201606)

1. Bakgrunn

Ved utarbeiding av planar for utbygging stiller plan- og bygningslova krav til at det skal vere utarbeidd ROS-analyse for planområdet. (§4-3 Samfunnssikkerhet og risiko- og sårbarheitsanalyse.) Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har relevans for utbyggingsplanane og eventuelle endringar i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Målet er at forhold som kan medføre alvorleg skade på menneskjer, miljø eller samfunnsfunksjonar skal klargjerast i plansaka og ligge til grunn for vedtak av planen.

2. Metode

Metoden i denne analysen er basert på rettleiar «Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen.» (Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, 2010.) Skjematisk kan arbeidet og metoden framstillast slik:



Gjennom dette arbeidet med ROS-analysen er det nytta fleire kjelder for innhenting av faktaopplysningar. Analysen byggjer soleis på eksisterande kunnskap frå ulike databaser, synfaringar i felt og lokal kunnskap om området.

Problemstillinger		Vurdering		
		Ja	Nei	Kommentar
Naturgitte farer				
Skred	Er planområdet utsett for snø-, is-, jord-, steinskred eller fjellskred (se Skrednett)?		x	
	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold, dårlig byggegrunn), eks. kvikkleire (se NGU, kart og data)?		x	
	Har det tidligere gått skred i eller nær området, eks er det identifisert skredvifter i området?		x	
	Planlegges det tiltak nærmere bratt /masseførende bekk enn 20 meter?		x	
Flom	Er planområdet utsett for flom eller flomskred, også når en tar hensyn til økt nedbør som følge klimaendringer (se NVE Atlas)?		x	
	Problemer med overflatevann, avløpssystem, lukkede bekker, oversvømmelse i kjellere osv?		x	
Stormflo	Er området utsatt for stormflo, også når en tar hensyn til havnivåstigning som følge av klimaendringer?	x		Sjå eigen vurdering
	Er området utsatt for bølgepåvirkning eller oppstuvning av flomvann (elveutløp) i kombinasjon med stormflo?		x	Sjå eigen vurdering
Vind og nedbør	Er området spesielt utsatt for sterk vind eller store nedbørsmengder eks. snø?		x	
Skog – og lyngbrann	Er området utsatt for tørke eller spesiell brannrisiko som følge av toglinje, veier, lynnedslag mm?		x	
Radon	Har kommunen rutiner for oppfølging av kravene om radonsperre i Tek10?		x	

Kritisk infrastruktur /samfunnsfunksjoner			
Samferdsel /transport	Vil uønskede hendelser på nærliggende transportnett, utgjøre en risiko for planområdet?		x
	- Vei, bru, tunnel?		x
	- Sjø, vann, elv, havneanlegg?		x
	- Jernbane?		x
	- Flyplass?		x
	Kan området bli isolert som følge av blokkert transportnett, eks som følge av naturhendelser?		x
	Er det transport av farlig gods i området?		x
	Er det kjente ulykkespunkter på transportnettet i området?		x
	Er det spesielle farer forbundet med bruk av transportnettet for gående, syklende og kjørende innen området?		x
	- Til skole og barnehage?		x
	- Til nærmiljøanlegg, idrettsanlegg mv.?		x
	- Til butikker og service?		x
	- Til busstopp?		x
Vann- forsyning	Ligger tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevann eller drikkevannskilde?		x
	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke /sikre vannforsyningen i området?		x
	Er planlagte tiltak / virksomhet spesielt sårbar for svikt i vannforsyningen?		x
Avløp	Vil planlagt tiltak /virksomhet kunne medføre behov for å styrke avløpsnettet i området, eks overflatevann og tette flater?		x
	Er utslipp, avfallshåndtering, spillvann, renovasjon osv. ei problemstilling?		x
Kraftforsyning	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i kraftforsyningen?		x
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		x
	Er området påvirket av magnetfelt fra høyspentlinjer?		x
Ekom	Er planlagte tiltak /virksomhet spesielt sårbar for svikt i ekom (telefon og internett)?		x
	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningssikkerheten i området?		x

Virksomheter som representerer spesiell fare				
	Medfører planen etablering av virksomhet (produksjon, lagring eller transport av farlige stoffer) som innebærer spesiell risiko?		x	
	Vil uønskede hendelser hos risikovirksomheter utenfor planområdet (industriforetak, lager eller tankanlegg) utgjøre en risiko for planen?		x	
	Fare for utslipp av farlige stoffer, kjemikalier, gasser eller væsker?		x	
	Fare for brann og eksplosjon?		x	
	Faller virksomheten innenfor storulykkesforskriften?		x	
	Ligger planområdet innenfor en dambruddssone?		x	
	Berøres planområdet av militært eller sivilt skytefelt?		x	
Virksomheter med kritiske samfunnsfunksjoner				
	Medfører planen etablering av samfunns viktig virksomhet (helse- og omsorgsinstitusjon, skole, barnehage osv.) som er spesielt sårbar for bortfall av kritisk infrastruktur (samferdsel, vann og avløp, kraftforsyning, ekom mm)?		x	
	Er planlagt virksomhet sårbar for andre forhold?		x	
Farlige omgivelser				
	Er det regulerte vannmagasin med spesiell fare for usikker is i nærheten?		x	
	Er det terrengformasjoner som utgjør spesiell fare (stup etc.)?		x	
	Annet (spesifiser)?		x	
Er området påvirket eller forurensset som følge av tidligere bruk				
	Er området påvirket av tidligere virksomhet, eks forurensset grunn /sjøbunn /sediment?		x	
	Industrivirksomhet som for eks. avfallsdeponering?		x	
	Gruver: åpne sjakter, steintipper etc.?		x	
	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringer etc.?		x	
	Annet (spesifiser)?		x	
Ulovlig virksomhet				
	Er tiltaket i seg selv et sabotasje-/terrormål?		x	
	Finnes det potensielle sabotasje-/terrormål i nærheten?		x	
Brann- og ulykkesberedskap				
	Har området tilstrekkelig slukkevannforsyning (mengde og trykk)?	x		Ny vassledning
	Utrykningstid, spesielle brannobjekt i området?		x	
	Har området tilstrekkelig adkomst for utrykningskjøretøy?	x		

Sjekklista er gjennomgått 12.10.2016 Sign.: Aleksander Zahl Tarberg

MERKNADSSKJEMA – VURDERINGAR AV INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

Plannamn	Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2 m.fl	Plankonsulent	B. Tarberg AS v/Aleksander Zahl Tarberg
PlanID.	201606	Dato	29.09.2016
Saksnummer.	2016/910	Tal på innspel	8

Følgjande instansar har ingen merknader til planarbeidet:

- Søre Sunnmøre Landbrukskontor 31.08.2016
- Kystverket 16.09.2016

Avsendar og dato	Hovudpunkt i innspel	Vurdering av innspel
1. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) 26.08.2016	NGU sine lausmassekart (www.ngu.no) syner at lausmassane i planområdet består av marine strandavsetningar. Marine strandavsetningar kan ligge over leire, ein kan difor ikkje sjå vekk frå at det kan finnes ustabile masser i planområdet. I ROS- analysen må det gjerast ei vurdering av om grunnen kan bestå av ustabile massar. Dersom ein ikkje kan avkrefte skredfare frå ustabile massar, må det gjerast ei grundigare geoteknisk undersøking for å eventuelt avdekke fare for utgliding/ setningsskadar. Vi syner spesielt til prosedyre for utgreiing av aktsemdsområde og faresoner i NVE sin kvikkleirerettleiar 7/2014 «Sikkerheit mot kvikkleireskred». Dersom ein planlegg utfyllingar i sjø må ein gjere ei geoteknisk vurdering av områdestabiliteten og grunnforholda i sjøen slik at tiltaket ikkje medfører risiko for utglidingar eller setningskader. Framtidige klimaendringar kan medføre eit stigande havnivå. Rettleiaren frå Klimatilpassing Norge «Håndtering av havnivåstiging i kommunal planlegging» gjev råd for korleis det kan takast omsyn til	<i>Deler av område er i dag opparbeidd med eksisterande bebyggelse, som ligg på fjellmasser og berggrunn som stikk opp i dagen. Det er ikkje registrert særskilte forhold ved grunnforholda i området. Eksisterande utfylt areal er gjort på fast fjellgrunn og utfylling i sjø er gjort av steinmasser, der det enkelte stader er nytta murstein (naturstein) og plastringsstein for avgrensing. NVE peikar på at det kan vere marine avsetningar i planområdet. Ein har ikkje registrert at det er avsetningar som utgjør fare eller ustabile forhold kring utfylling og opparbeiding av terrenget i området. Tilgjengeleg kunnskap, erfaringar og kommunikasjon med kjentfolk i området kan heller ikkje peike på at det eksisterer usikre grunnforhold.</i>


	forventa havnivåstigning og stormflo i arealplanlegginga. Rapporten «Havnivåstigning, Estimerer av framtidige havnivåstigning i norske kystkommunar (revidert 2009)» gjev eit anslag for høgda på framtidig 100 års stormflo. For å få høgda til 200 års stormflo skal 10 cm leggst til 100 års stormflo. Bølgjepåverknad kjem i tillegg og må takast med i vurderinga. Fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6), og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad.	<i>Som ein del av planutforminga er det gjennomført ei risiko og sårbarheitsanalyse som angir konkret kotehøgde for ny bebyggelse i reguleringsføresegnene. Det er også skildra og vist til etablert molo som bølgevern frå vest. Innspelet frå NVE er teke omsyn til og innarbeidd i planforslaget.</i>
2. Barnerepresentanten i Herøy kommune v/Camilla Storøy 30.08.2016	Som barnerepresentant vil eg berre forsikre meg om at de tek i vare barn og unge si interesse for fks leikeareal og tryggleiken for desse i det vidare planarbeidet.	<i>Opparbeidd badestrand er avsett til friluftsområde i sjø med tilhøyrande friområde på land som gir grunnlag for barn og unge sin opphald i området. Innspelet frå barnerepresentanten er teke omsyn til og innarbeidd i planforslaget.</i>
3. Statens Vegvesen Region Midt 06.09.2016	Vegvesenet føreset at avkøyrsla frå fylkesvegen vert lagt til eksisterande avkøyrsla vest i planområdet, i tråd med uttalen vi gav 8.1.2014 i det framlegget til arealdelen i kommuneplanen låg ute til offentlig ettersyn. Deler av planområdet innanfor gule støysone på støyvarselkart utarbeidd av Statens vegvesen. Støyvarselkartet er basert på at det alltid skal gjerast meir nøyaktige utrekningar og vurderingar i samband med planlegging av arealbruk som tek sikte på etablering av støyfølsam utbygging/bygg innanfor område omfatta av varsla støysone. Vegvesenet føreset at det i tilknytning til varsla planarbeidd vert utarbeidd ei støyfagleg utgreiing. I retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga (T-1442/2012) er det sagt at ei støyfagleg utgreiing er: «En utredning hvor det dokumenteres at støymessige forhold er ivaretatt i forhold til gjeldende retningslinjer og forskriftskrav. I utredningen skal behov for avbøtende tiltak og tilhørende kostnader synliggjøres.»	<i>Avkøyrsla til planområdet er tenkt gjennom tidlegare regulert avkøyrsla, som er utforma i planforslag frå Statens Vegvesen sin vegplan for FV10. Det er utarbeida ei støyfagleg utgreiing av eksternt konsulentfirma, som ivaretek støymessige forhold og skildrar avbøtande tiltak etter rettleiar T-1442/2012. Støyfagleg utgreiing følgjer som vedlegg til planomtalen. Innspelet frå Statens Vegvesen er teke omsyn til og innarbeidd i planforslaget.</i>
4. Fylkesmannen i Møre og Romsdal 22.09.2016	Tiltaket er langt på veg i samsvar med kommuneplanens arealdel, men strekkjer seg lenger aust både på land og i sjøen enn det som er avklåra i overordna kommuneplan. Fylkesmannen legg til grunn at planen vert utarbeidd i samsvar med vedtatt arealbruk i kommuneplanen.	<i>Arealbruken i planforslaget følgjer opp hovudformåla til gjeldande kommuneplan. Det er noko endring i høve fastsette formålsgrenser i kommuneplanen. Desse anser ein som «grovmaska» og at desse skal endeleg fastsetjast gjennom detaljregulering.</i>

	Fylkesmannen rår til at ein tek med småbåthamn og naustområde i nord inn i planområdet, for å sikre ei breiast mogleg vurdering av tilhøva på staden og at alle omsyn blir vurderte. Austlege del av planområdet omfattar ei bukt med fin sand som er eigna for bading. Området bør bevarast for bruk av både hyttefolket og andre som ynskjer å nytte stranda til bading. Dersom planområdet skal strekkje seg lenger mot aust enn det som er i tråd med kommuneplanen, må dette området setjast av til friområde med føresegn om at dette er ei badestrand. Dette gjeld både på land og i sjøen. Fylkesmannen vil vurdere motsegn mot planen dersom dette kravet ikkje blir imøtekome. Fylkesmannen viser til at naust er nemnd som aktuelt arealføremål innanfor planområdet, men seier ikkje noko om småbåthamn eller båtopptrekk. Fylkesmannen vil tru at det kan bli ønske og behov for ei eller anna løysing for dette. Fylkesmannen minner difor om at ved eventuell mudring og/eller dumping i sjø ved etablering av småbåthamn, skal dette skje etter særskilt løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 frå fylkesmannen. Skal det fyllast ut i sjø, må ein først undersøke om sjøbotn er forureina. Undersøkingane må gjerast i tråd med rettleiar «Håndtering av sedimenter», M-350/2015. Dersom sjøbotn er forureina er det naudsynt med løyve etter forureiningslova § 11 før utfyllinga kan starte opp. Dei grunne sjøområda her er viktige næringsområde for sjøfugl og ender. Dersom det planleggast utfylling i sjø, må ein gjennomføre tiltaket slik at ein tek omsyn til botnforholda og nyttar silduk for å hindre partikkelspreiing og nedslamming av sjøbotnen. Dette gjeld også for byggekant mot hamneområde i sjø, som bør få ei estetisk god utforming og vere godt tilpassa området elles. Sørlige del av planområdet, som i kommuneplanen ligg som område for fritidsbustader, ligg inntil Moltuvegen (fylkesveg), og ligg i vegvesenet sitt støysonkart i gul støyzone. Det må difor gjerast ei støyfagleg vurdering. Denne skal leggjast til grunn for eventuelle nødvendige støyreducerande tiltak. Slike tiltak skal gå fram av plankart og føresegn, med krav til rekkjefølgje.	<i>Forslagstillar har ikkje funne det hensiktsmessig å ta med heile den etablerte småbåthamna og naustområde i nord, då denne i sin heilskap allereie er utbygd innanfor rammene i gjeldande kommuneplan. Spørsmål knytt til arealbruk for eksisterande hamn, meiner ein må finne si løysing gjennom rullering av overordna kommuneplan eller at det blir utarbeidd ein eigen reguleringsplan i regi av Moltustranda båtforeining.</i> <i>Badeplass og friluftsområde er innarbeidd i planforslaget og skildra i planomtalen.</i> <i>Det er ikkje planlagt eige båtopptrekk knytt til nausta, då det i dag er mogleg med opptrekk gjennom etablert løysing andre stader.</i> <i>Innspelet knytt til mudring/fylling i sjø og krava i forureiningslova vert teke til vitande.</i> <i>Det er ikkje registrert at planlagt tiltak vil kome i konflikt med sjøfugl eller ender, jfr. Vurderingar kring naturmangfald.</i> <i>Det som vedkjem bryggekant mot hamneområdet i sjø er teke omsyn til å innarbeidd i reguleringsføresegnene.</i> <i>Det er utarbeida ei støyfagleg utgreiing av eksternt konsulentfirma, som ivaretek støymessige forhold og skildrar avbøtande tiltak etter rettleiar T-1442/2012. Støyfagleg utgreiing følgjer som vedlegg til planomtalen.</i>
--	--	---

	Området som skal regulerast er ifølge Gislink.no innanfor aktsemdsområde for flaum. Her må ein ta høgde for havnivåstigning i planlegging av naustplassering. Elles ser vi at det er planlagt å etablere ei ROS-analyse for området og ser fram til å sjå den.	<i>Som ein del av planutforminga er det gjennomført ei risiko og sårbarheitsanalyse som angir konkret kotehøgde for ny bebyggelse i reguleringsføresegnene. Det er også skildra og vist til etablert molo som bølgevern frå vest. Innspelet frå NVE er teke omsyn til og innarbeidd i planforslaget.</i>
5. Møre og Romsdal fylkeskommune 23.09 og 28.09.2016	Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Tarberg gbnr. 62/2 i Herøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.	<i>Innspelet frå vedkomande marinarknologiske interesser er teke til vitande.</i>

Moltustranda, 06.10.2016

Med vennleg helsing



Aleksander Zahl Tarberg

Daglig leder

B.TARBERG AS

Mob: 46674461

E-post: aleksander@btarberg.no

15.11.2016



Planområde

DETALJREGULERINGSPLAN – PBL § 12-3

«TARBERG HYTTEOMRÅDE GNR. 62, BNR. 2 M:FL»

PLAN-ID: 201606

PLANOMTALE

INNHALD

1. SAMANDRAG AV PLANFORSLAGET
2. NØKKELOPPLYSNINGAR
3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET
4. PLANPROSESS
5. PLANSTATUS OG RETNINGSLINJER
6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON
7. PLANFORSLAGET
8. KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET
9. MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN
10. VEDLEGG

1. SAMANDRAG

Forslagstillar har tidlegare fått dispensasjon og løyve til utfylling i sjø for oppføring av 1 fritidsbustad. I planforslaget er området for fritidsbustader tenkt vidareført i vestleg retning mot «Hamnevegen», der fritidsbustadane er betjent av ein «sjøveg» som går frå vest mot aust. Nye naust er tenkt plassert i retning sør-nord langs hamnevegen med tilhøyrande parkeringsplasser. Området i sjø er planlagt som småbåthamn, der det er tenkt å legge ut flytebrygger med tilhøyrande landfeste. Det er også tenkt at ny plan skal opne opp for etablering av byggekant mot hamneområde i sjø. Forslagstillar ynskjer moglegheiter for å bygge ein jordvoll mellom «sjøvegen» og fylkesvegen for skjerming av fritidsbustadane frå fylkesvegen.

Planarbeidet er utført av B. Tarberg AS v/ Aleksander Zahl Tarberg.

2. NØKKELOPPLYSNINGAR

Tettstad, bygd eller by:	Tarberg, Moltustranda
Adresse:	6076 Moltustranda
Eigedom (gnr / bnr):	Gnr.62 bnr.2 m.fl
Forslagstillar:	Kjellmar Svein Tarberg
Plankonsulent:	B. Tarberg AS v/Aleksander Z. Tarberg
Eksisterande planstatus:	Kommuneplanens arealdel
Planområde sitt areal (daa):	28 543 m2
Nytt reguleringsføremål:	Naust, småbåthamn, hytter, køyreveg, grønstruktur, friluftsområde i sjø, annan veggrunn – tekniske anlegg.
Grad av utnytting:	30% hytter
Tal på nye einingar:	5 hytter, 12 naust
Aktuelle problemstillingar:	
Kunngjering, dato:	
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei
Medverknad	Ikkje særskilte tiltak utover varsling etter PBL

3. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 Planinitiativ

Bakgrunnen for planen er tiltakshavar sitt ynskje om å få føre opp fleire hytter i samsvar med formålet i kommuneplanens arealdel. Forslagstiller har fått løyve til oppføring av 1 fritidsbustad, Saltdalshytte, på gnr. 62 bnr. 49, men ynskjer å tilrettelegge fleire hytter. I kommuneplanens arealdel blir det stilt krav om reguleringsplan før utbygging, noko som også var eit klart vilkår ved dispensasjon for den første hytta. I samband med planarbeidet ynskjer forslagstiller å utnytte arealet i vest (parallelt med hamnevegen) til nye naust i rekkjer.

3.2 Føremål med planforslaget

Forslagstiller ynskjer med dette planforslaget å legge til rette for nye fritidsbustader, naust og utlegging av flytebrygger samsvar med kommuneplanens arealdel.

Ein er ikkje kjend med at det er registrert automatisk freda kulturminner innanfor planområdet. Det er heller ikkje registrert utvalde naturtypar, truga artar eller særskild sårbare økosystem i området. Planarbeidet vil omfatte vurderingar etter naturmangfaldslova i høve eksisterande kunnskap og Direktoratet for naturforvaltning sin database. I samband med utarbeiding av reguleringsplanen, vil ein gå gjennom ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) etter sjekklister frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

3.3 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram

Planområdet er ei detaljregulering som skal følgje opp hovudtrekka i kommuneplane. Detaljreguleringsplanen med sine formål er difor i tråd med overordna arealplan. Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen, der planarbeidet blei vurdert i forhold til forskrift for konsekvensutgreiing. Det er konkludert med at planen ikkje skal konsekvensutgreiast. Ein vurderer planarbeidet til ikkje ha vesentlege verknader for miljø og samfunn at det skal vere naudsynt med KU-vurderingar utover det som er tenkt i planomtalen.

3.4 Tiltakshavar, plankonsulent og eigarskap


Tiltakshavar for planarbeidet er Kjellmar Svein Tarberg (grunneigar av gnr. 62 bnr. 2) Planen er initiert som ein privat detaljreguleringsplan. Arbeidet med utarbeiding av reguleringsplan vil skje i regi av Aleksander Zahl Tarberg i B. Tarberg AS. Reguleringsplanen skal utarbeidast som ein detaljplan etter plan- og bygningslova (PBL)

4. PLANPROSESS

4.1 Varsel om oppstart av planarbeid

I samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova (PBL) blei det den 23.08.2016 varsla oppstart av privat planarbeid med utarbeiding detaljreguleringsplan etter PBL § 12-3. Varslinga retta seg til aktuelle grunneigarar, naboar, offentleg mynde, lag og organisasjonar som kan ha interesse i planarbeidet.

Oppstart av planarbeid blei varsla i form av varslingsbrev utsendt på e-post til grunneigarar, naboar, offentlege myndigheiter og relevante lag/organisasjonar. Varslingsdokumenta blei sendt til kommunen for publisering på heimesida, men desse er ikkje registrert kunngjort på kommunen sine nettsider pr dato. Varsel om oppstart av planarbeid blei kunngjort gjennom annonse i Vestlandsnytt den 26.08.2016.



Bilete 1: Planområde ved varsling av planoppstart

4.2 Medverknad

I samband med oppstart av planarbeid er det kome i alt 8 innspel til planarbeidet.

Desse følgjer som vedlegg til planomtalen i sin heilskap. I vedlegg til planomtalen følgjer også forslagstillar og plankonsulent sine vurderingar kring dei innspela som er kome. Det går der fram korleis innspela er teke omsyn til i planarbeidet. Av omsyn til type plan og innhald i denne er det ikkje arrangert medverknadstiltak utover varsel om oppstart av planarbeid etter PBL.

5. PLANSTATUS OG AREALBRUK


5.1 Planstatus

Reguleringsplanar:



Det er ikkje gjeldande reguleringsplanar innanfor aktuell plangrense. Planområdet er tilpassa Plan- id: «199701 VEG SANDE GRENSE – TARBERG» i sør, slik at plangrensa vert samanfalle med reguleringsplanen for fylkesvegen.

Kommuneplan:



I gjeldande arealstatus i kommuneplanens arealdel av 2015 er område for fritidsbustader (FB14), naust AN12 og framtidig

småbåthamn, LNFR-areal. Det ligg eit plankrav (RP) i kommuneplanen som seier at det skal utarbeidast ein reguleringsplan før større byggje- og anleggstiltak innanfor den avgrensa stipla linja for området.

Samfunnsdel

I gjeldande samfunnsdel er satsingsområdet «Verdiskaping» omtalt som relevant punkt for planarbeidet. Det blir vist til tekst i samfunnsplanen: «Herøy kommune ynskjer å leggje til rette for at bygdene kan fortsetje utviklinga og vere eit fundament for verdiskapinga i kommunen. Herøy kommune vil leggje til rette for ei auka verdiskaping i kommunen ved å samarbeide med næringsliv og bygdelag om felles prosjekt og støtte opp under prosjekt som kan vere med å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet utan at det går på bekostning av lokale eller regionale samfunnsinteresser»

Temaplanar

Ingen særskilde.

Statlege planretningslinjer, bestemmelser og regionale planar med relevans for planarbeidet:

SPR Styrking av barn og unges interesser i planleggingen

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, bidrar til å oppfylle Norges forpliktelser etter FNs barnekonvensjon og skal synliggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningsloven.

SPR Samordnet bolig, areal og transportplanlegging

Hensikten med statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging er å oppnå samordning av bolig-, areal- og transport-planleggingen og bidra til mer effektive

planprosesser. Retningslinjene skal bidra til et godt og produktivt samspill mellom kommuner, stat og utbyggere for å sikre god steds- og byutvikling.

SPR Differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen

Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen følger opp den nye plan- og bygningsloven, der byggeforbudet i 100-metersbeltet langs sjøen er videreført og strammet inn. Målet er å ivareta allmennhetens interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. I 100-metersbeltet skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.

Retningslinjene deler kysten inn i tre områder. Det er strengest føringer der det er størst press på arealene, mens det i mindre sentrale strøk er større rom for å vurdere utbygging gjennom kommunale planer, spesielt til næringsutvikling, som for eksempel sjørettede reiselivsbygg.

Vi ligg i sone 3: De mindre sentrale delene av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal og Trøndelagskysten, og for alle kystkommunene i Sogn og Fjordane, Nordland, Troms og Finnmark: Ikke like strenge føringer.

6. PLANOMRÅDET – DAGENS SITUASJON

6.1 Lokalisering

Planområdet er lokalisert på Tarberg i Herøy kommune, like ved den lokale småbåthavnen og rett nord for fylkesveg 10. Det er allerede etablert 1 hytte i området tidlegare og det er etablert sjøveg og veg til småbåthavnen frå fylkesvegen. Området rundt småbåthavnen er utskilt, fylt ut og etabler frå bruk gnr. 62 bnr 2.

6.2 Avgrensing av planområdet

Planområdet omhandlar i hovudsak areal som strekk seg frå fylkesvegen og nordover utover fjøre og areal i sjø avsett til fritidsbustader, naustområde og småbåthavn. Planområdet er om lag 28,6 dekar stort.

6.3 Dagens arealbruk og naboareal

Arealbruken for tilstøytande teigar og parseller er i dag avgrensa til småbåthamn, vegformål, hytter, naust. Sør for fylkesvegen er det landbruksareal og lenger sør og vest for desse areala finn ein spreidd busetnad.

6.4 Eksisterande busetnad i området

Det er ikkje lokalisert eksisterande einbustader innanfor planområdet. Det eksisterer i dag ein fritidsbustad som er etablert gjennom dispensasjon og ferdigstilt i 2016.



Eksisterende hytte i planområdet



Eksisterende naust utanfor planområdet

6.5 Topografi og landskapstrekk



Planområdet ligg i fjøre område med ingen særskilde markante topografiske endringar.

Helningskart viser dei ulike topografiske sonene i lokalområdet.

6.7 Solforhold

Området ligg nordvendt og har noko avgrensa solforhold frå oktober til mars.

6.8 Vegetasjon og dyreliv

Det er så vidt vi kjenner til ikkje utvalde naturtypar eller raudlista artar innanfor planområdet i dag. Området er etter vår kunnskap heller ikkje ferdselsområde for hjort eller småvilt.

6.9 Naturforhold

Etter ein gjennomgang i Direktoratet sin database og lokale kommunale rapportar, kan ein ikkje sjå at det føreligg kunnskap om utvalde naturtypar, sårbare områder eller områder med truga biologisk mangfald innanfor planområdet.

6.10 Barn og unge sine interesser

Deler av området er i registrerte data for barnetrakk frå 2012 avmerka som leik/opphaldsareal. Dette forstår vi som den delen som gjeld badeområde i sjø. Interesser knytt til bading og rekreasjon vil bli ivarettatt gjennom planarbeidet ved at badeplassen lengst aust blir holdt fri for inngrep og bevart som naturleg bukt/sandstrand. Her er det også høve til oppføring av benkar og utstyr som ivaretek ålmenta sine friluftinteresser.

6.11 Kulturminneverdiar

Det er ikkje registrert kulturminner eller kulturminneverdiar i området, jfr. Tilgjengelege databaser. Møre og Romsdal fylkeskommune eller Bergen Sjøfartsmuseum har heller ikkje kome med merknader eller krav om undersøkingar i planområdet.

6.12 Veg og trafikkforhold

Det er i dag etablert 3 vegar, der 2 av desse er lokalisert innanfor planområdet.

Veg 1 – Hamnevegen, er ein veg som er etablert av Moltustranda båtforening i samband med utfylling/utbygging av båthamna. Veg 2 – Sjøvegen er ein veg som er utfylt og etablert av grunneigar gnr 62 bnr 2 i samband med gardsdrift og bruk av eigedomen. Veg 3 – Fylkesveg 10 som er lokalisert sør for planområdet. Denne vegen har ei køyrebreidde på under 6 meter. Hamnevegen er i dag opparbeidd med støypet overflate, mens sjøvegen er opparbeidd med grus.



Fylkesveg 10



Hamnevegen



Sjøvegen

6.13 Støy frå vegtrafikk

Deler av området ligg i dag innanfor gul støysone i Statens Vegvesen sine støyvarslingskart.

Støyvarselkart er utarbeidd etter Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Støyvarselkart viser beregna raud ($L_{den}>65dB$) og gul ($L_{den}>55dB$) støysone langs riks- og fylkesveg.



Støyvarselkartene frå Statens vegvesen viser ein prognosesituasjon 15–20 år fram i tid. Det vil seie at årstdøgns trafikk, som er ein av dei viktigaste parameteren i støyberegningsmodellen, er fremskrevet (basert på prognoser) til oppgitt beregningsår. Kartene kan ikkje nyttast til detaljvurdering av enkeltbustader, til det er usikkerheita i inngangsdata for stor.

Utsnitt frå Statens Vegvesen sine støyvarslingskart (Gul sone = L_{db} 55)

I samband med planarbeidet er det utarbeidd ei støyfagleg utgreiing som følgjer vedlagt denne planomtalen. Momenta frå denne utgreiinga er innarbeidd i dette planforslaget.

6.14 Offentleg kommunikasjon

Det er offentlig kommunikasjon gjennom etablert bussforbindelse langs fylkesveg 10. Næraste busskur er ved avkjørslene til Tarbergvegen aust og vest for planområdet.

6.15 Vatn, avløp og overvatn

Vassleidningar: Det er i dag etablert sjøvassledning som kryssar frå søraust til småbåthavna, som eksisterande hytte og naust er tilkopla. Dreneringssystemet: For etablert hytte blir overflatevatn frå tak og husplass i dag leia til sjø. For vegar blir dette vatnet leia i grøfter, for deretter vidare bli leia i sjø. Kloakk: Dagens hytte har i dag etablert eigen godkjend avløpssystem (tank) med overløp i sjø.

6.16 Energi- og teleløyisingar

Det er i dag straum gjennom luftspenn til bygningar i området.

6.17 Privat og offentlig servicetilbod

Det eksisterer ikkje private eller offentlege servicetilbod innanfor eller i nærleiken av planområdet.

6.18 Risiko og sårbarheit (ROS)

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følgjer som vedlegg til denne planomtalen.

6.19 Grunnforhold

Det er ikkje registrert særskilte forhold ved grunnforholda i området. Eksisterande utfyllt areal er gjort på fast fjellgrunn og utfylling i sjø er gjort av steinmasser, der det enkelte stader er nytta murstein (naturstein) og plastringstein for avgrensing.



Eksisterande hytte utfyllt på steinmasser som er lokalisert på berg – grunnfjell i dagen.

NVE peikar på at det kan vere marine avsetningar i planområdet. Ein har ikkje registrert at det er avsetningar som utgjer fare eller ustabile forhold kring utfylling og opparbeiding av terrenget i området. Tilgjengeleg kunnskap, erfaringar og kommunikasjon med kjentfolk i området kan heller ikkje peike på at det eksisterer usikre grunnforhold i nærområdet.

6.20 Havnivåstigning og bølgepåverknad



Området ligg skjerma mot bølgepåverknad frå vest som følgje av etablert molo med brystvern. Skjær og holmar vest av småbåthamna gir bølger ein naturleg deformasjon og mindre kraft mot etablert molo. Kotehøgde for fritidsbustader og naust er valt med bakgrunn i ROS-analysen i kapittel 7 og med bakgrunn i krava som ligg i føresegnene til kommuneplanens arealdel.

Rapportane «Havnivåstigning – Estimer av framtidig havstigning i norske kystkommuner (2009)» og «Håndtering av HAVNIVÅSTIGNING i kommunal planlegging - rapport utarbeidd for DSB er søkt lagt til grunn for løysingane som er valt i planarbeidet. Jf elles TEK10. Dette er nærare skildra i kapittel 7.


6.21 Luftforureining

Ein er ikkje kjend med at det er luftforureining innanfor eller i nærleiken av dagens planområde.

7. PLANFORSLAG

7.1 Arealbruk

Planforslaget legg til rette for totalt 12 nye naust innanfor områda BUN1-2, med tilhøyrande uteområde for nausta og parkering. Området er tenkt utfyllt, som ei vidareføring av allereie utfyllt/opparbeidd areal. Det er vidare tenkt 4 nye hyttetomter i tillegg til den som allereie er plasser der i dag. Desse tomtene er tenkt utfyllt i sjø frå sør mot nord og vest, som ei vidareføring av allereie etablert fylling. For sjøområdet i nord er det tenkt hamneområdet med moglegheit for utlegging av flytebrygger med tilhøyrande landgang og landfeste.



Eksisterande hamneveg inngår i planarbeidet og er ei stadefesting av allereie etablert arealbruk, der vegen følgjer dagens trase. Sjøvegen sør for hyttene er tenkt noko omlagt i høve dagens trase, dette for å gi betre arealutnytting og mogleg opprusting til dagens behov.

Lengst aust i planområdet blir dagens badeområde stadfesta gjennom plan med badeplass i sjø og tilhøyrande friområde rundt. Tilkomstveg gir moglegheiter for fleire brukargrupper å ta del i friluftsliv gjennom universell utforming. Mellom fylkesvegen er det i plan lagt til rette for at det kan etablerast ein

jordvoll som vil kunne skjerme bebyggelsen frå trafikk og innsyn.

Det er teke med omsynssoner til gul støysone og sone for utstrekning for etablering av jordvoll. Planforslaget følgjer i hovudtrekk opp overordna kommuneplan med vidareføring av arealbruken, men har nokre mindre justeringar kring formålsgrenser.

7.2 Arealformål

Formål	Areal (daa)
BUN1 – Naust	0,4
BUN2 – Naust	0,4
Parkering	4,6
BFF1 – frittliggjande fritidsbustader	3,6
SH – felles privat småbåthamn	15,6
FS – friluftsområde i sjø (badeplass)	0,6
G – Grønnstruktur	2,4
V1 – Hamnevegen og V2 Sjøvegen	1,2
AVG – Annan veggrunn – tekniske anlegg	0,7

7.3 Byggjeareal

BU1 og BU2 Naust:

I område merka BUN1 og BUN2 skal det byggjast naust i ein etasje med hems. Maksimalhøgda skal ikkje vere over 6,5 meter. Nausta skal plasserast som vist innanfor føremålsgrrensa på plankartet med ei grunnflate på 6 m x 10 m. Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over NGO kote 0 avhengig av terrengtilhøva på staden. Alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonast og

utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo. Nausta skal byggjast etter same estetisk utforming som etablerte naust i tilstøytande hamneområdet. Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon. Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også på lister og annan detaljering. Nausta kan underdelast i mindre einingar (lager) med eigne inngangar.

Naust skal nyttast som uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. Hemsen/loftsromet skal ikkje ha målverdig areal. Nausta skal ikkje vere isolert. Det er forbode å legge til rette for overnatting og varig opphald i nausta.

Naustgruppene BUN1 og BUN2 er regulert med ein samla storleik på 360 m² pr gruppe og difor under brannkravet i føresegnene til kommuneplane.




3D- illustrasjon nye naust




BFF1 – frittliggjande fritidsbustader

I området BFF kan det først opp frittliggjande hytter i ein etasje med hems. Bygningane skal plasserast innanfor byggjegrensene som vist på plankartet. Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 5,5 m og gesimshøgda til 4,0 m frå topp grunnmur /fundament. Det kan lagast til terrasse/platting på inntil 30 m². Utnyttingsgrad BYA% = 30. Det vert tillate med oppføring av carport på 20 m² med mønehøgda inntil 3,0 meter. Carport kan plasserast inntil 2,5 parallelt med regulert vegkant. Parkeringsplass pr tomt skal vere 1 biloppstillingsplass og 1 plass til gjesteparkering. Nye fritidsbustader skal plasserast med ferdig gulv på cote + 2.75 NN54. Framfor tomtene blir det tillate å etablere felles bryggefront framfor fritidsbustadane mot småbåthamna i nord. Endeleg utforming, dimensjon og materialval skal fastsetjast ved byggesak. Det skal leggjast vekt på å gje sjøfronten ei estetisk god utforming sett frå sjøsida.



3D- illustrasjon hyttetomter




7.4 Friområde og badeplass

Område G (Grønnstruktur)


Området er friområde på land for ope for ålment ferdsel. Innanfor området kan det først opp mindre konstruksjonar som grillplass, benkar, gapahuk som naturleg høyrer heime i eit tilrettelagt friområde. Det vert tillate med opparbeiding av stiar med fast vegdekke for ferdselsårer for ivaretaking av kravet til universell utforming. Innanfor grønnstrukturområdet mot fylkesvegen i sør, vert det tillate med etablering av ein jordvoll i total maks.høgde på 2.5 meter over asfaltert vegbane. Jordvollen skal plasserast innanfor plangrensa. I avslutning mot felles privat køyrevog 2 og vendehammar, vert det tillate med bruk av natursteinsmurer mellom vegareal og grønnstruktur.

Friluftsområde i sjø (FS)


Området er friområde i sjø, badeplass, som er ope for ålment ferdsel.



3D – illustrasjon badeplass



3D- illustrasjon tilrettelagt friluftsområde



Bilde som viser dagens opparbeidde badeplass med sand og oppmurt stein for opphold/rekreasjon.

På landsida er det rikeleg med areal for etablering av benkar og friluftsliv. Grusa veg gir gode tilkomst til friområde og badeplass.

7.5 – Parkering og carportar

Hytteområdet

For hytteområdet vert det tillate med oppføring av carport på 20 m² med mønehøgde inntil 3.0 meter. Carport kan plasserast inntil 2,5 parallelt med regulert vegkant. Parkeringsplass pr tomt skal vere 1 biloppstillingsplass og 1 plass til gjesteparkering.


Naust og småbåthamn

For naust området er sett av 1 parkeringsplass pr naust og 0,5 parkeringsplass pr båtplass.


7.6 - Trafikkareal

Vegane i området er regulerte som felles private køyreveggar med ei køyrebreidde på 3.0 meter. I tillegg er det teke med areal til grøft/sideareal på 1 meter på kvar side av formålsbreidde. Sjølve vegarealet har då ei regulert breidde på 5.0 meter.

I enden av Sjøvegen er det regulert ein vendehammar for liten lastebil, som er dimensjonert og utforma etter krava til Herøy kommune sin vegnormal.



Lengdeprofil for Sjøvegen – V2



Lengdeprofil Hamnevegen – V1


7.7 Støytiltak

Det er utarbeidd ei støyfagleg utgreiing frå vegtrafikkstøy etter krava i rettleiar T-1442/2012.

Statens Vegvesen sin trafikkdatabase NVDB viser at trafikkmengda på Moltuvegen var på 350 køyretøy i døgnet i 2015. For ein situasjon 10 år fram i tid frå no er det lagt til grunn at trafikken aukar med 2,5 % kvart år. Trafikkmengde på ÅDT = 500 køyretøy/døgn.

Andelen tungtrafikk er opplyst å vera 0 %.. Fartsgrense 80 km/t. Fordeling av trafikk over døgnet som gruppe 2 i M-128 (vegleiir til T-1442). Det vil sei: 84 % dag, 12 % kveld, 4 % natt, Tomtehøgda for nye hytter: kote +3. Hyttene vert bygd nord for Sjøvegen.

Den støyfaglege utgreiinga frå ekstern konsulent viser at planlagte hytter vil få støynivå under grensa for gul støyzone. Det betyr at det ikkje er naudsynt med tiltak for å komma under krava til trafikkstøy. Sjølv om støynivået hadde vore over grensa på $L_{den} = 55$ dB, ville vi ikkje ha tilrådd tiltak. Dette kjem av den låge trafikkmengda på Moltuvegen. Forslagstiller planlegg ein voll mellom Sjøvegen og Moltuvegen. Dette vil gjere at støynivået ved hyttene kan verta endå lågare enn vist i utrekningane.



Planlagt jordvoll

7.8 Renovasjon

Området har i dag renovasjonsløyising frå søre Sunnmøre reinhaldsverk. Det er lagt til rette for vendehammar som er dimensjonert for liten lastebil etter kommunen sin vegnormal, slik at mellom anna renovasjonsbil skal kunne ha moglegheiter for tilkomst til fritidsbustadområdet.

7.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

Havstigning

I rapporten «Havnivåstigning – Estimerer av framtidig havstigning i norske kystkommunar (2009)» så er cote + 2,69 kritisk nivå for 100-års stormflo år 20100 relativt til år 2000. Aktuelt tiltak ligg under over kritiske 200 års høgda i høve stormflo inkl. omsyn til landheving og havstigning.

Dei aktuelle byggjeareala som er planlagt som naust og fritidsbustadområde vil vere etablert på steinfylling, med plastring/natursteinsmuring som avslutning mot sjø. Dekke på toppen er tenkt fast anten som betong eller asphalt og er målt til kote + 2.55 NN54. Konstruksjonen vil bli bygd opp av materiale som sjøvattn og verknadene frå stormflo etter kravet i kommuneplanen. Høgde på

eksisterande moloen (eksisterende. brystningsvern) er på kote + 3.55 NN54 og vil skjeme området mot bølghjepåverknad. Høgaste vannstandsnivå med 200 års gjentakintervall for området er sett til 184 cm over Normalnull 1954.

Bølghjefare

Basert på referaseprosjekt i nærleiken og tidlegare saker rundt område ved Tarberg er det peika på at det må visast merksemd på faren for stryping av bølghjer. Det er vanskeleg å gje nøyaktige estimat av bølghjehøgden i området. Erfaringsmessig vil vind med 200 års returverdi ha vindhastigheit inntil ca 35 m/s. Dette vil kunne gi ei bølghjehøgde på 1,7 m. Dei aktuelle byggeområde er tenkt etablert innanfor etablert hamne- og moloanlegg og vil soleis ligg skjerma frå vest med etablert brystning.

Av omsyn til bølghjehøgde og dimensjonering av molo og hamneanlegg, så har moloen i området eit brystningsvern der toppen på dette ligg ca 1 meter over «Hamnevegen» som ligg på kote + 3.55 NN54. Molen er utført i materiale som tåler sjø og bølghjeforhold etter 200 års returverdi. Plastrings-/brystningsvernet er i denne samanheng vurdert som tiltak for avdempe lokale bølghjepåverknader. I tillegg kjem tilleggsmoment som etablerte holmar og skjær utanfor hamna, som er med på å deformere bølghjer inn mot anlegget. Moloen er i dag godt plastra og har fast dekke for avrenning av vatn. Les også sjekkliste ROS som følgjer vedlagt denne planomtalen.

7.10 Universell utforming

Området ligg i lågtliggjande terreng med vegar og opparbeidde flater. Tilkomstveg frå vest til aust, gir gode moglegheiter for universell utforming. Vedlagt vegprofilar viser at nye vegar ikkje er planlagde med stigningsforhold som gjer det vanskeleg å møte UU-krava.

7.11 Naturmangfald

Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredstillande for vurderingar etter naturmangfaldslova i denne saka.

Førevar prinsippet (§9):

Vi har undersøkt tilgjengelege databaser for naturmangfald og teke utgangspunkt i tilgjengeleg kunnskap frå Miljødirektoratet. Med bakgrunn i dette ser vi ikkje på inngrepet i planframlegget som vesentleg for naturmangfaldet på Tarberg.

Samla belastning (§10):

Det er i Herøy kommune registrert om lag ca 160 andre førekomstar av artsområde. Sett i samanheng med dette vert den samla belastninga ikkje oppfatta som vesentleg.

Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med ytterlegare overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

Alternativ lokalisering (§12):

Alternativ lokalisering av utbygginga er ikkje aktuelt. Vi viser til at kommunen i gjeldande kommuneplan vurderte innspel om plassering av området.

Samla belastninga:

Basert på ovannemnde vurdering av planframlegget ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

7.12 Barn og unge

Området er friområde på land for ope for ålment ferdsel. Innanfor området kan det først opp mindre konstruksjonar som grillplass, benkar, gapahuk som naturleg høyrer heime i eit tilrettelagt friområde. Det vert tillate med opparbeiding av stiar med fast vegdekke for ferdselsårer for ivaretaking av kravet til universell utforming. Innanfor grønnstrukturområdet mot fylkesvegen i sør, vert det tillate med etablering av ein jordvoll i total maks.høgde på 2.5 meter over asfaltert vegbane. Jordvollen skal plasserast innanfor plangrensa. I avslutning mot felles privat køyreveg 2 og vendehammar, vert det tillate med bruk av natursteinsmur mellom vegareal og grønnstruktur. Området er friområde i sjø, badeplass, som er ope for ålment ferdsel.

7.13 Infrastruktur

Tiltakshavar ser det som naudsynt å ruste opp eksisterande infrastruktur, særskilt leidningsnett for VA er blir det naudsynt å auke kapasiteten på med bakgrunn i nye einingar. Dette blir noko som ein ynskjer å fastsetje i samband med frådeling og byggesaksbehandling av nye bygg og tomter.

7.14 Rekkjefølgjekrav i plan

Parkeringsplassane P skal opparbeidast samstundes med oppføring av nye naust innanfor område BK2.

8 KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

8.1 Overordna planar og vedtak

Ingen særskilde. Planforslaget følgjer opp hovudtrekka i kommuneplanen.

8.2 Eksisterande reguleringsplanar

Ingen særskilde

8.3 Barn og unges interesser i nærmiljøet

Positivt, då ein legg til rette for både fri leik og moglegheit for oppføring av gapahuk, benkar og anna som tilrettelagt for at born og unge kan opphalde seg i området. Badeplassen blir sikra gjennom arealformålet.

8.4 Estetikk, arkitektur og landskap

Ingen særskilde

8.5 Naboar og tilstøytande areal

Ingen særskilde

8.6 Trafikk og parkeringsforhold

Positivt, då ein legg til rette for fleire parkeringsplassar totalt i området.

8.7 Kulturminner og kulturmiljø

Ingen særskilde

8.8 Friluftsliv

Positivt, då ein legg til rette for at fleire kan bruke badeplassen og friområdet i aust.

8.9 Natur og miljøforhold

Ingen særskilde

8.10 Privat og offentlege servicetilbod

Ingen særskilde

8.11 Risiko og sårbarheit (ROS)

Ingen særskilde

8.12 Infrastruktur

Positivt, då forslagstillar har planar om utbygging av både avløp, vatn, drens, el/tele for nye hytter. Dette vil gi bygga moderne infrastruktur og i høve miljøet knytta til separert utslett/avløpssystem.

8.13 Næringsinteresser

Ingen særskilde

8.14 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Ingen særskilde

9 MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN

Vedlagt planomtalen følger dei innspela som har kome til planarbeidet og kommentarar/vurderingar til korleis dei ulike innspela har blitt handsama i høve planforslaget.


Aleksander Zahl Tarberg
Daglig leder
B.TARBERG AS
Mob: 46674461
E-post: aleksander@btarberg.no

VEDLEGG

1. ROS-analyse
2. Støyfagleg utgreiing
3. Innspel til planarbeidet (samla)
4. Merknadsskjema med vurdering av innspel
5. 3D-illustrasjonar
6. Referat frå oppstartsmøte
7. Varslingsdokument




Tarberg hytteområde gnr 62 bnr 2

- Bebbyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)
- Uthus/naust/badehus
 - Fritidsbebyggelse - frittliggende
- Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)
- Veg
 - Annen veggrunn - tekniske anlegg
 - Parkeringsplasser
- Grønnstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)
- Grønnstruktur
- Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (PBL § 12-6)
- Småbåthavn
 - Badeområde
- Hensynssoner (PBL § 12-6)
- Gul sone iht. T-1442
- Linjesymbol
- Formålsgrense
 - Plangrense
 - Regulert tomtegrense
 - Byggegrense
 - Regulert senterlinje
 - Regulert parkeringsfelt
 - Måle-/avstandslinje
 - Støygrense
- Punktsymbol
- Avkjørsel-både inn og utkjøring


Detaljreguleringsplan Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr. 2
Plankart M 1:1000 (A2)



Dato 12.10.2016	Konstr./tegnet AZT	Godkjent	Målestokk 1:1000 (A2)		
ArealplanID: 1515201606				Erstatning for:	Erstattet av:
B. TARBERG AS				901	
Henvisning:		Beregning:		Kjellmar Tarberg	

3D perspektiv Tarberg hytteområde gnr. 62 bnr 2









REGULERINGSPLAN FOR "TARBERG HYTTEOMRÅDE"

Nasjonal arealplan-ID: Kartnr. i kartarkivskap nr. 1

Eigengodkjenningsdato

Eigengodkjend av:

1515201606

XX.XX.2017

Herøy kommunestyre

Områdeomtale/plangrense:

I nord: Grensar til småbåthamn og sjø

I sør: Grensar til reguleringsgrense

I aust: Grensar til brystningsvern for hamneveg

I vest: Grensar til friområde

§§ 1-3 GENERELT**§ 1 - GYLDIGHETSOMRÅDE**

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast - og bygningane plasserast - slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Naust (BUN1-2)
- Fritidsbustader (BFF1)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V1)
- Annan veggrunn – teknisk anlegg (AVG)
- Parkeringsplassar (SPP)

Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

- Grønnstruktur (G)

Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone (PBL § 12-5, nr. 6)

- Småbåthamn (SH)
- Friluftsområde i sjø (FS)

§ 5 - FELLESFØRESEGNER

a. Bygg på areala BUN1, BUN2 og BFF1 skal plasserast innanfor regulert byggegrense(r). Byggegrense er samanfallande med formålsgrense. Maks BYA =100% for områda BK1 og BK2. Takutstikk kan kome utanfor. Parkering dekkast på anna område.

b. Alle inngrep skal planleggjast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bygg skal tilpassast terrenget på tomte og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.

Vedlegg 9: Varslingsliste for nøkkelpersonell	22
Vedlegg 10: Omsorgsberedskap	25
Vedlegg 11 : Naudnummer, satelittelefoner på Søre Sunnmøre	26
Vedlegg 12: Naudaggregat (reservestraumforsyning).....	27
Vedlegg 13: Siviltforsvaret	28
Vedlegg 14: Heimvernet - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt 11	30
Vedlegg 15: Maritime ressursar	31
Vedlegg 16: Frivillige organisasjonar	32
Vedlegg 17 : Forpleining , innkvartering og transport Oppdatert 21.04.2015	33
Vedlegg 18: Oversikt beredskapsplanar	35
Vedlegg 19 : Fordelingsliste.....	36

Innleiing

Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen. Kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uynskte hendingar.

Katastrofar, alvorlege ulykker og svikt i samfunnsviktige funksjoner, viser ofte at samfunnet ikkje er godt nok førebudd på å handtere vanskelege situasjonar. Sjølv mindre hendingar kan resultere i tap for menneske, verksemder og skade i miljøet.

Kommunen og andre samfunnsaktørar kan redusere konsekvensane ved å vere godt førebudd på hendingar som kan skje. Det er derfor utarbeida overordna risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) for kommunen. Med bakgrunn av denne analysen er beredskapsplanen utarbeida.

Det er ikkje mogleg å ha fokus på alt samtidig. Dei hendingane som omfattast av beredskapsplanen ligg derfor i hovudsak utanfor «normal risiko», dei daglegdagse hendingane som samfunnet må leve med og handterast i den daglege beredskapen.

Planen skal vere ein samordna plan for kriseleiinga og vere eit hjelpemiddel for at kommunen skal kunne reagere raskt og effektivt.

Lovverk

Kommunen sin beredskapsplikt ligg i:

- Sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15
- Forskrift om kommunal beredskap §§2 og 4

I lov og forskrift er det sett krav til planen. Kommunen skal ha planverk som er basert på ein heilskapleg ROS-analyse i kommunen. Som eit minimum skal planverket innehalde:

- Informasjon om kommunen si kriseleiing og deira ansvar, roller og fullmakter
- Ei varslingsliste over aktørar som har rolle i kommunen si krisehandtering
- Tilgjengelege kommunale ressursar
- Tilgjengelege ressursar hos andre aktørar som kan vere aktuelle ved kriser.
- Evakueringsplan
- Plan for befolkningsvarsling
- Plan for krisekommunikasjon (informasjonsplan) med befolkninga, media og eigne tilsette

Kommunen sine oppgåver ved krise

Kommunen skal ved krise ivareta befolkninga sin sikkerheit og trygghet. Aktuelle oppgåver kommunen skal handtere vert:

- Ta hand om skada personar
- Omsorg for personar som har vore utsett for påkjenningar
- Evakuere personar frå utsette område
- Innkvartering av evakuerte, skadde og/eller redningsmannskap
- Informere om situasjonen i kommunen og gi instruksar
- Forpleiing eller anna forsyningsstøtte
- Sikre helsemessig trygge næringsmiddel og drikke vatn
- Rette opp skader for kommunikasjon og andre anlegg
- Opprydding, oppreinsking, handtering av avfall og anna innsats for å verne miljøet
- Vern om kulturelle verdiar
- Helsehjelp, informasjon og råd til innbyggjarane ved sjukdomsutbrot

- Etablering av stadar for behandling og pleie av skadde og sjuke
- Anna ved behov

Beredskapsarbeidet har 4 hovudprinsipp:

1. **Ansvarsprinsipp:**
Den avdelinga som har ansvar i det daglege har ansvar for skadeførebygging og beredskapstiltak.
2. **Nærleikprinsipp:**
Krisa skal handterast på lavast mogleg nivå.
3. **Likskapsprinsippet:**
Krise/ulykke skal handterast av den ordinære organisasjonen, mest mogleg lik organisasjonsstrukturen for normal drift.
4. **Samvirkeprinsippet**
Kvar enkelt avdeling har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samarbeid med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering

Plan for kriseleiinga

Kriseleiinga

Kriseleiinga i Herøy kommune består av :

ordførar (leiar)
rådmann
brannsjef
lensmann.

Sekretær for kriseleiinga er leiar for servicetorget .

Kriseleiinga vert utvida ved behov.

Kontaktinformasjon finn ein i vedlegg 1 s 14.

Kriseleiinga sine oppgåver

Ved ei krise vil hovudoppgåvene til kriseleiinga vere:

- Innhente opplysningar om situasjonen i kommunen
- Treffe vedtak om tiltak for å hindre/reducere skader på personar, miljø og materielle verdiar
- Prioritere kommunale ressursar
- Halde kontakt med lokal redningssentral/politi (LRS), eventuell skadestadleiing
- Utarbeide og sende ut informasjon til innbyggjarane, media og tilsette
- Rapportere om situasjonen i kommunen til fylkesmannen
- Sette i verk evakuering av personar ved behov (avklarast med politiet)
- Innkvartere og ta hand om berørte personar
- Rekvirere omsorgsberedskapsgruppe når situasjonen krev det
- Ved større hendingar utvide omsorgsberedskapsgruppa
- Forpleining av redningsmannskap og anna fagpersonell

Fullmakter/økonomi

I ein akuttsituasjon, der det ikkje er tid til å kalle saman formannskap eller kommunestyret, har kriseleiinga fullmakt til å nytte inntil kr. 500.000,- for å forhindre eller avgrense skade.

Vedtaket er gjort i kommunestyret 05.06.1998, K-sak 63/98, med heimel i kommunelova § 13.

Handlingsplanar for konkrete hendingar

Kommunen skal gjennomføre heilskapleg ROS-analyse. Det vil sei å kartlegge, systematisere og vurdere kor sannsynleg det er at hending kan inntreffe og korleis desse kan påverke i kommunen.

ROS-analysen skal forankrast i kommunestyret.

Herøy kommune har utarbeida heilskapleg ROS-analyser som vart lagt fram for kommunestyre 28.05.2015. Med bakgrunn i analysen er det konkludert med at desse handlingsplanane skal utarbeidast (K-sak65/15):

- a. stormflo, bølgepåverknad og vind - vedlegg 2 s 15
- b. brann, eksplosjon, kjemikalieutslepp og anna akutt forureining – vedlegg 3 s 16
- c. ulykker knytt til skipsfart – vedlegg 4 s 17
- d. mangel på informasjon- og kommunikasjonsinstallasjonar - vedlegg 5 s18
- e. bortfall av infrastruktur – vedlegg 6 s 19
- f. vern av fuglefjell og anna dyreliv i området-vedlegg 7 s 20

Varsling

Varsling av kriseleiinga skjer som regel slik:

- Varsel frå Fylkesmannen
- Varsel frå politi
- Varsel frå eigne tilsette
- Innbyggjarane tek kontakt

I Herøy kommune er det ordførar, rådmann og brannsjef som mottek beredskapsvarsel frå fylkesmannen på SMS og e-post. Brannsjef kvitterer for at varsel er motteke med kopi til ordførar og rådmann.

Varsel som vert motteke på anna måte skal alltid vidareformidlast til leiar for kriseleiinga (ordføraren).

Dersom tilsette i kommunen får kjennskap til større ulykker eller uønska hendingar skal dette meldast til næraste overordna eller til medlemmer av kriseleiinga umiddelbart. Det er viktig at terskelen for å melde er lav.

Varsel som kriseleiinga får vedkomande ekstremt vér skal sendast til leiar for eigedomsavdelinga og leiar for servicetorget. Dette for å sikre kommunal eigedom og eventuelt informere innbyggjarane om ein venta situasjon for å førebyggje skader.

Det skal vere lav terskel for å samle kriseleiinga. Kriseleiinga kallar inn naudsynt kompetanse ved behov.

Kriseleiinga etablerer seg i «møterom servicetorget» (rådhuset) ved innkalling om ikkje anna er sagt i innkallinga.

Personalressursar

Beredskapssekretariatet (vedlegg 8 s 21) etablerer seg i servicetorget sine lokale (rådhuset). Ein har

ansvar for sentralbord, ekspedisjon, publikumskontakt og informasjon via nettet , også i krisesituasjoner. All informasjon skal klarerast med leiar for kriseleiinga.

Leiarane for dei ulike avdelingane kan verte kalla inn til kriseleiinga ved behov.

Anna personell i kommunen kan verte kalla inn ved behov. Som regel vil desse verte kalla inn av eigen leiar. Kommunen har utarbeida liste over nøkkelpersonell som kan verte kalla inn ved behov. (vedlegg 9 s 22)

Psykososialt kreisteteam (omsorgberedskap) er sentralt i ein kvar krise. Kommunen har ei kjernegruppe med leiar som vert varsla når det er behov for personellressursar frå denne gruppa. (vedlegg 10 s 25)

Ordføraren er informasjonsleiar . Leiar for servicetorget er med å bistå ordføraren med å organisere informasjonsarbeidet (pressemeldingar, pressekonferansar, m.m.)

Bistand frå andre kan i enkelte situasjonar vere nødvendig. Det er kriseleiinga som skal avgjere om det skal søkjast hjelp frå Sivilforsvaret, heimevernet, frivillige hjelpeorganisasjonar, idrettslag og andre.

Ressursoversikt - materiell

Forskrift om kommunal beredskap § 4 c seier at kommunen sin beredskapsplan skal innehalde ressursoversikt med opplysningar om kva ressursar kommunen sjølv har og kva ressursar ein har tilgjengeleg hjå andre aktørar ved uønskt hendingar.

Eigne ressursar – materiell

Brannsjefen har oversikt over alt slokke- og redningsutstyr som kommunen disponerer. Brannvesena i nabokommunane bistår ved behov.

Kommunen disponerer 3 satelittelefonar. Oversikt satelittelefonar til Møre og Romsdal 110-sentral, kommunale satelittelefonar og satelittelefonar i nabokommunane finn ein i vedlegg 11s 26.

Fleire bygg i kommunen har reservestraumforsyning – i planen kalla naudaggregat. Oversikt naudaggregat finn ein i vedlegg 12 s 27.

Eksterne ressursar – materiell

Ved behov kan eksterne ressursar, materiell og personell, hentast inn frå ulike aktørar. Mest aktuelle er:

Sivilforsvaret – vedlegg 13 s 28

Heimevernet – vedlegg 14 s 30

Maritime ressursar – Vedlegg 15 s 31

Frivillige organisasjonar – Vedlegg 16 s 32

Bruk av data, telefon og beredskapsplanar ved bortfall av straum

Straumbrot vil få konsekvensar for korleis ein handterer ei krise.

Telefon:

Fasttelefonane på rådhuset skal vere operative so sant telefonsentralen og nettverk/infrastruktur er oppe.

Dersom telefonsambandet ikkje fungerer vil servicetorget verte bemanna. Det er montert satelittelefon på fast møterom for kriseleiinga.

Data:

Dersom det ikkje er brot på sambandet mellom Herøy rådhus og SSIKT driftssenter (Hareid Rådhus) skal alle program vere tilgjengelig frå rådhuset. Dersom det er brot på sambandet mellom Herøy kommune og SSIKT driftssenter kan ein ved å nytte anna tilgjengelig nett (mobil, privat internett o.l.) nå dei fleste applikasjonar via citrix og nettstaden app.ssikt.no (i løpet av året er serverrom på rådhuset planlagd flytta til SSIKT-driftssenter). Denne løysinga krev at medlemmane i kriseteamet er lagt inn med tilgang til denne løysinga.

Reservestraum:

Ved Herøy rådhus er det montert diesel-drive naudstraumsaggregat med automatisk start. Ved stramutfall kan aggregatet levere tilstrekkelig med straum til å halde oppe serverrom, telerom og nettverk/infrastruktur på rådhuset. Det er i tillegg montert UPS på serverrom og sentrale nettverkskomponentar for spenningsvern og i tilfelle naudstraumsaggregatet feilar. UPSane er skalert for å halde tilkopla komponentar oppe i rundt 30-60 minutt.

Naudstraumaggregatet (vedlegg 12 s 27) leverer også straum til beredskapsrom for kriseleiinga.

Plan for evakuering, forpleining og innkvartering

Det kan skje hendingar som gjer at kommunen gjennomfører evakuering av eigne bygg, men ved ei større krise i lokalsamfunnet er det politiet som avgjer om evakuering skal skje. Kommunen bistår politiet ved ein slik evakuering.

Politiet skal i ein slik situasjon:

- Skaffe oversikt over kor mange og kven som er involvert i hendelsen
- Registrere personopplysningar
- Koordinere og ha kontroll med transport av involverte
- Ha pårørandetelefon, pårørandekoordinator og pårørandekontakte
- Gi informasjon til dei involverte
- Tilrettelegge for varsling og igjenforeining med pårørande
- Koordinere mediahandteringa
- Etablere vakthald samt skjerme mot media og befolkninga

Kriseleiinga skal i ein slik situasjon:

- Avklare omfang og behov for støtte med politiet
- Finne lokalitetar for evakuering- og pårørandesenter
- Organisere logistikk knytt til evakuering
- Kalle inn naudsynt kommunale ressursar/støtteapparat
- Vurdere om det skal settast omsorgsberedskap
- Sørgje for forpleiing av hjelpepersonell så lenge situasjonen krev det

I ein situasjon der det er behov for evakuering vil ein ha behov for lokalitetar ev overnattingsstadar, serveringstadar og transportørar . Dette finn ein i vedlegg 17 s 33.

Plan for krisekommunikasjon – informasjonsplan

Informasjon til publikum og presse er ein viktig del av beredskapsarbeidet. Kriseleiar skal til ein kvar tid avgjere når informasjonsplanen skal takast i bruk og bestemme kva det skal informerast om. Planen dekkjer fyrst og fremst hendingar av eit omfang der det er sett kommunal kriseleiing.

Godt informasjonsarbeid i kriser vil skape tillit til kommunen og gi godt omdøme. Det er viktig at ein kjem raskt ut med informasjon så ein ikkje kjem i informasjonskrise i tillegg til den eigenlege krisa.

Mål og prinsipp for krisekommunikasjon

I ein krisesituasjon er målet for informasjonsarbeidet å:

- Bidra til å skape trygghet og sikkerheit
- Redusere unødig frykt/angst
- Avgrense og førebygge skade materielt
- Forhindre rykte og feilinformasjon
- Rettleie og gi råd

Ein krisesituasjon kan delast i tre faser:

1. Akutfase (dei fyrste timane/døgnet)
2. Driftsfase (den vidare handteringa)
3. Avslutning og tilbake til normal drift

Det er politiet/LRS som gir konkret informasjon om hendinga og konsekvensane i ei akutfase. Det er viktig at kriseleiinga avklarar med politiet korleis media skal handterast i akutfasa og kva kommunen kan eller skal informere om.

Kommunen si rolle i ein slik situasjon kan vere å bistå med å gjere informasjonen tilgjengeleg som for eksempel på kommunal nettside sett i krisemodus og sosiale media.

I ei driftsfase vil kommunen ta over meir og meir av leiinga og koordineringa på skadestaden og dermed også informasjonsarbeidet.

Organisering informasjonsarbeidet

Kriseleiar er også informasjonsleiar og skal vere den som uttaler seg til presse om dette ikkje vert delegert til andre.

- Servicetorget stenger dørene og alle telefonane vert betjent, alle tlf. som er kobla saman med nr, 1311.
- Sentralbordet vert betjent som vanleg. Det vert lagt inn ny talemelding for kø: " Du er no komen til Herøy kommune. Det er for tida stor trafikk. Har du spm. eller informasjon vedkomande kan du ringe Servicetorget på 70081311 eller ved å gå inn på heimesida : heroy.kommune.no.
- Kommunestyresalen vert reservert til presserom.
- Vurdere å opprette pressekontakt og ev. definere den rolle pressekontakta skal ha.
- Kriseleiinga vurderer om andre tlf. skal stengast for inngåande trafikk.
- Kommunen si nettside vert sett i krisemodus og informasjon vert fortløpande lagt ut der
- Informasjon lagt på nettsida vert også delt via sosiale media

Informasjon ut:

- Det kriseleiinga ønskjer det skal informerast om skal av kriseleiinga noterast ned og delast ut til dei som sit ved telefonane. Det er kun dette det til ein kvar tid skal informerast om.
- Kriseleiinga og informasjonsansvarleg har til ein kvar tid ansvar for oppdatering av denne informasjonen.

- Informasjon skal heile tida leggst ut på nettsida til Herøy kommune. Dette vert gjort av informasjonsansvarleg eller andre etter avtale med kriseleiinga.

Mottak av informasjon:

- Dei som sit ved telefonane skal notere alle nye meldingar som kjem inn i eige skjema. Desse skal fortløpande leggst i eigen kassett for innkomne meldingar. CIM skal nyttast etter at opplæring er gitt.
- Informasjonsansvarleg har ansvar for å formidle desse vidare til kriseleiinga.

Presse:

- Kriseleiar eller den han gir fullmakt, skal uttale seg til pressa og ingen andre.
- Pressekonferansar vert halde i kommunestyresalen. Informasjonsansvarleg kallar inn presse etter avtale med kriseleiar.
- Dersom det er ønskjeleg skal informasjonsansvarleg vere med å organisere pressekonferansen.

Sjekkliste pressekonferansar:

- Avklare tid/stad
- Sende ut invitasjon til alle media samtidig med informasjon om:
 - o Tid /stad
 - o Tema
 - o Kven deltek
 - o Kontaktinformasjon inn til kommunen
- Lage til lokale som skal nyttast:
 - o Podium
 - o Teknisk utstyr
 - o Namneskilt på podiet
 - o Registreringsliste for journalistar
- Førebuande med dei som skal delta på pressekonferansen
 - o Gå igjennom situasjonen
 - o Sette seg inn i informasjonsbehovet til media og korleis ein skal møte dette
 - o Verte samde om hovudbodskapet
 - o Koreleis skal innleiinga og opning for spørsmål gjennomførast
 - o Avklare kven som uttalar seg om kva
- Sette av enkeltintervju med den som har hovudansvar for å uttale seg
- Sette tid for neste pressekonferanse

Plan for innbyggjarvarsling

God innbyggjarvarsling kan virke både skadeførebyggjande og skadeavgrensande. Ved ei kvar krise er det viktig å bruke fleire informasjonskanalar samstundes.

Brev i postkasser

Når ut til mange, men tek lang tid. Er mest eigna for utsending av generell informasjon der tid ikkje er ein viktig faktor.

Heimeside

Kommunen si heimeside vert sett i krisemodus når det oppstår situasjonar der det er naudsynt. Nettsida skal nyttast aktiv til å informere lokalbefolkninga ved ei krise i tillegg til andre media. Nettsida er tilpassa mobil/nettbrett. Alt som vert lagt ut på nettsida skal delast på sosiale media.

Radio/TV/nettavisar

Haster det med å få ut informasjon er det viktig at radio, tv og lokale nettavisar vert nytta aktivt i tillegg til eigne heimesider.

Mobilvarsling

Det kan sendast ut SMS-varsel til alle som har mobilabonnement knytt til bustadadresse i Herøy. Kommunen har ikkje tilrettelagt for slik varsling, men vil ved ei krise måtte nytte andre til å sende varsel på vegne av kommunen. Det er ikkje gjort avtale for slik varsling.

Varsling via arbeidsgivarar

I kommunen har vi ein del arbeidsinnvandring og ein bør vurdere å varsle dei store arbeidsgjevarane slik at ein lettare kan nå arbeidsinnvandrane med naudsynt informasjon.

Andre varslingsmåtar

Det kan ved enkelte situasjonar vere naudsynt å nytte andre varslingsmetodar som telefonoppringing, bil med høgtalar, oppsøkjande verksemd, informasjon ut til kommunale einingar som skule og barnehage.


Sosiale media

Kommunen nyttar i dag facebook og twitter. I ein gitt situasjon kan dette nyttast til å spreie informasjonen som vert lagt på eigna nettside.

Kriseleiinga tek stilling til kva informasjonskanalar som skal nyttast. Det er her viktig å merke seg at enkelte medium er sårbare ved straumbrot.

Oppfølging beredskapsarbeidet

Årshjul



Kriseleiinga skal til ein kvar tid avvikle ferie slik at personer er tilgjengeleg for å kvittere for mottak av varsel og etablere stab.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Kriseleiinga

Kriseleiinga i Herøy kommune består av:

Tittel	Namn	Tlf.	Mobil	e-post
Ordførar	Arnulf Goksøyr		90 10 71 35	arnulf.goksoyr@heroy.kommune.no
Rådmann	Olaus Jon Kopperstad		95 13 12 04	olaus-jon. kopperstad@heroy.kommune.no
Brannsjef	Jon Rune Våge		91 57 80 04	Jon.r.vage@heroy.kommune.no
Lensmann	Hilde Aglen	701 18 700 02800	41 61 40 00	hilde.aglen@politiet.no

Sekretær: leiar servicetorget Wenche Moltu , kontaktinfo vedlegg 8.

Oppdatert: 08.11.2016

Vedlegg 2 :Handlingsplan for stormflo, bølgepåverknad og vind

Vurdering/beskriving	Konklusjon- handling
Hending	I deler av året vil kombinasjonen av sterk vind(storm og orkan), stormflo og store bølger kunne skape situasjonar som vil skade infrastruktur og påverke lokalsamfunnet
Konsekvens	I slike situasjonar vil ein kunne oppleve ein eller fleire av desse situasjonane: - Stengde bruer - Stein opp på vegbana - Flaum innover Vågsplassen - vassinntrenging som trenger inn i rådhuset og ev. andre bygg - Tre bles ned over linjer, utan telefon og straum - Båtar på drift - Skader på bygg
Førebuing	Kommunen må: - ha rutine for varsling av nøkkelpersonell - ha oppdatert planverk (også underplanar) - plassere ut pumper i utsette bygg - oppmode om at tre vert fjerne, krevje tre fjerna , der det er fare for stenge veg og skade på straumleidningar - Øvingar
Tiltak	Kommunen setter iverk tiltak før uveret kjem ved å: - gi informasjon til befolkninga (heimeside, sosiale media og ev. SMS-varsling) om å iverksette tiltak (sjekk båt, fjern lause gjenstandar, sikring byggeplass, m.m.) - oppmode private om å til ei kvar tid fjerne tre som kan få konsekvensar for infrastruktur om det havnar over linjer eller vegbane (september kvart år). - Varsle internt i organisasjonen om det som kan skje og at tiltak vert iverksett (spesielt eigedoms-avdelinga og pleie- og omsorg) - Halde organisasjonen og befolkninga oppdatert om hendingar som kan ha innverknad i kvardagen (internett og sosiale media) - Sende ut SMS-varsling om situasjonar som har oppstått og som vil ha konsekvensar for lokalbefolkninga - Kalle inn naudsynt personell alt etter kva situasjon som oppstår - Oppmode befolkninga å halde kontakt med naboar for å sjå om dei har det bra.

Vedlegg 3 : Handlingsplan for brann, eksplosjon, kjemikalieutslepp og anna akutt forureining

Vurdering/beskriving	Konklusjon- handling
Hending	Brann i bustad, brann i større bygg, eksplosjonar, kjemikalieutslepp og anna akutte forureiningar. Ved slike hendingar er det brannvesen, politi og helsevesen som ivaretek den akutte situasjonen, men det vil kunne vere aktuelt med bistand frå kommunen.
Konsekvens	Den daglige beredskapen knytt til dette vert ivareteke ved det lokale brannvesenet. Ved større hendingar kjem IUA inn i bildet. Hendingane kan medføre konsekvensar for privatpersonar. Hendingar som: - Mister huset sitt - Må evakuere frå heimen for kortare og lenger tid - Traume - Skader på miljø/forureining
Førebuing	Oppdatert kriseplan Øvingar Gjennomføre kontroll etter brannlova Ha rutine for varsling
Tiltak	Kommunen må vurdere om hendinga har konsekvens for den daglege drifta og varsle avdelingane i organisasjonen. I tillegg vil ein etter oppmoding frå politiet kunne: - Bistå med evakuering - Bevertning redningsmannskap - Helsehjelp til dei som treng det (omsorgberedskap) - Skaffe hus, innkvartering - Informasjon til innbyggjarane - Kunne bistå i oppryddingsarbeid (miljø)

Vedlegg 4: Handlingsplanar knytt til skipsfart

Vurdering/beskriving	Konklusjon- handling
Hending	I den grad det skjer ei ulykke med eit skip, uavhengig av type, vil kommunen kunne få ein rolle. Aktuelle type skip er frakteskip, oljetankarar, turistskip , offshorefartøy, fiskebåtar og hurtigruta, m.m. Aktuelle hendingar kan vere grunnstøytingar, forlis, brann, m.m.
Konsekvens	I den grad det skjer ei ulykke vil andre aktørar ha ansvar for å ivareta hendinga (IUA og kystverket) og eventuelt søkje bistand frå kommunen. Det kan vere aktuelt å evakuere turistskip, hurtigruta og andre skip. Det kan her vere snakk om skadde personar eller personar som har opplevd hendinga som dramatisk. Aktuelle hendingar vil også kunne føre til forureining i nærområdet. Det er eigne planar for korleis slike situasjonar skal handterast.
Førebuingar	Oppdatert planverk- viktig her er lokaliteter som kan nyttast ved eventuell evakuering og kontaktinformasjon. Øvingar
Tiltak	Oppdatere planverket gjennom året Legge til rette og organisere bistand det er behov for. Informasjon om kommunen si rolle på heimeside og sosiale media.

Vedlegg 5: Handlingsplan for manglande informasjon- og kommunikasjonsinstallasjonar


Vurdering/beskriving	Konklusjon- handling
Hending	Uvêr ,kraftig vind og nedbør.
Konsekvens	- Manglande fasttelefon - Manglande mobilnett - Manglande internett - Naudnett går ut Ein eller fleire av desse konsekvensane kan kome samtidig og då gjerne i samband med mangel på straum.
Førebuing	- Opplada satelittelefonar (oversikt satelittelefonar i eige vedlegg) - Ha naudaggregat og føre tilsyn med at desse fungerer - Øvingar
Tiltak	- Etablere alternative samband på ulike stadar i kommunen - Dele ut VHF ved sjukeheimane - Informasjon i media (inkl. eigne nettsider og sosiale media)

Vedlegg 6: Handlingsplan infrastruktur

Vurdering/beskriving	Konklusjon- handling
Hending	Uvêr, storm, orkan og store nedbørmengder, vil kunne påverke infrastrukturen (vegar, hamn ,bruer, leidningsnett, m.m.)
Konsekvens	- Stengde bruer – vil ha konsekvensar for framkomst til/frå øyane. Dette gjeld blant anna skuleskyss, utrykking naudetatane, levering av tenester til hjelpetrengande i private heimar m.m. - Stengt i Skarebakken – der er ikkje høve til omkøyning og når vegen er stengt vil det ha konsekvensar for skuleskyss, utrykking frå naudetatane, levering av heimetenester, m.m. - Brot på vassleidningar – delar av kommunen kan i periode vere utan vassforsyning. Dette vil kunne få konsekvens for brannberedskap, vassforsyning til institusjonar og befolkninga elles - Straumbrot – vil ha konsekvens for kommunale institusjonar, tryggingsalarmer, pumpestasjonar, tilgang til telefon, data, m.m.
Førebuing	- Oppdatert planverk - Opplada satelittelefonar
Tiltak	- Halde lokalbefolkninga oppdatert gjennom media og gi råd på korleis dei skal handtere situasjonen - Dele ut VHF på sjukeheimane - Informere avdelingar i kommunen om situasjonen slik at dei kan ivareta tenesteproduksjonen og eventuelt varsle pårørande (skule, barnehage, institusjonar) - Varsle naudetatane om langvarig stenging av vegar og bruer - Sette inn tankbil der dette er nødvendig (vassforsyning) - Vurdere å få fleire aggregat ved langvarig straumbrot. - Vurdere SMS-varsling - Følgje med utviklinga og sette i verk tiltak der dette er naudsynt

Vedlegg 7: Handlingsplan for vern av fuglefjell og anna dyreliv i området

Vurdering/beskriving	Konklusjon- handling
Hending	Utslepp av olje og anna kjemikaliar i sjøen kan gi store miljøskader og ha konsekvensar for fugl og anna dyreliv i kommunen.
Konsekvens	- Tilsøla områder i fjørekanten - Oljeflak i sjøen - Tilsøla skada fugl og andre dyreartar - Død fugl og andre dyr
Førebuing	- Oppdatert plan for interkommunalt samarbeid ved forureining - Øvingar
Tiltak	Det er IUA og kystverket som vil ha ansvaret ved ei slik hending, men kommunen vil kunne bidra med: - Å skaffe personell til opprydding - Halde befolkninga oppdatert gjennom kommunale nettsider og sosiale media



Kommunen og IUA sitt ansvar ligg i barriere 3 og 4 dvs. i kystnære område. Meir informasjon om inndeling finn ein på [Norsk Oljevernforening for Operatørselskap sine nettsider](#).

Vedlegg 8: Beredskapssekreteriat

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf. arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Wenche Moltu	6094 L	70081303		48959590
	Lene Utseth	6094 L	70081309	70086808	97790694
	Dina V Djupvik	6095 B	70081306	70087370	98807378
	Susann Fosnavåg	6091 F	70081307		93267073
	Hilde Skennes	6090 F	70081360	70089957	93065688
	Lisbeth Espeseth	6095 B	70081358	70087414	40242825
	Guro Gausemel	6070 T	70081333		41930300
	Brit Berge	6092 F	70081359		97783401

Oppdatert: 11.11.2016

Vedlegg 9: Varslingsliste for nøkkelpersonell

Brann

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Brannsjef	Jon Rune Våge	6091 F	70081362		91578004
Sjefsvakt					90115520

Eigedom

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Robert Myklebust	6094 L	70081347	99631612	99095251
	Phillipp Kessler-Myking	6092 F	70081346	94146162	48261387
	Ada Fj. Kleppe	6090 F	70081329		95726386

Kultur

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Eileen Gjerde	6080 G	70081380		95456945

Økonomi

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Geir Egil Olsen	6090 F	70081314		90166689

Skule

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Sølvi L. Remøy	6090 F	70081387	70088007	95764125

Barnehage

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Laila Solhaug	6092 F	70081322	92629488	95478840

Pleie og omsorg

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Renathe Rossi-Kaldhol	6065 UF	70081491		94881303
	Marit Dalsbø	6070 T	70081487		47659836

Barn, familie og helse

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Inger Marie Toftagen	6080 G	70081452		93874513
Kommuneoverlege	Torill Myklebust	6076 M	99210018	97681691	99210018
Leiande helsesøster	Elisabeth Slettestøl	6083 G	70081458		91644129
Leiar Barnevern	Evy Løfoll	6090 F	70081352		90640811

Bu-og habilitering

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Renathe R.Kaldhol	6065 U	70081491		93221001

Landbrukskontoret

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Anne Kathrine Løberg	6062 Brandal	70084671		90034380

Ikt

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Guro Gausemel	6070 Tjørvåg	70081333		41930300

Fellessekretariatet

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Hilde B. Skinnes	6090 F	70081360	70089957	90030240

Personalavdeling

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar	Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth	6091 F	70081327		99015025

Oppdatert: 10.10.2016

Vedlegg 10: Omsorgsberedskap

Stilling	Namn	Adresse	Dir. tlf.arb.	Tlf. privat	Mobil
Leiar barn, familie og helse	Inger Marie Tofthagen	6070 T	70081452	70330782	93874513
Kommune-overlege	Torill Myklebust	6076 M	70080306		99210018
Psyk. Sjukepl.	Svanhild Rise	6091 F	70084634		99090691
Pykolog	Ivar Ørstavik	6070T			91636698
Sokneprest	Knut Magne Dalsbø	6070 T	70080269		41330739
Kateket	Karl Anders Brendmo	6098 N	70080265	99331667	99331667
Leiar NAV	Jarle Stordal		74733707	97661815	41 68 28 04
Sosionom	Kaja Ingebrigtsen	6070 T	74733721	70084349	95150207
Leiar bv.	Evy Løfoll	6090 F	70081354		90640811
Leiar PPT	Daria Thea Dahl		70081742		46385343
Leiar PO	Renathe Rossi-Kaldhol	6065 U	70081491		94881303
	Legevakta		116117		

Kjernegruppe utheva. Utvida gruppe, heile lista.

Oppdatert 15.10.2016

Vedlegg 11 : Naudnummer, satelittelefoner på Søre Sunnmøre

M&R 110-sentral	110 (BRANN)
Satelittlf. 1	00 88 16 77 71 60 76
Satelittlf. 2	00 88 16 77 71 60 77
Herøy kommune	Satelittlf.:
Kriseleiar (ordførar)	00 88 16 23 44 22 44
Brannvakt	00 88 16 23 44 22 40
Servicetorg	00 88 16 23 44 22 42
Ulstein kommune	Satelittlf.:
Kriseleiang	00 88 16 23 44 22 47
Brannvakt	00 88 16 23 44 22 70
Hareid kommune	Satelittlf.:
Brannvakt/beredskap	00 88 16 23 44 22 48
Sande kommune	Satelittlf.:
Har pr. 07.02.14 ikkje satellitt telefon	
Ørsta kommune	Satelittlf.:
Kriseleiar	00 88 16 23 44 22 68
Volda kommune	Satelittlf.:
Kriseleiar	00 88 16 23 44 22 56
til utlån	00 88 19 23 44 22 57
til utlån	00 88 19 23 44 22 58
Vanylven kommune	Satelittlf.:
Kriseleiiig	00 88 16 23 44 22 71
til utlån	00 88 16 23 44 22 72

Vedlegg 12: Naudaggregat (reservestraumforsyning)

Desse kommunale bygga har naudaggregat:

- Myrvåg omsorgssenter
- Herøy omsorgssenter – raud og grøn avdeling, helsesenteret administrasjon
- Herøy omsorgssenter – blå avdelinga
- Fosnavåg brannstasjon
- Herøy rådhus

Vedlegg 13: Sivilforsvaret

Møre og Romsdal sivilforsvarsdistrikt omfattar kommunane i fylket, og har cirka 300 tenesteplyktene i operative avdelingar.

Distriktskontoret ligger i Molde. Henvendelser bør normalt skje i vanlig kontortid - mellom kl 08:00 og 15:00.

Distriktet har døgnbemanna vakttelefon: 71 20 65 80

I distriktet er det plassert ut 77 operative varslingsanlegg (sirener) for varsling om fare i fred og krig.

Det er operative forsterkningsavdelinger bestående av tjenesteplyktige kvinner og menn på følgende steder: Molde, Rauma, Kristiansund, Sunndal, Ålesund, Ørsta/Volda og Ulsteinvik.

Sivilforsvaret sine materiellressursar pr. 14.12.2014:

Benevnelse	Fylket	FIG	Teknisk info/merknader
BRANN:			
Motorbrannsprøyte Ziegler	7	1	+ 1 reserve i Molde ca 1700 l pr min (10 bar)
Motorbrannsprøyte Fox	7	1	ca 1700 l pr min (10 bar)
Brannbil m/ sprøyte i front	2		KSU/Ålesund ca 3000 l pr min (10 bar)
Lensepumpe	7	1	div typer. Pumper 500 l i min./se tiltakskort
Brannslanger 4 "	112	16	Hver slange er 25 m Totalt 2800 m + reserve
Brannslanger 2,5"	112	16	Hver slange er 25 m Totalt 2800 m + reserve
Brannslange 1,5"	70	10	Hver slange er 25 m Totalt 1750 m + reserve
Korte brannslanger 2,5"	14	2	Hver slange er 5 m
Korte brannslanger 4"	14	2	Hver slange er 5 m
Div vannskjermer	7	1	1, 5" eller 2,5"
Strålerør (stengbar) 2, 5"	21	3	Tre i hver FIG
Strålerør 1,5"	21	3	Tre i hver FIG
Skogbrannsmekker	70	10	
TELT/LYS/VARME:			
Telt	5		Ikke i Ørsta/Volda og Sunndal
Powermoon	5		Ikke i Ørsta/Volda og Sunndal
Varmeaggregat (Heater)	5		Utgått til telt
Aggregat	5		4000W (6000W i Rauma/Ulstein)
AGGREGAT:			
Bærbart 650W	7	1	Kun til små arbeidslamper
Aggregat 3000W	7	1	På hjul. Kun til eget bruk.
Aggregat 2000W	6		Ikke i Ulstein
SANITET:			
Ullteppe	336	48	Sekker a 12 + reserve min 1000
Stålrørslåre	84	12	
Båreunderlag	84	12	
Førstehjelpvesker	56	8	
SAMBAND:			
Radio	64	8	+ reserve
Repeater	6		Ikke i Ulstein
Satellitt-telefoner	2		1 vakt/ 1 distriktskontoret
TRANSPORTMATERIELL			
FIG bil	7	1	
Brannbil	2		Står i KSU / Ålesund
Ford trekkvogn (til MRE)	1		KSU
Henger boggie	3		KSU / Ålesund / Rauma

ATV	1		Molde
Båt (står på henger)	1		Ålesund
DIVERSE:			
Drivstoffkanner 20 liter	35	5	
Sperrebånd		7	Ikke franske gjerder
Krafse/spade/hakke/spett			ca 2 av hver i hver FIG
CBRN utstyr			
Automess (Måleapparat)	8	1	Måleapparat for radioaktivt stråling FIG/MRE
Euro-lite vernedrakter	84	12	I tillegg har MRE 75 stk

Kontaktinformasjon:

Vakttelefon: 71 20 65 80

Telefon: 71 20 65 80

Heimeside: <http://www.sivilforsvaret.no/Distrikter/More-og-Romsdal/Om-distriktet/>

Facebook: <https://www.facebook.com/moreogromsdalsfd/?fref=ts>

Vedlegg 14: Heimvernet - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt 11

HV-11 holder til på Setnesmoen leir ved Åndalsnes og distriktet omfatter Møre og Romsdal fylke og nordlige deler av Sogn og Fjordane.

HV-11 :

- Territorielt ansvar: Møre og Romsdal, deler av Sogn og Fjordane.
- Stab og oppsetningssted på Setnesmoen leir
- 20 HV-områder
- 2 Sjøheimevernsområder
- Innsatsstyrke Archery
- 30 fast ansatte
- Totalt ca. 3300 soldater i beredskap

Kontaktinformasjon:

Telefon: 71 22 41 00

Døgnvakt: 92028257

E-post: hv-11.kontakt@mil.no

Postadresse: Postboks 800, 2617 Lillehammer

Besøksadresse: Setnesmoen, 6310 Veblungsnes

Sørøyane HV-område 11212

Hovudkontakt:	Hans Ole Låbakk	Telefon:	95700657
Ansvar/rolle:	Områdesjef		
e-post:	holaabakk@gmail.com		

Kontakt:	Ole Jakob Arnesen	Telefon:	95972741
Ansvar/rolle:	NK-Område		
e-post:	ole.jacob.arnesen@ulstein.kommune.no		

Kontakt:	Daghavende HV-11	Telefon:	92028257
Ansvar/rolle:	Vakt telefon HV-11		
e-post:			

Vedlegg 15: Maritime ressursar

Kystverket:

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvalting, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining.

Kystverket Midt-Noreg har fleire hurtiggåande farty. Desse kan brukast ved ole-forureining og søk/redning.

Kontaktinformasjon:

Telefon: 07847

E-post: post@kystverket.no

Nettside for varsling: <http://www.kystverket.no/Om-Kystverket/Kontakt-oss/Varsle-Kystverket/>

Redningsskøyta:

Redningsskøyta vert dirigert av hovudredningssentralen, men tek også eige initiativ.

Informasjon om redningsskøytene finn ein i redningsselskapet sin ressursplan (ligg i ephorte) og på [redningsselskapet sine heimesider](#).

RS Møre og Romsdal:

- HRS Sør-Norge tlf. 51 51 70 00
- Kystradio tlf. 120 (nærmeste kystradiostasjon)
- Florø radio 57 74 42 94

Hurtigbåt/ ferje:

Norled: 51 86 87 00

Fjord 1: 57 75 70 00

Andre Maritime ressursar:

På Herøynytt sine nettsider er der liste over alle [rederi og skipsliste for Herøy](#). Denne lista kan vere nyttig i ein krisesituasjon.

Ved Westplast i Leinevika vil der også vere tilgjengeleg båtar, men dette vil kunne variere noko.

Kontaktinformasjon Westplast: Øyvind Sætre 70080400 / 90774725 7 oyvind@westplast.no

Oppdatert: 11.10.2016

Vedlegg 16: Frivillige organisasjonar

Sørøyane røde kors: tlf. 880 01 121

Dei har 30 godkjente hjelpekorpsarar lokalt og har søk- og redningsutstyr som:

- Tepper
- Varmesøkande kamera
- IKT-utstyr for felt
- Oksygenterapiutstyr
- Førstehjelpsmateriell
- Sambandsmateriell som VHF og nødnett
- Hjelpekorpsbil
- Båt utstyrt for søk og redning
- snøscooter

Andre lag og foreiningar:

I kommunen er det mange lag og foreiningar som vil kunne ha ei rolle ved kriser. På [kommunen si heimeside](#) finn ein liste over lag og foreiningar i kommunen.

Oppdatert: 11.10.2016

Vedlegg 17 : Forpleining , innkvartering og transport Oppdatert 21.04.2015

Innkvartering:

Lokale:	Kontaktperson/informasjon:	Merknader:
Thon Hotel Fosnavåg	Günther Dahler - 922 45 649 Monica Bjørhovde- 41765504	- 155 rom med sengeplassar - Høve for matservering
Hotel Neptun Fosnavåg	Otto Sande 70086250 97701977	- 11 rom med 27 ? sengeplassar - Høve for matservering
Christineborg Runde	Arnulf Goksøyr 90107135 700 85 950 Nettside	- 30 rom med totalt 100 sengeplassar - Høve til matservering
Lanternen Marina Jensholmen Tjørvåg	Kåre Jensholm 70085250 90082391 Nettside	- 8 hytter med 6-8 sengeplassar i kvar hytte - Høve for matservering
Kjeldsund ungdomssenter Gurskøy	Stein Tony Eidsaa 40406061 nettside	- ca120 sengeplassar - høve for matservering
Runde Miljøsender Runde	Nils Roar Hareide 41291107 70080800 Nettside	- 8 leilegheiter med 5 sengeplassar pr. leilegheit - Høve for matservering
Gokøyr Camping Runde	Knut Asle Goksøyr 70085095 92412298 Nettside	- hytter
Røyra feriesenter Røyra	Per- Hallstein Dahle 70087405 92249027 Nettside	- 2 hytter med 3 soverom - Hus med 5 soverom
Sævik utleiehytter Remøy	Johannes Sævik 92436409 993 73 536 Nettside	- 2 hytter med 8 plassar i kvar -
Herøy kystcamp Leinøy	Jan Sundnes 97482858 70086700 Nettside	- 2 hytter med 4 sengeplassar i kvar - 1 rorbu med 6 sengeplassar
Kvalsvik feriesenter	Bjarne Kvalsvik 91 13 33 10 Nettside	Hus 1 har 4 (5) sengeplassar Hus 2 har 6 (7) sengeplassar Hus 3 og 4 har 6 – 8 sengeplassar

Matlevering:

Levrandør:	Utval:	Kontaktinformasjon:	Stad:
Meny Fosnavåg	- Catring varm mat og påsmurt brødmatt	70 08 96 70	Fosnavåg
Elmirs pizzeria	- Pizza/gatekjøkken	70 08 33 00	Fosnavåg
Fosnavåg brygge	- catring varm mat	70 08 78 60	Fosnavåg
Valaker bakeri	- påsmurt brødmatt	70 08 23 00	Fosnavåg
Herøy v.g. skule	- catring varm og kald mat	70 08 03 80	Fosnavåg
Coop Mega	- catring varm og kald mat	70 08 19 90	Fosnavåg
Eurospar	- catring varm og kald mat	70 08 87 52	Fosnavåg

I tillegg kjem overnattingsplassane med matsservering der det kan bestillast mat.

Transport

Levrandør:	Tenester:	Kontaktinformasjon:
Herøy Taxi	Drosje	70 08 86 63
Bjørlykke transport	Buss og drosje.	Vakt telefon buss: - 907 90 102 Telefon Taxi: - 909 00 399 Daglig leder: - 906 43 972 E-post: post@bjorlykke.net
Nettbuss Møre	Buss med sjåfør	815 00 535
Hallgeirs turbuss	Busser	957 53 664

Vedlegg 18: Oversikt beredskapsplanar

Avdeling:	Namn på beredskapsplan:	Sist revidert/ kommentarar:
IKT	Beredskap eigen del av IKT-planen	2016
Skuleavdelinga	Prosedyrer/planar knytt til: - Ved sorg/ krise/ katastrofe som vedkjem skule og elevar - Ved dødsfall; elev, føresette, personale	2016 – årleg revidering
Eigedomsavdelinga	- Prosedyre ved brann i kommunalt bygg - Prosedyre ved ekstremvær - Prosedyre ved straumbrot - Brannvernplanar med tilhøyrande instruksar for roller i både førebyggjande og operativ fase	2016
Bu og habilitering	- Handlingsplan for vald og truslar i bu- og habiliteringsavdelinga - Skadeavgrensande tiltak i nødsituasjonar - Branninstruks og evakuering - Ekstremvær og tiltak i bu-hab avd. - Pandemiplan (delplan)	Alle revidert i 2016 med unnatak av pandemiplan som ikkje er revidert
Barn, familie og helse	- Pandemiplan - Smittevernplan - Psykososial kriseplan	Revidering ikkje gjort. Revidering under arbeid
Barnehageavdelinga	- Brann i barnehage - Prosedyrer for ulukker og død - Pandemiplan (delplan barnehage) - Handlingsplan for vold og truslar	Revidering årleg alle planar
Pleie og omsorg	- Pandemiplan (delplan) - Prosedyrer for ekstremvær for sjukeheim og heimeteneste - Branninstruks for dei ulike bygg og avdelingane	Ikkje revidert Under arbeid Ligg i Famac
Herøy vasslag	- Beredskapsplan	

Vedlegg 19 : Fordelingsliste

Distribusjonsliste beredskapsplan:

Eksternt	
Fylkesmannen	fmmrpostmottak@fylkesmannen.no
AMK-sentralen	post.aneavdelingen.aash@helse-mr.no
Lensmannen	hilde.aglen@politiet.no
Elverksjef	elling.dybdal@tussa.no
Landbrukskontoret	kontor@landbrukskontoret.no
NAV-Herøy	jarle.stordal@heroy.kommune.no
Kyrkjekontoret	kyrkjeverja@heroy-kyrkje.no
Politiet sin operasjonssentrak (LRS)	post.sunnmore@politiet.no

Internt skal disse ha varsel på e-post om at plan er oppdatert i Kvalitetslosen:

Ordfører

Varaordfører

Rådmann

Beredskapssekretariat (vedlegg 2)

Rådmannen si leiargruppe

Arkiv

Oppdatert 21.04.2015



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2016/1370
		Arkiv:	007

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Administrasjonsutvalet	22.11.2016
270/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

ETISKE PRINSIPP FOR POLITIKARAR OG TILSETTE I HERØY KOMMUNE - REVIDERT 2016

Tilråding:

Kommunestyret vedtek å godkjenne vedlagde utkast til etiske prinsipp for folkevalde og tilsette i Herøy kommune.

Prinsippa kjem til erstatning for tidlegare retningslinjer vedtekne i K-sak 16/09 den 05.03.2009.

«Etiske prinsipp for politikarar og tilsette i Herøy kommune» skal evaluerast for kvar ny valperiode.

Særutskrift:
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombod
Innkjøpskonsulent

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Bakgrunnen og arbeidsmetodikk:

I Formannskapet den 06.09.2016 var det bestemt at det skulle settast ned ei arbeidsgruppe som skulle gjennomgå gjeldande etiske prinsipp i Herøy kommune. Arbeidsgruppa skulle bestå av gruppeleiarane:

- Arbeidarpartiet: Svein Gjelseth
- KrF: Svein Ulrik Brubakk
- Venstre: Henry Jøsokbakke (møteleiar)
- Høgre: Ann-Kathrin (Tine) Storøy
- FrP: Solveig Båtsvik
- Folkelista/SP: Bjarne Kvalsvik

Som vara møtte fylgjande representantar:

- Arbeidarpartiet: Runar Stave
- Arbeidarpartiet: Sofie Arntzen
- Folkelista/SP: Kjell Runde

Henry Jøsokbakke vart valt som fast møteleiar.

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth vart peika ut til å vere sekretær for arbeidsgruppa og gjere saksutgreinga i saka.

Det vart gjennomført 3 møter i arbeidsgruppa:

- Den 04.10.2016
- Den 18.10.2016
- Den 01.11.2016

Gjennomgang og revidering:

Arbeidsgruppa tok utgangspunkt i gjeldande «Eiske prinsipp for Herøy kommune», og gjekk igjennom dei ulike prinsippa (tema) kapittel for kapittel. Til sist såg arbeidsgruppa på kapittelinndeling og utforming.

I arbeidet med revideringa vart Ørsta kommune sine «Eiske retningslinjer for tilsett og folkevalde», KS-artikkelen «Tåler gaven dagens lys» og «Veileder om gaver i tjenesten» frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, nytta som bakgrunnsmateriale og referansedokument, sjå vedlegg. I tillegg vart det innhenta informasjon frå administrasjonen om praksis i einskildhøve.

Arbeidsgruppa konkluderte raskt med at hovudtrekka i gjeldande etiske prinsipp, står seg godt også i 2016. Likevel var det einskilde formuleringar, tema og prinsipp som

vart nøye vurdert, revidert og lagt til. Det vart bestemt at ein i den nye teksten ikkje skulle syne til einskilde K-vedtak og liknande, men heller syne til «ein kvar tid gjeldande» politikk, retningsline og rutine. Dette bl.a. for å gjer dokumentet meir lesevenleg og mindre knytt opp til einskilde avgjerd.

I den fylgjande vert det gjort greie for endringane i dei ulike kapittel, men med vekt på der det er gjort større og/eller prinsipielle endringar. Det vil her føre for langt å gjere greie for ei kvar endring.

- «A Prinsipp» er vidareført i sin heilskap.
- Kapittel «1 Lojalitet» er i all hovudsak vidareført i sin heilskap.
- I kapittel «2 Objektivitet» er det gjort nokre endringar.
 - o Det er sagt i litra a) at dei etiske prinsippa «skal» innarbeidast i samband med anbod.
 - o I litra b) har ein bl.a. teke bort krone-tak i høve gåver, og i staden erstatta dette med «gåver eller fordelar av mindre og/eller symbolsk verdi».
 - o Vidare er det gjort endringar i litra c) i høve deltaking på konferansar, seminar, reiser og bevertning. Her har arbeidsgruppa søkt å presisere ein hovudregel, men samstundes vere tydleg på unnataka.
 - o Litra c) har fått eit nytt innhald, der ein konkret syner til «Veileder om gaver i tjenesten» som rettesnor. Dette er teke inn for å signalisere viktigheita med å vere ryddig i slike saker, og til hjelp for kommunen og den einskilde.
 - o Ny litra d) har i all hovudsak same. innhald som tidlegare litra c).
- I kapittel «3 Redelegheit og ærligheit» er det gjort nokre endringar.
 - o I litra a) er det presisert at «[f]oklevalde og tilsette ikkje skal bruke kommunen sine maksinar [...]».
 - o I høve litra b) og c) er innhaldet i hovudsak det same som tidlegare.
 - o Det er teke inn eit nytt punkt, litra d). Dette for å presisere at kommunen sine immaterielle rettar/eigelutar ikkje skal krenkast eller utnyttast til skade for kommunen.
- I kapittel «4 Ansvarlegheit og respekt» er det gjort nokre endringar.
 - o Det er gjort språkleg endring i litra a).
 - o Innhaldet i litra b) er flytta til nytt kapittel 7. litra a). Dette for å gje ein betre samanheng, og tydeleggjere ansvar.
 - o Litra d) har ein endra ordlyd, jf. tidlegare litra e). Det er lite praktisk at etiske problemstillingar skal rettast til eit utval.
- Kapittel «5 Openheit» er i all hovudsak vidareført i sin heilskap.
- Nytt kapittel «6 Sosiale medium».
 - o Arbeidsgruppa såg tidleg at det var behov for retningsliner i høve bruken av sosiale medium. I den samanheng har ein valt å sjå til Ørsta kommune sine etiske retningsliner. Ordlyden er her langt på veg den same.


- Nytt kapittel «7 Oppsummering og sanksjonar».
 - o Arbeidsgruppa ynskja å presisere ansvaret den einskilde har i ulike roller, og kva sanksjonar som kan verte sett i verk. Her har arbeidsgruppa sett til Ørst kommune sine etiske retningslinjer.
- Ny del «B Vurderingsmodell – etikk og lov»
 - o Personal- og organisasjonsleiar fekk i oppdrag av arbeidsgruppa å sjå over gjeldande vurderingsmodell «B Køyrejos for handtering av etiske dilemma». Målet var å forenkle modellen, samstundes som han tek opp i seg det naudsynte vurderingstema som ein står føre ved etiske dilemma.

Arbeidsgruppa var òg samde om at dei etiske prinsippa skal evaluerast for kvar ny valperiode. Ansvaret for dette arbeidet bør ligge til gruppeleiarane.

Vurdering og konklusjon:

Nedanfor fylgjer arbeidsgruppa sitt forslag til nye etiske prinsipp;

«Ethiske prinsipp for politikarar og tilsette i Herøy kommune».



**ETISKE PRINSIPP
FOR POLITIKARAR OG TILSETTE
I HERØY KOMMUNE**

INNHALDSLISTE

A	Prinsipp	s. 3
	1. Lojalitet	s. 3
	2. Objektivitet	s. 3
	3. Redelegheit og ærligheit	s. 4
	4. Ansvarlegheit og respekt	s. 4
	5. Openheit	s. 4
	6. Sosiale medium	s. 5
	7. Oppsummering og sanksjonar	s. 5
B	Vurderingsmodell – etikk og lov	s. 7

A PRINSIPP

Herøy kommune legg stor vekt på å vere ærleg, ryddig og opn i all si verksemd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleve dette prinsippet. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til den enkelte medarbeidar sine etiske haldningar i si verksemd for kommunen.

Folkevalde og tilsette dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen, og skal derfor ta avstand frå og kjempe imot uetisk forvaltningspraksis.

Dette inneber krav til:

1. Lojalitet

- a. Tilsette skal i sitt virke for kommunen setje lojalitet til arbeidsgjevar føre lojalitet overfor einskildpersonar, parti, organisasjonar eller andre interesser.
- b. Arbeidstida skal berre nyttast i teneste for arbeidsgjevar. Tilsette skal innrette seg slik at ein er i stand til å fylle arbeidskontrakten med arbeidsgjevar på ein best mogleg måte.
- c. Overhalde lover, forskrifter, reglement og vedtak og ikkje prøve å omgå dei.
- d. Det vert vist til ein kvar tid gjeldande retningslinjer når det gjeld lojalitet og yringsfridom i høve tilsette.

2. Objektivitet

- a. Etiske prinsipp for forretningssamarbeid i høve kunde og leverandør skal innarbeidast i kravspesifikasjon ved anbudsutlysing og i kontrakt med leverandøren.
- b. Folkevalde og tilsette i Herøy kommune skal ikkje ta i mot gåver eller andre fordelar som gjev seg sjølv eller andre vinning, og/eller som kan vere eigna til å påverke den einskilde sine haldningar og/eller handlingar. Dette gjeld likevel ikkje gåver eller fordelar av mindre og/eller symbolsk verdi. Folkevalde og tilsette som kjem i ein situasjon der han/ho vert tilbydt gåver eller fordelar som er i strid med desse prinsippa, skal takke nei og informere om Herøy kommune sine etiske prinsipp.
- c. Folkevalde og tilsette skal berre ta del på konferansar, seminar, reiser og bevertning m.m. som vert dekt av Herøy kommune. Unnateke er vanleg og nøktern bevertning ved utøving av verv eller i teneste for Herøy kommune. Det same gjeld faglege konferansar der Herøy kommune dekkjer reise- og opphaldsutgifter.
- d. Herøy kommune nyttar Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar «Veileder om gaver i tjenesten» som rettesnor. Rettleiaren vert nytta so langt han høver innanfor kommunal sektor.
- e. Folkevalde og tilsette skal unngå å kome i situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser, slik at tilliten til at vi er upartiske kan verte svekka, jf. Forvaltingslova § 6.

Kravet til objektivitet kan også gjelde høve som ikkje formelt kjem inn under reglane for gildskap i lova. Døme på slike interessekonfliktar kan vere:

- o Forretningsmessige tilhøve til tidligare arbeidsgjevar eller kollegaer

- o Løna attåt arbeid som kan påverke arbeidet i kommunen
- o Engasjement i interesseorganisasjonar eller politisk verksemd som vedkjem sakar som den einskilde arbeider med i kommunen
- o Styreverv som kan kome i konflikt med arbeidet
- o Personlige økonomiske interesser som kan føre til at vi kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til verksemda i kommunen
- o Familiære og andre sosiale samanhengar

3. Redelegheit og ærlegheit

- a. Folkevalde og tilsette skal ikkje bruke kommunen sine maskinar, bilar og anna utstyr privat.
- b. Folkevalde og tilsette skal aldri nytte informasjon ein har fått kjennskap til i tenesta for å oppnå personlege fordelar, eller nytte denne for å skade andre. All informasjon som vert gitt i samband med verksemd for kommunen skal vere korrekt og påliteleg, og ikkje med vilje gjevast og/eller gjerast tvetydig.
- c. Folkevalde og tilsette skal avstå frå kjøp av seksuelle tenester i samband med reise eller oppdrag for kommunen.
- d. Folkevalde og tilsette skal ikkje bruke brevhovud, logoen til kommunen eller kommunal e-post i privat korrespondanse eller annan privat samanheng.

4. Ansvarlegheit og respekt

- a. Folkevalde og tilsette i Herøy kommune skal opptre i samsvar med kommunen sine verdiar, som kjem fram av til ein kvar tid gjeldande arbeidsgjevarpolitikk.
- b. Folkevalde og tilsette skal utvise måtehald med bruk av alkohol når ein representerer kommunen på tilstellingar m.v. der alkohol vert servert.
- c. Folkevalde og tilsette skal i sitt virke for kommunen søkje å ta miljømessige omsyn for å bidra til reduksjon av utslepp av klimagassar og forureining.
- d. Folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp på førehand med ordførar eller rådmann i høve ein er usikker på.

5. Openheit

- a. Folkevalde og tilsette skal opptre med openheit kring eiga rolle og verksemd for kommunen, og på eige initiativ gi opplysningar til overordna/overordna organ om private engasjement eller interesser (medlemskap i organisasjonar, styreverv, økonomiske interesser m.m.) Kommunen kan opprette register for slike opplysningar.
- b. Varsling om kritikkverdige forhold i høve desse prinsippa skal skje etter eigne rutinar for varsling.

6. Sosiale medium

Herøy kommune ynskjer aktive og engasjerte folkevalde og tilsette. Den som er aktiv i sosiale medium vil kunne vere ein god representant for kommunen.

Alle bør vere medvit om fylgjande:

- o Vi er open om kvar vi er tilsette
- o Skilje mellom rolla som privatperson og som representant for kommunen kan vere vanskeleg. Vi skal vere tydelege på om vi deltek som privatperson eller som representant for kommunen
- o Tilsette skal som hovudregel ikkje nytte sosiale medium som privatpersonar i arbeidstida
- o Vår bruk av sosiale medium skal ikkje svekke vår integritet som representant for kommunen
- o Vi skal nytte same normene for sosial omgang i den digitale verda som vi gjer i elles. Sosiale medium er ikkje ein fristad
- o Tilsette og folkevalde har yringsfridom, men teieplikta gjeld også i sosiale medium
- o Hugs at vi kan påverke kommunen sitt omdøme gjennom vår deltaking på sosiale medium
- o Vi omtalar kollegaer og tilsette positivt
- o Ikkje nytt bilete utan samtykke
- o Vurder nøye i kva grad ein skal nytte sosiale medium i samband med brukarkontakt
- o Tenk over kva ein skriv, legg ut og likar. Vi er personleg ansvarleg for det vi publiserer
- o Hugs at det som vert publisert på internett vert verande på internett. Vis aktsemd!

7. Oppsummering og sanksjonar

Vi som folkevalde og tilsette på alle nivå har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at framferda vår er i samsvar med kommunen sine etiske prinsipp og verdiar.

Herøy kommune sin visjon er: ***Ei båtlengd føre***

a. Folkevalde sitt ansvar

Folkevalde skal vere medvitne sitt arbeidsgjevaransvar og opptre profesjonelt som arbeidsgjevar. Kritikkk og attendemelding til administrasjonen skal rettast til rådmannen. Dei tilsette skal ikkje oppleve å verte omtala negativt i kommunestyret eller i media.

Dei etiske prinsippa skal gjennomgåast for kommunestyret i samband med politikaropplæringa etter kvart val.

Folkevalde skal vende seg til ordførar i tilfelle ein er i tvil.

b. Leiaransvar

Leiarane skal vere føredøme, og skal gjennom si åtfærd og leiing fremje gode etiske verdiar, i tråd med kommunen sine etiske prinsipp. På same måte har leiarar på alle nivå eit særskilt ansvar for å tydeleggjere dei etiske prinsippa, og leggje til rette for at desse vert praktisert.

Kommunen sine etiske prinsipp skal vere gjenstand for drøfting og diskusjon i kvar avdeling minst ein gong per år. Nye medarbeidarar skal gjerast kjend med dei etiske prinsippa ved tilsetting. Alle leiarar har ansvar for å melde brot med dei etiske prinsippa vidare i lina.

Leiarar skal vende seg til næraste leiar i tilfelle ein er i tvil.

c. Tilsette

Alle tilsette pliktar å gjere seg kjend med dei etiske prinsippa, og har eit personleg ansvar for å rette seg etter desse på best mogleg måte.

Tilsette skal vende seg til næraste leiar i tilfelle ein er i tvil.

d. Sanksjonar


Dei etiske prinsippa er forankra i politisk vedtak, ulike regelverk og retningslinjer. Brot på dei etiske prinsippa vil verte handsama som ei personalsak, med tilsvarande personalreaksjonar for tilsette. Ved misstanke om lovbrøt, som t.d. underslag og korrupsjon vil saka verte meld til politiet.

B VURDERINGSMODELL – ETIKK OG LOV

Ei handlinga kan vere lovleg, samstundes som handlinga er å rekne som uetisk. Motsett kan ei handling i teorien vere etisk innanfor, men likevel ulovleg. Det er med andre ord skilnad mellom lov og etikk. Det vil sei at lov og etikk ikkje alltid er samanfallande. Medan lov er vedteke av Stortinget og gjeld for alle i Noreg, kan etikk skilje seg i ulike miljø.

Av di etikk kan vere noko ulik, har Herøy kommune sett nokre prinsipp som skal gjelde for alle folkevalde og tilsette i vår organisasjon. Desse prinsippa er ikkje uttømande, men dreg opp nokre retningslinjer og gjev nokre dømer på kva som vert rekna som etisk og ikkje.

Som eit hjelpemiddel ved vurdering av det einskilde høve (handling/resultat) kan ein nytte følgjande modell:



Grønt lys: Høve (1) er både etisk forsvarlege og held seg innanfor gjeldande lovverk.

Gult lys: Høve (2) er lovleg, men har eit uetisk moment, t.d. ved at resultatet kan verte uetisk. Før ein kjem fram til ein endeleg konklusjon, må ein vurdere høvet (handling og resultat) konkret og heilskapleg.

Raudt lys: Høve (3) er både ulovlege etter gjeldande lovverk og uetisk. Høve (4) er etisk forsvarleg, men er ulovleg etter gjeldande lovverk.

Fosnavåg, 17.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth



Saksnr
2008/1013

Arkivkode
007

Gradering

Dato
21.01.2009

ETISKE PRINSIPP FOR HERØY KOMMUNE

A PRINSIPP

Herøy kommune legg stor vekt på å vere ærlege, ryddige og opne i all si verksemd. Både folkevalde og tilsette har ansvar for å etterleve dette prinsippet. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidler vert det stilt høge krav til den enkelte medarbeidar sine etiske haldningar i si verksemd for kommunen.

Folkevalde og tilsette dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen, og skal derfor ta avstand frå og kjempe imot uetisk forvaltningspraksis.

Dette inneber krav til:

1. Lojalitet

- a. Tilsette skal i sitt virke for kommunen setje lojalitet til arbeidsgjevar føre lojalitet overfor einskildpersonar, parti, organisasjonar eller andre interesser.
- b. Arbeidstida skal berre nyttast i teneste for arbeidsgjevar. Tilsette skal innrette seg slik at ein er i stand til å fylle arbeidskontrakten med arbeidsgjevar på ein best mogleg måte.
- c. Overhalde lover, forskrifter, reglement og vedtak og ikkje prøve å omgå dei.
- d. Det vert vist til retningsliner vedteke av kommunestyret i K-sak 10/2001 og punkt 5 b nedanfor når det gjeld lojalitet og yringsfridom i høve tilsette.

2. Objektivitet

- a. Ethiske prinsipp for forretningsmessig samarbeid i høve kunde og leverandør skal søkjast innarbeidd i kravspesifikasjon ved anbudsutlysing og i kontrakt med leverandøren.
- b. Folkevalde og tilsette i kommunen skal unngå personlege fordelar for seg sjølv el. på vegne av andre som står ein nær, som kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak. Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar (t.d. personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester) Gåver til ein verdi under kr 500,- (som t.d. konfekt, kake, blomster) eller middag i kurs-/møtesamanheng blir sett på som symbolsk og kan takast imot personleg eller til fellesskapet på arbeidsplassen. Gåver i strid med desse prinsippa skal det takkast nei til og returnerast saman med kopi av dei etiske prinsippa for Herøy kommune.
- c. Deltaking på konferansar, faglege samlingar m.v. skal dekkjast av kommunen. Arbeidsgjevar skal dekkje kostnader ved deltaking på konferansar, faglege samlingar m.v. i trygg visse om at arrangementa ikkje er delfinansierte av eksterne aktørar med kommersielle interesser, og i alle høve slik at Herøy kommune legg seg på KS sin praksis.
- d. Folkevalde og tilsette skal unngå å kome i situasjonar som kan medføre konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser. Dette kan også gjelde høve som ikkje kjem under habilitetsreglane i Forvaltningslova.

Døme på slike moglege interessekonflikter kan vere:

- Forretningsmessige forhold til tidligare arbeidsgjevar eller arbeidskolleger
- Løna bierverv som kan påverke vedkomande sitt arbeid i kommunen
- Personlige økonomiske interesser som kan føre til at ein som tilsett el. polititar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i forhold til kommunen si verksemd
- Familiære og andre nære sosiale relasjonar

3. Redelegheit og ærlegheit

- a. Ikkje privat bruk av kommunen sine maskinar, bilar og anna utstyr.
- b. Aldri nytte informasjon ein har fått kjennskap til i tenesta for å oppnå personlege fordelar, eller nytte denne for å skade andre. All informasjon som vert gitt i samband med verksemd for kommunen skal vere korrekt og påliteleg, og ikkje med vilje gjevast tvetydig.
- c. Avstå fra kjøp av seksuelle tenester i samband med reise/oppdrag for kommunen.


4. Ansvarlegheit og respekt

- a. Folkevalde og tilsette i Herøy kommune skal opptre i samsvar med kommunen sine verdier i arbeidsgjevarpolitikken (openheit, respekt, kvalitet, ansvar og likeverd)
- b. Folkevalde skal vere bevisst på arbeidsgjevaransvaret sitt og opptre profesjonelt som arbeidsgjevar. Kritik og attendemelding til administrasjonen skal rettast til rådmannen gjennom det formelle systemet for styringsdialog. Dei tilsette skal ikkje oppleve å verte omtala negativt frå kommunestyret sin talarstol eller i media.
- c. Folkevalde og tilsette skal utvise måtehald med bruk av alkohol når ein representerer kommunen på tilstelningar m.v. der alkohol vert servert.
- d. Folkevalde og tilsette skal i sitt virke for kommunen søkje å ta miljømessige omsyn for å bidra til reduksjon av utslepp av klimagassar og forureining.
- e. Folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for å ta opp på førehand og via overordna avklare med etisk utval forhold som ein er usikker på i høve desse etiske prinsippa.

5. Openheit

- a. Folkevalde og tilsette skal opptre med openheit omkring eiga rolle og verksemd for kommunen, og på eige initiativ gi opplysningar til overordna/overordna organ om private engasjement eller interesser (medlemskap i organisasjonar, styreverv, økonomiske interesser m.v.) Kommunen kan opprette register for slike opplysningar.
- b. Varsling om kritikkverdige forhold i høve desse prinsippa skal skje etter eigne rutiner for varsling vedtekne av kommunestyret i K-sak 89/08.

B KØYRELJOS FOR HANDTERINGA AV ETISKE DILEMMAER



-  Grønt ljøs: Dette er forhold som både er etisk forsvarlege og held seg innanfor etablerte lovreglar.
-  Gult ljøs: Problemstillingar som fell utanfor det lovregulerte, eller må vurderast fordi regelverket er så skjønnsmessig, må handterast gjennom diskusjon. Her kan omstende og forhold føre til at enkelte saker er klare og enkle å handtere (grøne), medan andre faktisk er ulovlege (raude) Det inneber at trening på felles forståing kan førebyggje feiltrinn og skape større sikkerheit for samfunnsansvarlege og etisk forsvarlege handlingar.
-  Raudt ljøs: Vert knytta til utfordringa vi står overfor til det lovregulerte i form av reglar eller rutiner (t.d. innkjøp), og vi finn at det er forhold som må unngåast fordi dei er klart ulovlege etter lovgjevinga, så lyser det raudt. Det er viktig å sjekke ut felles forståing, slik at feiltrinn kan førebyggjast før situasjonen oppstår slik at dei kan unngåast.

Med helsing

Rune Sjurgard



ØRSTA KOMMUNE

Ørsta – hjartet av Sunnmørsalpane

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde


Gjeld frå 3. september 2015



Innleiing

Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Ørsta kommune gjeld frå 3. september 2015. Retningslinene gjeld alle medarbeidarar i Ørsta kommune, dvs. folkevalde i alle kommunale verv og tilsette på alle nivå i kommunen.

Folkevalde og tilsette i Ørsta kommune skal opptre i samsvar med kommunen sine verdar i arbeidsgjevarpolitikken:



Ørsta kommune legg stor vekt på å vere påliteleg, open og ærleg i all si verksemd. Retningslinene skal fremje medvit kring etiske tema, og skal vere eit viktig verkemiddel til å styrke omdømmet til kommunen. Alle har eit ansvar for at omdømmet på best mogleg måte vert teke vare på, og at det vert skapt tillit mellom kommuneorganisasjonen, innbyggjarane, næringslivet og andre interessepartar.

I Ørsta kommune skal folkevalde og tilsette gi uttrykk for etiske haldningar og framferd ved å:

- bruke mynde med varsemd og forstand
- ha ei fri og uavhengig haldning i høve til område der ein har mynde
- ikkje blande eigne og offentlege interesser

1. Omsyn og respekt for innbyggjarane

Vi som tilsette og folkevalde skal vere medvitne om at vi forvaltar viktige samfunnsressursar, og at vi utgjer grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen. Vi skal difor ta aktiv avstand frå all uetisk forvaltningspraksis. Vi skal ta omsyn til innbyggjarane sine interesser, arbeide for likehandsaming og opptre med respekt.

2. Omsyn til kommunen sitt omdømme

Tilsette og folkevalde i Ørsta kommune vil gjennom tenesteyting og forvaltning eller anna kontakt med andre, verte oppfatta som representantar for verksemda og for kommunen som eit heile. Det siste gjeld i særleg grad når vi tek del i offisielle arrangement både lokalt og i større samanhengar.

Vi pliktar difor å utføre arbeid og opptre på ein måte som ikkje skadar kommunen sitt omdømme.

Folkevalde og tilsette skal utvise måtehald med bruk av alkohol når vi representerer kommunen.

Det er viktig å vise forståing og respekt for andre kulturar, trusretningar og politiske system.

3. Gildskap

Folkevalde og tilsette skal unngå å kome i situasjonar som kan føre til konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser, slik at tilliten til at vi er upartiske kan verte svekka. (Jfr. §6 i Forvaltningslova.)

Dette kan også gjelde tilhøve som ikkje formelt kjem inn under reglane for gildskap i lova. Døme på slike interessekonfliktar kan vere:

- Forretningsrelaterte tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller kollegaer

- Løna attåt arbeid som kan påverke arbeidet i kommunen
- Engasjement i interesseorganisasjonar eller politisk verksemd som vedkjem saker som den einskilde arbeider med i kommunen
- Styreverv som kan kome i konflikt med arbeidet
- Personlege økonomiske interesser som kan føre til at vi kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til verksemda i kommunen
- Familiære eller andre sosiale samanhengar

Dersom ein tilsett er usikker på om personlege interesser kan påverke avgjerda i ei sak han/ho har fagleg ansvar for eller tek del i handsaminga av, skal problemstillinga takast opp med overordna.

Vi har sjølve ansvar for å opplyse om mogleg ugildskap.

4. Teieplikt

I samsvar med Forvaltningslova § 13 a - f og eventuelle særlover har alle tilsette og folkevalde i Ørsta kommune teieplikt.

Utveksling av informasjon underlagt teieplikt på tvers i organisasjonen, skal berre finne stad når det er fagleg grunnlag for det.

Fortrulege opplysningar eller opplysningar som er underlagt teieplikt, må respekterast og ikkje brukast til personleg vinning eller i arbeid for andre.

Teieplikta gjeld også etter at vedkomande har avslutta arbeidstilhøvet eller vervet.

5. Konsulentverksemd

Det er ikkje høve for tilsette i kommunen å ta løna konsulentoppdrag for arbeid som er del av ordinær stilling. Det vil seie at i dei tilfella ein tilsett vert engasjert til løna konsulentoppdrag, foredrag eller liknande, skal vedkomande bruke avspasering eller ferie til å ta oppdraget.

Slike oppdrag må på førehand avklarast med næraste overordna. Dei same retningslinene gjeld ved oppdrag for eksterne arbeidsgjevarar.

Konsulentoppdrag eller arbeid utanom arbeidstid, som kan vere i konkurranse med eller oppfattast å vere uheldig i høve til kommunal stilling, skal avklarast med næraste overordna.

6. Gåver, tenester, rabattar o.l.

Folkevalde og tilsette i Ørsta kommune skal ikkje ta imot personleg påskjøning eller gåver som kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingane våre, saksførebuing eller vedtak.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av mindre verdi, så som reklamemateriell, blomar o.l. Gåver omfattar ikkje berre materielle ting, men også andre fordelar, t.d. personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.

Dersom vi som folkevalde eller tilsette får tilbod om gåver o.l. som er slik at dei går ut over det som er nemnt ovanfor, skal vi ta kontakt med vår næraste overordna (ordførar for folkevalde, næraste overordna for tilsette).

Slike gåver skal sendast attende til avsendaren saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar om gåver og påskjøning frå andre.

Tilsette og folkevalde skal ikkje akseptere fritidsreiser for seg eller familien sin som er betalt av private verksemdar, organisasjonar eller liknande som vedkomande har kontakt med på vegne av kommunen.

7. Bruk av kommunen sine ressursar og utstyr

Tilsette og folkevalde pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasjonelle måten og medverke til at vi unngår misbruk eller sløsing.

Bruk av kommunen sitt utstyr kan ikkje i nokon samanheng nyttast til privat inntektsgjevande verksemd.

Brevhovudet, logoen til kommunen eller kommunal e-post skal ikkje brukast i privat korrespondanse eller annan privat samanheng.

8. Lojalitet / ytringsfridom

Alle pliktar lojalt å halde dei lover, føreskrifter og reglement som gjeld for kommunen si verksemd, og å handle i samsvar med kommunen sine interesser. Det betyr også at vi skal vere lojale mot dei vedtaka som er fatta og mot pålegg som vert gjevne av overordna.

Lojalitetsplikt

Lojalitetsplikta inneber at vi som tilsette kan kome med synspunkt før ei avgjerd vert teken, slik at det framkjem eit mest mogleg fullstendig bilde gjennom saksførebuinga. Når vedtaket er fatta, skal avgjerda setjast i verk innanfor dei fastsette rammene, uavhengig av dei faglege og politiske meiningar ein måtte ha. Vi har ikkje plikt til å følgje pålegg om å gjere noko som er ulovleg eller uetisk.

Ytringsfridom

Det er viktig at vi som tilsette og folkevalde kan engasjere oss i ein open, fri og allsidig dialog om samfunnsspørsmål, men vi bør vurdere nøye om det er tenleg for oss sjølve og verksemda at vi uttalar oss offentleg i omstridde spørsmål eller i eigne auge uheldige tilhøve.

Lojalitet er ein grunnleggjande verdi, og tilsette kan i nokre situasjonar oppleve at det vert ein konflikt mellom ytringsfridom og lojalitetsplikt. Det er særleg aktuelt når det kan skade verksemda og kommunen sine interesser.

Det er likevel viktig å presisere at det ikkje er ulovleg å gjere dette innanfor dei rammene som lovbestemt teieplikt set.

Rapporteringsplikt

Tilsette og folkevalde har plikt til å melde frå til næraste overordna om tilhøve som vi vert kjende med, og som kan påføre verksemda, tilsette eller omgjevnadene tap eller skade. Dette slik at det kan setjast i verk tiltak med sikte på å unngå eller avgrense skaden eller tapet.

9. Sosiale medium

Ørsta kommune ynskjer aktive og engasjerte tilsette og folkevalde. Den som er aktiv i sosiale medium vil kunne vere ein god representant og ambassadør for kommunen.

Alle bør likevel vere medvitne om følgjande:

- Vi er opne om kvar vi er tilsette
- Grensa mellom privatperson og representant for kommunen kan vere vanskeleg å sjå. Vi skal vere tydelege på om vi deltek som privatpersonar eller som representantar for kommunen der dette er nødvendig
- Vi bør unngå å bruke sosiale medium som privatpersonar i arbeidstida
- Vi bør tenkje på at vår bruk av sosiale medium ikkje skal svekke vår integritet som yrkesutøvarar
- Sosiale medium vert av einskilde sett på som ein fristad frå vanlege reglar for språkbruk, høflegheit og andre normer for sosial omgang. Vi skal syte for at normene vi har for sosial omgang i det daglege, også vert brukt i den digitale verda
- Vi skal ikkje kommentere eller publisere informasjon vi har tileigna oss som tilsette. Tilsette og folkevalde har ytringsfridom, men teieplikta gjeld også i sosiale medium
- Vi påverkar kommunen sitt omdømme og omtalar difor andre einingar og tilsette positivt
- Ikkje bruke bilde utan samtykke
- Vurdere nøye om vi skal ha kontakt med elevar, pårørande eller brukarar i sosiale medium
- Tenkje over kva sider vi likar
- Vi har eit personleg ansvar for det vi publiserer. Vi må tenkje nøye gjennom om vi kan stå for det vi legg ut no og i framtida
- Hugs at internett er permanent. Vis aktsemd!

10. Oppfølging

Leiaransvar

Leiarane er føredøme og skal gjennom si åtferd og sin leiarstil fremje god etisk standard. Dei etiske retningslinene skal vere tema ein gong kvart år i alle einingar, og nye medarbeidarar skal gjerast kjende med retningslinene ved tilsetjing.

Alle leiarar har ansvar for å melde brot på retningslinene vidare i lineleiinga.

Tilsette sitt ansvar

Alle tilsette pliktar å gjere seg kjende med dei etiske retningslinene, og har eit personleg ansvar for å følgje desse på best mogleg måte.

Tilsette bør vende seg til næraste overordna i alle tvilstilfelle.

Folkevalde sitt ansvar

Dei etiske retningslinene skal gjennomgåast for kommunestyret i samband med politkaropplæringa etter kvart val.

Folkevalde bør vende seg til ordførar i alle tvilstilfelle.

Sanksjonar

Dei etiske retningslinene er forankra i ulike regelverk og retningsliner, og konsekvensane av brot på desse vil vere samanfallande med tilsvarande personalreaksjonar for tilsette.

11. Sluttord

Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å oppretthalde, vidareutvikle, tydeleggjere og skape aksept for etisk forsvarleg åtferd, og å leggje til rette for at dette vert praktisert.


Folkevalde skal vere medvitne på arbeidsgjevaransvaret sitt og opptre profesjonelt som arbeidsgjevar. Kritikkk og attendemelding til administrasjonen skal rettast til rådmannen. Dei tilsette skal ikkje oppleve å verte omtala negativt frå kommunestyret sin talarstol eller i media.

Vi som folkevalde og tilsette på alle nivå har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at framferda vår er i samsvar med kommunen sine verdiar og etiske retningsliner.

Visjonen vår er:

Saman mot nye høgder

Visjonen uttrykkjer vidsyn og målretta samarbeid om utvikling og dei gode løysingane.



Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde
i Ørsta kommune gjeld etter vedtak i
Ørsta kommunestyre 3. september 2015

Tåler gaven dagens lys?

Kommunesektoren er avhengig av innbyggernes tillit og det bør ikke være tvil om politikere og ansattes integritet. Den enkelte bør ikke motta gaver av mer enn ubetydelig verdi.

Publisert 28.05.2015

Ansatte og politikere i kommunene bør ikke motta gaver av mer enn ubetydelig verdi. Kommunene må ha et etisk regelverk som også omhandler gaver og sikre felles forståelse for regelverket.

Gavens verdi

Det er flere ting man må tenke på før man som ansatt tar i mot en gave:

1. Hva er gavens verdi?
2. Hvorfor får akkurat jeg denne gaven?
3. Vil jeg ha god samvittighet hvis jeg tar i mot?
4. Er det uproblematisk å fortelle min overordnede om gaven?
5. Er det ok om det står om gaven i avisa i morgen?

Gaver i anbudssituasjoner

I anbudssituasjoner er det larest å holde seg godt unna leverandørene som konkurrerer. Kommunen er avhengig av innbyggernes tillit til at avgjørelser i kommunen tas på et redelig grunnlag og ikke på grunnlag av kameraderi eller mulighet for personlig vinning.

Etikkutvalget om åpenhet rundt gaver

Kommunesektorens etikkutvalg oppfordrer folkevalgte i kommunene til å vise åpenhet - om verv, roller, bierverv, gaver og annet som kan stå i veien for at det fattes korrekte avgjørelser uten påvirkning av utenforliggende hensyn.

Kommunenes bestemmelser omkring gaver og utgiftsdekning må være kjent for folkevalgte og ansatte. Det anbefales også at det etableres oversikter over gaver eller andre fordeler som er mottatt eller gitt.

KS anbefaler alle kommuner og fylkeskommuner å ha etiske retningslinjer som også omhandler gaver.

Veileder om gaver

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har utgitt en veileder om gaver i tjenesten. Selv om den er rettet mot ansatte i staten kan den fungere som et nyttig hjelpemiddel også for kommunene.

Eksempel fra Sørums kommun

Tilsette og folkevalgte skal unngå personlige fordeler som kan påvirke ens integritet, eller som kan gi slikt inntrykk til skade for saksbehandling/vedtak, han/henne eller kommunen eller den funksjon/virksomhet som vedkommende tilhører. I tvilstilfeller og ved tilbud om gaver, herunder testamentariske gaver og /eller arv, skal tilsette ta kontakt med seksjonsleder eller rådmann. Folkevalgte henvender seg til ordføreren.

Eksempel fra Grimstad kommune

Folkevalgte og ansatte skal ikke utnytte sin stilling til å oppnå personlige fordeler eller gaver av en art som kan påvirke eller være egnet til å påvirke handlinger, saksforberedelser eller vedtak. Gaver av lav verdi, som blomster, vin, konfekt o.l. omfattes ikke av retningslinjene.

Eksempel fra Oslo kommune

Ansatte i Oslo kommune må for seg selv eller andre ikke motta gaver, provisjoner, tjenester eller andre ytelser i forbindelse med anskaffelser og kontraktsinn- gåelser, eller når ytelsen er egnet til eller av giveren er ment å påvirke vedkommendes tjenstlige handlinger. Dette omfatter også gunstige betingelser knyttet til reiser og opphold. Med mindre gaven er av ubetydelig verdi, plikter også ansatte i Oslo kommune å gi avkall på gaver og testamentariske gaver fra brukere av kommunens omsorgstjenester, selv om gaven ikke kan påvirke tjenesteytelsen.

Eksempel fra Lund kommune

Ansatte skal verken for seg selv eller på vegne av andre ta mot gaver, reiser, hotellopphold, bevertning, rabatter, lån eller andre ytelser eller fordeler som kan påvirke deres tjenestehandling, eller kan være egnet til å bli oppfattet slik. Mottatte gaver skal eventuelt returneres med en kort skriftlig redegjørelse for kommunens regler om dette.

Eksempel fra Bærum kommune

Kommunens medarbeidere skal ikke motta gaver som er av en slik art at de kan påvirke eller være egnet til å påvirke handlinger, saksforberedelse eller avgjørelser. Gaver av ubetydelig verdi så som blomster, konfekt og lignende anses ikke som slik påvirkning. Gaver omfatter ikke bare materielle gjenstander, men også andre fordeler eksempelvis personlige rabatter ved kjøp av varer og tjenester.

•



KOMMUNAL- OG
MODERNISERINGSDEPARTEMENTET

Veileder

Veileder om gaver i tjenesten



Innhold

Forord	3
1. Innledning	4
2. Det generelle utgangspunktet.....	6
2.1 Innledning	6
2.2 Tillit til forvaltningen	6
3. Relevant regelverk.....	6
3.1 Innledning	6
3.2 Forbud mot gaver	7
3.2.1 Tjenestemannsloven § 20.....	7
3.2.2 Straffeloven.....	7
3.3 Regler om habilitet	7
3.4 Etiske retningslinjer for statstjenesten.....	8
3.5 Skattemessige forhold	8
4. Sentrale momenter ved vurderingen av gaver og andre fordeler.....	9
4.1 Utgangspunkt.....	9
4.1.1 Ytterpunktene	9
4.1.2 Normer for hva som er akseptabelt endres over tid	9
4.1.3 Hvis du er i tvil – spør din arbeidsgiver.....	10
4.2 I hvilken egenskap mottar man gaven?.....	10
4.2.1 Mottar man gaven på egne vegne eller på vegne av virksomheten?	10
4.2.2 Hvilken stilling eller funksjon har den ansatte i virksomheten?	10
4.2.3 Runde år, jubiléer og lignende	11
4.2.4 Anerkjennelse for foredrag eller annen arbeidsprestasjon	11
4.3 Er det ønskelig å motta gaven – og i tilfelle hvorfor?.....	11
4.4 Hvem er giver?.....	12
4.5 Hva er giverens motivasjon?.....	12
4.6 Omstendighetene ved tilbud om gaver og andre fordeler	12
4.6.1 Hvilken grad av åpenhet er det rundt gaven?	12
4.6.2 Tradisjoner for å motta/utveksle gaver - kulturelle forskjeller.....	12
4.6.3 Hvordan bevisstgjør man egne ansatte?.....	13

5.	Spesielt om fysiske gaver eller ytelser med en pengeverdi	14
5.1	Utgangspunkt - Økonomisk verdi.....	14
5.2	Rene penger	15
5.3	Rabattkort/gavekort.....	15
5.4	Reklamelignende effekter	15
5.5	Oppmerksomhetsgaver	15
5.6	Premier og gevinster.....	15
6.	Spesielt om fordeler i form av tjenester, innbydelser mv.	16
6.1	Utgangspunkt – fordelen må ha saklig sammenheng med tjenesten	16
6.1.1	Er dette bevertning og arrangementer jeg kan si ja takk til?	16
6.1.2	Beverting - frokost, lunsj og middag	16
6.2	Reiser	17
6.3	Seminarer, kongresser og lignende arrangementer	17
6.4	Invitasjoner til kultur- og idrettsarrangementer	17
6.4.1	Er invitasjonen saklig begrunnet i stillingen?	17
6.4.2	Hvem inviterer og hvorfor?.....	18
6.4.3	Hvem blir invitert?	18
6.4.4	Den økonomisk verdien av billetter og bevertning mv.	18
6.4.5	Blir man invitert i privat eller offisiell sammenheng?	19
6.4.6	Invitasjoner som også omfatter ledsagere	19
6.5	Bruk av privat eiendom (fast eiendom, bil, båt, fly)	19
6.6	Andre tjenester eller fordeler	19
6.7	Utgiftsdekning	19
7.	Avslutningsvis – et spørsmål om tillit	20

Veileder om gaver i tjenesten

Forord

Fra høsten 2005 har departementet fremmet etiske retningslinjer for statstjenesten, karanteneregler for politikere, embets- og tjenestemenn, og retningslinjer for varsling i statstjenesten. Dette gjøres for å opprettholde befolkningens tillit til politikerne og statsforvaltningen. Alle skal kunne stole på at beslutninger treffes på riktig og saklig grunnlag.

Gjennom ”Veileder om gaver i tjenesten” tar departementet dette arbeidet et skritt videre. Dette er i tråd med tilsvarende satsninger i både privat og kommunal sektor. Vi har alle et ansvar for et ryddig forhold til de vi yter tjenester til, til våre leverandører og til de vi driver kontroll eller tilsyn med, eller behandler søknader for.

En åpen og gjennomsiktig forvaltning og et bevisst arbeidsmiljø bidrar til å motvirke uheldige holdninger og praksis på en arbeidsplass. Diskusjon og refleksjon om de etiske problemstillinger og dilemmaer vi møter i vår arbeidshverdag vil bidra til å høyne vår etiske bevissthet. Slik vil vi lettere gjenkjenne de situasjonene som er etisk utfordrende.

At vi etterlever vårt samlede etiske regelverk er helt avgjørende av hensyn til forvaltningens omdømme og den alminnelige tilliten i befolkningen.

Det er mitt håp at denne veilederen blir brukt aktivt og at den er til nytte i dette arbeidet.

Med hilsen

Statens personaldirektør

1. Innledning

I september 2005 ga det daværende Moderniseringsdepartementet ut "Ethiske retningslinjer for statstjenesten". I forordet til retningslinjene heter det:

Etisk kvalitet på tjenesteyting og myndighetsutøvelse er en forutsetning for at innbyggerne skal ha tillit til statstjenesten.

Befolkningen må ha tillit til at forvaltningen treffer sine avgjørelser uten å ta utenforliggende og usaklige hensyn. Det skal ikke være mulig å påvirke en avgjørelse gjennom å love eller å gi fordeler til embets- og tjenestemenn i forvaltningen.

Gaver eller andre goder som tilbys statsansatte kan være egnet til å svekke tilliten til deres uavhengighet, og kan lett skape inntrykk av at avgjørelser påvirkes av fordeler som statsansatte mottar.

Gaver eller annen oppmerksomhet kan være del av en bevisst relasjonsbygging fra giverens side. Det kan også bare være en høflig oppmerksomhet. Det vil ikke alltid være klart for den som mottar gaven om det ligger en dypere hensikt bak gaven eller oppmerksomheten. Enkelte ganger vil situasjonen også være slik at man ikke kan avslå uten at det vil virke uhøflig overfor giveren, for eksempel i forbindelse med et offisielt besøk i Norge eller i utlandet.

Formål

Hensikten med veilederen er å beskrive hvilken adferd som forventes og som kan aksepteres hos embets- og tjenestemenn i staten. Veilederen beskriver en del situasjoner og dilemmaer som man kan komme opp i, og gir noen kriterier for å vurdere hvordan man skal handle i en gitt situasjon. Vi gir ingen nærmere beskrivelse av hvilke tjenestemannsrettslige og strafferettslige reaksjoner som kan være aktuelle ved brudd på regler og retningslinjer, ut over det som er sagt i pkt. 3.

Vi lager ikke nye regler, men forsøker å sammenfatte gjeldende lover og etiske retningslinjer mv. på en oversiktlig måte. Eksemplene er på langt nær uttømmende, og synet på hva som er akseptabel adferd kan også endre seg over tid. Den enkelte virksomhet må selv vurdere om denne veilederen er tilstrekkelig, eller om den må suppleres med virksomhetsspesifikke eksempler eller konkrete forholdsregler. Vi oppfordrer til drøfting og bevisstgjøring av sentrale problemstillinger og dilemmaer.

Avgrensning

Rollene for henholdsvis politikere og embets- og tjenestemenn vil i en del sammenhenger være forskjellige. Embetsverket skal tjene skiftende regjeringer og opptre lojalt overfor statsråden, men skal samtidig opptre med nøytralitet og faglig uavhengighet i forhold til departementets politiske ledelse. Statsråden har en dobbelt rolle; dels som embetsmann og leder av sitt departement og dels som politiker med ansvar for å fremme sitt partis /regjeringens politikk. For å ivareta sin rolle som politiker og partiets og/eller regjeringens representant, vil

det derfor kunne være riktig for departementets politiske ledelse å opptre i andre situasjoner og sammenhenger enn det som er naturlig for embetsverket.

Når den politiske ledelse inviteres til for eksempel kultur- eller sportsarrangementer, vil det kunne være sikkerhetsmessige hensyn som må ivaretas. I så fall vil vedkommende være henvist til for eksempel et VIP-rom eller en annen avgrenset del av publikumsområdet.

På denne bakgrunn har vi funnet det naturlig å avgrense veilederen til å gjelde embets- og tjenestemenn og enhver som utfører tjeneste for virksomheten, for eksempel innleide konsulenter. For departementenes politiske ledelse vises det til "Håndbok for politisk ledelse", som utgis av Statsministerens kontor.

Gaver fra arbeidsgiver til egne ansatte er ikke omfattet av veilederen. Det samme gjelder private oppdrag mot vederlag (dvs. oppdrag som man påtar seg i tillegg til arbeidsforholdet i virksomheten) og gaver som gis til en statlig forvaltningsvirksomhet.

Veilederen gir ikke detaljerte regler. Et tilbud som kan være akseptabelt i én situasjon kan være uakseptabelt i en annen situasjon. Hvordan den ansatte bør opptre, må derfor avgjøres av den enkelte i den konkrete situasjonen og etter en helhetsvurdering. Det kan også være en god rutine å søke råd hos nærmeste overordnede eller kolleger.

Veilederen vil også kunne gi informasjon til næringslivet om hvilke normer, regler og retningslinjer for gaver i tjenesten som gjelder i statlig forvaltning.

2. Det generelle utgangspunktet

2.1 Innledning

En embets- eller tjenestemann skal som utgangspunkt ikke motta gaver eller andre fordeler fra innbyggerne i forbindelse med sitt arbeid. Embets- og tjenestemenn må derfor avslå gaver eller fordeler som har sammenheng med deres stilling i det offentlige. Regelverket, herunder de etiske retningslinjene for statstjenesten, gir et meget begrenset rom for å motta gaver overhodet. Eksempelene i det følgende peker på kriterier og standarder som kan gjøre det enklere å slå fast hvor grensene skal trekkes i praksis.

2.2 Tillit til forvaltningen

Innbyggernes tillit til forvaltningen er grunnleggende for at de skal respektere forvaltningens avgjørelser.

Det er ikke nok å gjøre riktige valg, våre omgivelser må også kunne se at vi gjør de riktige valgene.

Saklighet og likebehandling gjelder som generell norm innenfor statlig forvaltning. Ved å motta gaver fra eksterne kan det sås tvil om disse prinsippene blir etterlevd.

Integritet og upartiskhet er sentrale begreper innenfor etikken og dekker flere forhold, bl.a. at vi skal kunne motstå press til fordel for løsninger som bryter med etablert praksis, eller som for eksempel strider mot etiske retningslinjer eller god forvaltningsskikk.

3. Relevant regelverk

3.1 Innledning

Tjenestemannsloven § 20 setter et generelt forbud mot gaver som kan påvirke tjenestehandlinger eller som er ment å gjøre det. I tillegg kan arbeidsgiver ved instruks bestemme at ansatte i virksomheten ikke skal kunne ta imot gaver i noen form. En slik instruks vil bidra til å fjerne en del dilemmaer for de ansatte i virksomheten, men kan likevel fremstå som unødig streng og vil heller ikke avklare alle forhold. Den enkelte vil for eksempel fremdeles måtte vurdere om en lunsj eller middag i embets medfør ligger innenfor det akseptable.

En gave eller ytelse som ligger utenfor det akseptable vil ikke bare ramme den som er mottaker, også virksomhetens troverdighet og integritet kan bli trukket i tvil.

Veiledningen retter seg primært mot *mottak* av gaver eller andre fordeler i tjenesten, men embets- og tjenestemenn kan heller ikke *tilby* gaver eller andre ytelser for å oppnå en fordel uten å komme i konflikt med straffeloven § 276 a). Vi viser også til de etiske retningslinjene for statstjenesten, pkt. 4.6.

3.2 Forbud mot gaver

3.2.1 Tjenestemannsloven § 20

Tjenestemannsloven § 20 har følgende ordlyd:

Ingen embets- eller tjenestemann må for seg eller andre motta gave, provisjon, tjeneste eller annen ytelse som er egnet til, eller av giveren er ment, å påvirke hans tjenestlige handlinger, eller som det ved reglement er forbudt å motta.

Overtredelse kan medføre ordensstraff eller avskjed.

3.2.2 Straffeloven

Straffeloven § 276 bokstav a) gjelder korrupsjon både i privat og offentlig sektor, og lyder slik:

For korrupsjon straffes den som

a) for seg eller andre krever, mottar eller aksepterer et tilbud om en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag, eller

b) gir eller tilbyr noen en utilbørlig fordel i anledning av stilling, verv eller oppdrag.

Med stilling, verv eller oppdrag i første ledd menes også stilling, verv eller oppdrag i utlandet.

Straffen for korrupsjon er bøter eller fengsel i inntil 3 år. Medvirkning straffes på samme måte.

Et vilkår for straff etter § 276 a) er at den aktuelle fordel er ”utilbørlig”¹. Av forarbeidene til loven går det frem at det bør kreves et klart klanderverdig forhold for at noen skal kunne straffes for korrupsjon.

Gaver og annen oppmerksomhet kan rammes av tjenestemannsloven § 20, uavhengig av om tjenestemannen mener gaven eller oppmerksomheten ligger innenfor det som er akseptabelt å motta. Straffeloven § 276 a) krever forsett, og terskelen for straffbarhet er altså høyere enn for administrative reaksjoner etter tjenestemannsloven § 20.

3.3 Regler om habilitet

Habilitetsreglene for offentlige ansatte finner vi i forvaltningsloven kap. II, §§ 6 – 10. Reglene gjelder både for den som tilrettelegger for en avgjørelse og for den som skal treffe avgjørelse i en forvaltningssak. Bestemmelsene omfatter ikke bare formelle avgjørelser som enkeltvedtak og forskrifter m.m., men alle typer forvaltningsavgjørelser.

¹ Med ”utilbørlig fordel” menes at det må avgrenses mot mindre og bagatellmessige ytelser og påskjønnelser i form av oppmerksomhetsgaver; blomster eller konfekt m.m. Det må også foreligge et klart klanderverdig forhold for at bestemmelsen kommer til anvendelse, jf. NOU 2002:22 ”En alminnelig straffebestemmelse mot korrupsjon”.

Det er særlig slike forhold som er omtalt under § 6 andre ledd som kan skape tvil; ”.. når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.”

Mottak av gaver mv. fra en person eller virksomhet kan utgjøre et slikt “særegent forhold” som kan være egnet til å svekke tilliten til embets- eller tjenestemannens upartiskhet. I praksis vil denne problemstillingen være særlig aktuell overfor innkjøpere og andre som har tett kontakt med potensielle leverandører, og som i den forbindelse inviteres til kurs, seminarer mv., jf. forskrift om offentlige anskaffelser § 3-7, se også nærmere punkt 6. Aksept av gaver mv. vil kunne være egnet til å svekke den generelle tilliten til forvaltningen, selv om det ikke skulle medføre inhabilitet i det konkrete tilfellet.

3.4 Etiske retningslinjer for statstjenesten

I retningslinjenes pkt. 4.5 heter det:

Statsansatte skal ikke, verken for seg selv eller andre, ta imot – eller legge til rette for å motta – gaver, reiser, hotellopphold, bevertning, rabatter, lån eller andre ytelser eller fordeler som er egnet til, eller som av giveren er ment å påvirke deres tjenestehandlinger.

Statsansatte må ikke bruke sin stilling til å skaffe seg selv eller andre en uberettiget fordel. Dette gjelder også i tilfelle hvor disse fordelene ikke vil påvirke deres tjenestehandlinger.

Første ledd i dette punktet er nesten identisk med tjenestemannsloven § 20 første ledd, men gavebegrepet er utdypet. Andre ledd legger samme vurderingskriterium til grunn som den tidligere straffeloven § 112 – “*uberettiget fordel*.”, se fotnote 1.

I sammenheng med at virksomheten utvikler og følger opp egne etiske retningslinjer, bør man samtidig gå gjennom og vurdere:

- Virksomhetskultur og retningslinjer for ønsket adferd
- Spesielle gråsoner som bør unngås for å være på den sikre siden.

3.5 Skattemessige forhold

I utgangspunktet er gaver/naturalytelser ervervet i arbeidsforhold skattepliktig inntekt for mottakeren. Hva som ligger i at gaven skal anses å være mottatt i arbeidsforhold må tolkes vidt. Foruten gaver mottatt fra egen arbeidsgiver, vil gaver mottatt fra tredjeperson, på bakgrunn av mottakers stilling eller verv, omfattes av utgangspunktet om skatteplikt. Det finnes imidlertid enkelte særregler og unntak fra skatteplikt for ulike former for gaver og naturalytelser i arbeidsforhold. Spørsmålet om skatteplikt må derfor ofte måtte avgjøres ut fra en konkret vurdering i det enkelte tilfelle.

For nærmere omtale av skattemessig behandling av gaver i arbeidsforhold vises det til Skattedirektoratets håndbok Lignings-ABC, se <http://www.skatteetaten.no/no/Handboker/Lignings-ABC/Kapitler/G/?mainchapter=176913#x176913>

Det oppfordres til at man tar kontakt med det lokale skattekontoret, som vil kunne besvare spørsmål knyttet til skattereglene på dette området.

4. Sentrale momenter ved vurderingen av gaver og andre fordeler

4.1 Utgangspunkt

Om en gave er av en slik karakter at den ikke bør mottas, vil bero på en helhetsvurdering. Det kan derfor ikke settes opp en uttømmende liste over relevante momenter. Som et overordnet hensyn må ansatte i statlige virksomheter som forhandler om leveranser mv., utsteder bevillinger og tillatelser eller driver kontroll, revisjon og tilsyn være særlig kritiske til hvem de mottar gaver eller andre fordeler fra og hvilke arrangementer de deltar i.

4.1.1 Ytterpunktene

Uansett hva slags gave, oppmerksomhet eller fordel det er snakk om, er det hensiktsmessig å operere med tre kategorier. Disse tre kategoriene skal gjenspeile de vurderinger man må gjøre i forbindelse med at man blir tilbudt en gave eller fordel:

1. Gaver eller fordeler som uten videre kan mottas.
2. Gaver eller fordeler som ikke bør mottas uten etter en nærmere vurdering.
3. Gaver eller fordeler som ikke under noen omstendigheter skal mottas.

